

Lånte fjører eller bunad?

Om norsk skrivemåte av importord

Utgjeing for Kulturdepartementet og Norsk språkråd
August 1997

Innhald:

<i>Forord</i>	7
<i>0. Om bakgrunnen</i>	9
<i>1. «Unorsk og norsk – eller fremmedords avløsning» – om norvagisering og fornorsking</i>	12
1.1. Omgrepa	12
1.2. Kvar ligg farane?	15
1.3. Dei språklege problema	16
1.3.1. Det norske ortografiske mønsteret	17
a. Etymologi og ortofoni	17
b. Om <i>c, q, w, x, z</i>	19
c. Forkortingar	19
1.3.2. Fonologi	20
a. Kvantitet, trykk og tonem	20
b. Konsonantar	21
c. Vokalar	23
d. Distribusjon	25
e. Fonologiske vekslingar	27
1.3.3. Morfologi	27
1.3.4. Leksikalske omsyn	29
<i>2. Normeringshistorikk</i>	30
<i>3. Importomfanget</i>	37
3.1. Omfang	37
3.2. Importkanalar	39
3.3. Bruksområde og funksjon	39
3.4. Kva overlever og korleis?	41
3.5. Typar ord	42
3.6. Leksikalsk integrering	42
3.7. Stilistisk markering	44
<i>4. Fonologisk og ortografisk behandling</i>	45
4.1. Opptak av lån i talemålet	45
4.1.1. Om opptaksreglar	45
4.1.2. Geografisk oversyn – lån or engelsk	47
a. Lydane	47
b. I samansetningar	52
c. Kvantitet	53

4.1.3. Fasar i utviklinga	53
a. Tilpassingsfasar	53
b. Historiske fasar	55
4.2. Opptak av lån i skriftmålet	56
4.2.1. Om materialet	56
4.2.2. Skrivemåten i dei 60 undersøkte orda	57
a. I samsvar med rettskrivinga	57
b. Unormert kvantitet	58
c. Unormert vokalisme	59
d. Unormert konsonantisme	61
4.2.3. Kva styrer opptaket?	63
4.2.4. Dei ortografiske og morfologiske løysingane	65
4.2.5. Holdningar til lån	67
4.2.6. Prinsipp i redaksjonane	68
5. <i>Språkpolitiske syn på norvagisering</i>	71
5.1. Argument	71
5.1.0. Innfallsvinklar til språket	71
5.1.1. Kulturpolitiske argument	71
5.1.2. Det internasjonale argumentet	73
5.1.3. Det nordiske argumentet	75
5.1.4. Sociolingvistiske argument	76
5.1.5. Demokratiske argument	77
5.1.6. Pedagogiske argument	78
5.1.7. Strukturlingvistiske argument	80
5.1.8. Tradisjonsargumentet	81
5.1.9. Det kulturhistoriske argumentet	81
5.1.10. Fornorsking eller norvagisering?	83
5.1.11. Konsekvens	86
5.1.12. Skal Språkrådet gå føre?	86
5.1.13. Språkvanen	88
5.2. Den språkpolitiske debatten	89
6. <i>Praksis i andre språksamfunn</i>	93
6.1. Dansk	93
6.2. Svensk	93
6.3. Islandske	94
6.4. Færøyske	94
6.5. Tysk	95
6.6. Engelsk	95
6.7. Italisensk	96
6.8. Spansk	96

6.9. Fransk	96
6.10. Russisk	96
6.11. Polsk	97
6.12. Merknader	97
<i>7. Tilpassinga i rettskrivinga – drøfting og prinsipp</i>	98
7.0 Innleiing	98
7.1. Kan ein styre ordimporten?	98
7.2. Norsk eller utalandisk ordform?	98
7.3. Norvagisering eller fornorsking?	100
7.4. Kva ord bør norvagiserast – og kva ikkje?	102
7.5. Kva tid bør ein norvagisere?	106
7.6. Korleis skal ein norvagisere?	108
a. Kvantitet	109
b. Konsonantar	110
c. Vokalar	113
d. Morfologi	122
7.7. Valfridom?	122
7.8. Arbeidsmåten i Språkrådet	124
7.9. Tiltak for å fremme norvagiserte former	125
<i>Litteraturliste</i>	127
Vedlegg:	
1. Ortografi før 1862 - utvalde ord	130
2. Normeringar av importord 1966 - 1991	132
3. Norvagiseringar godkjende i 1996	138
4. Ord ikkje godkjende av departementet i 1996	140
5. Eksempel på innarbeidde ord som ikkje er norvagiserte i norma	141
6. Spørjeliste for talemålsgranskinga	142
7. Brev frå Kultur- og vitskapsdepartementet 5.9.84	153
8. Brev frå Norsk språkråd 27.2.85	155
9. Brev frå Kultur- og vitskapsdepartementet 22.7.85	159
10. Einar Lundeby: Prinsipper for behandling av fremmede ord. (Samandrag av foredrag. 1987)	160
11. Brev frå Kulturdepartementet 23.5.96	164

Forord

Skrivemåten av moderne importord er eit avgrensa emne, men det opnar for mange relevante innfallsvinklar. I eit svært tidsavgrensa utgreiingsoppdrag har det blitt tid til berre å gjere snarvisittar innom mange av emna som kunne fortene grundigare framstillingar. Ein oppdagar fort at mye må stå ugjort og bli verande ufullstendig. Men hovudmålet har vore at det skulle dragast inn så mange perspektiv og så mange innsikter at det er mogleg å komme fram til ein normeringspolitikk når det gjeld importord i norsk.

Eg har hatt glede av hjelp frå andre. Referansegruppa som Språkrådet sette ned, har vore viktig; medlemmene der har eg kunna ty til fleire gonger. Ellen Skolseg, som arbeidde som assistent, utførte eit heilt nødvendig granskingsoppdrag. Det bør dessutan framhevast at Anglisismeprojektet på Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo, alt har gjennomført mye nyttig forskning, som eg har henta ein del frukter frå.

Utanom desse vil eg takke Vagleik Leira og Johan Myking, som har lese igjennom og komme med nyttige merknader til manuset, dessutan Ernst Håkon Jahr og Oddvar Nes, som har gitt meg mange nyttige opplysningar.

Bergen 18.8.97

Helge Sandøy

0. Om bakgrunnen

Årsmøtet i Norsk språkråd i januar 1996 vedtok framlegg til ny skrivemåte på om lag 60 ord som norsk har lånt frå engelsk. Vedtaka blei oversende til Kulturdepartementet, men det ville førebels ikkje godkjenne alle dei nye skrivemåtane. I ein del av orda det var gjort framlegg om, kunne det reisast spørsmål om forholdet mellom skrift og uttale. «Vi kan [...] ikke se at det foreligger noen prinsipiell avklaring, og vi legger særlig vekt på at de aktuelle skrivemåtene ikke synes å være eksplisitt vurdert i forhold til retningslinjene fra rådsmøtet i 1987.» (Brev frå Kulturdepartementet til Språkrådet datert 23.5.96, jf. vedlegg 11.)

I dette brevet nemner departementet at det ønskjer å få ei fagleg utgreiing om norsk skrivemåte av innlånte ord, det som normeringsteknisk blei kalla *norvagisering*. Målet er at ei slik utgreiing skal «danne basis for en bred drøfting av mulige omforente retningslinjer for normering av fremmedord i norsk.»

Om innhaldet i utgreiinga seier departementet i same brevet at ho særleg skal drøfte

«forholdet mellom fonetisk og ortografisk struktur ved norvagisering av fremmedord. I den forbindelse må det også drøftes i hvilke sammenhenger det alt i alt vil være best å beholde fremmed skrivemåte.

Departementet ser det som ønskelig å utvikle et bredere faglig og språkpolitisk grunnlag for fremtidige normeringer. I den forbindelse ber vi om at utredningen også gir en mest mulig uttømmende analyse av andre relevante spørsmål knyttet til norvagisering av fremmedord, herunder hvilken vekt som bør tillegges hensynet til nordisk samordning i slike rettskrivningsspørsmål. Det bør særskilt drøftes hvilken reell betydning dette eventuelt har for den gjensidige språkforståelsen i Norden.

I debatten i forbindelse med vedtakene på Språkrådets møte i januar har det blant annet vært spørsmål om i hvilken utstrekning den offentlige normering skal være med på å styre språkutviklingen, eventuelt om den skal begrense seg til å være av mer registrerende art. Departementet er klar over at dette er et omfattende tema, men det er likevel grunnleggende, og vi forutsetter derfor at det gis nødvendig oppmerksomhet i utredningen.

Et spørsmål som må drøftes i forhold til norvagisering av engelske fremmedord, er betydningen av den økende kunnskap i engelsk språk som den norske befolkning etter hvert har ervervet seg, og i hvilken utstrekning det er hensiktsmessig at velkjente engelske ord har ulik skrivemåte i engelsk og norsk.»

Det er seinare nemnt frå departementet at det ønskjer at det blir teke utgangspunkt i retningslinjene Språkrådet sende over i 1987. Desse retningslinjene har form av eit samandrag Einar Lundeby laga av innleiinga si på årsmøtet i Norsk språkråd i 1987 (jf.

vedlegg 10). Kulturdepartementet gir i brevet sitt eit punktvis oversyn over dei viktigaste prinsippa (jf. elles vedlegg 11):

- «1. Det må først vurderes om det fremmede ordet kan få en norsk erstatning, eller om det bør godtas i sin fremmede form. Et norsk avløserord er å foretrekke så sant det kan finnes.
2. Når det dreier seg om navn på nye konkrete ting eller begreper som det ikke lykkes å finne noe norsk ord for, må det fremmede ordet godtas.
3. Særlig engelske ord har ofte en helt annen lydstruktur og et annet bøyningmønster enn det som er vanlig i norsk, og dersom den norske uttalen ikke har tilpasset seg det fremmede ordets skriftbilde, må det vurderes nærmere om ortografien skal fornorskes.
4. Tilpasning av ortografien bør ikke skje før ordet er kommet i temmelig utstrakt bruk i allmennspråket. Fornorskning bør i regelen ikke skje dersom ordet har sitt bruksområde avgrenset til et fagspråk.
5. Fornorskning bør som hovedregel ikke skje før ordet har fått en fast eller i alle fall dominerende uttale, slik at en vet hva stavemåten skal gjengi.»

Jamfør elles normeringshistorikken i kapittel 2.

Styret i Språkrådet gjekk inn for at Helge Sandøy skulle stå for utgreiingsarbeidet, og det oppnemnde ei referansegruppe samansett av Tor Guttu, Arnbjørg Hageberg, Lars Anders Kulbrandstad og Lars S. Vikør. Kulturdepartementet oppnemnde Ingvar Engen til å representere departementet.

Kulturdepartementet slutta seg i brev datert 17.12.96 i hovudsak til opplegget frå Språkrådet. I samsvar med referatet frå styremøtet i Språkrådet 19.12.96 er mandatet for utgreiingsarbeidet slik:

«Utgreiinga skal

- gjera greie for dei noverande prinsippa for skrivemåten av framandord, med hovudvekt på anglisismar
- drøfta eventuelle endringar i desse prinsippa
- i dette arbeidet vurderer prinsippa som vart stilte opp på årsmøtet i Norsk språkråd i 1987
- undersøkje forholdet mellom fonetisk og ortografisk struktur
- så utførleg som utgreiaren finn det aktuelt, greia ut den vidare behandlinga av dei orda og ordtypane som kjem inn under prinsippa
- presentera ulike faglege syn på norvagisering.»

Språkrådet engasjerte Ellen Skolseg til å samle inn og registrere talemåls- og skriftmålsmateriale til utgreiingsarbeidet. Dette materialet ligg til grunn for framstillinga i kapittel 4. Referansegruppa har hatt tre møte for å drøfte opplegget, utgreiinga og konklusjonane.

Utgreiinga har vore finansiert i hovudsak frå departementet, men Språkrådet har òg bore noko av utgiftene.

1. «Unorsk og norsk – eller fremmedords avløsning»


– om norvagisering og fornorsking

Knud Knudsen gav i 1881 ut ordboka *Unorsk og norsk – eller fremmedords avløsning*. Boka er på nesten 1000 sider og inneheld uendeleg mange framlegg til norske avløysarord for importord i språket vårt. Ingen nordmann har vel gjort meir skapande arbeid for å utvikle avløysarord på norsk. Men berre ei lita handfull av framlegga, kanskje under 10, kan seiast å ha fått gjennomslag.

1.1. Omgrepa

Innafor språkvitskapen har ein skilt mellom *fremmendord* og *lånord*, som samla kan kallast *importord* (Hansen & Lund 1994: 31f.)¹. Det som ikkje er importord, er *arveord*, dvs. ord som har levd i språket så langt tilbake vi kan rekonstruere tidlegare språkstadium. Skiljet mellom fremmendord og lånord går på om importordet har fått ei form som gjer det veltilpassa språkleg. Ser eit ord norsk ut, som f.eks. *plog* eller *kjeks*, er det eit lånord. Ein må ha fagkunnskapar for å avgjere om eller vete at slike ord er lånte. Fremmendorda er derimot ikkje heilt tilpassa norsk språkstruktur (ortografisk, lydleg, eller i bøyning), slik at dei framleis kjennest som fremmende.

Hansen & Lund (1994: 32) har illustrert denne inndelinga slik:



Grensa mellom lånord og fremmendord kan vere problematisk å setje nøyaktig på grunnlag av så enkle kriterium. Ein må i ein del tilfelle først bestemme om ein skal rekne eit nyare drag som del av norsk språkstruktur. For eksempel er førstestavingstrykk

¹ Termen *direkte lån* er òg blitt brukt (f.eks. i Leira 1992: 42) I denne utgreiinga blir termen *importord* brukt, og dette overomgrepet kan vere nyttig i dei mange tilfella ein ikkje treng å presisere om eit ord er eit fremmendord.

det tradisjonelle i norsk, og såleis må ordet *'demonstrere* med førstestavingstrykk reknast for å vere heilt tilpassa norsk lydstruktur og dermed som eit lånord. Ligg trykket på ei staving lenger ute i ordet, her tredjestavinga som i *demon'strere*, kan *språkhistorikaren* bruke det som indisium på at ordet er innlånt. Men for *den som beskriv samtidsspråket*, blir det eit definisjonsspørsmål om ein skal rekne denne trykkplasseringa som 'tilpassa norsk' eller ikkje; og denne *faglege* definisjonen vil avgjere om ordet er fremmendord eller lånord.


Det er neppe slik at denne trykkplasseringa gjer at språkbrukarane i dag opplever orda som fremmende. Desse orda er så mange og kvardagslege at det rimelegaste er å rekne dei som normalord i moderne norsk. Får vi eit nytt verb på *-ere* inn i norsk, har språkbrukaren òg ein intuisjon på kvar trykket skal liggje i ordet. Denne ordtypen er altså godt integrert i det norske språkssystemet. Den faglege konklusjonen blir da at det er i samsvar med moderne norsk språkstruktur om trykket er plassert andre stader enn på førstestavinga.

Utgangen på *-ere* vil truleg gjere ein del ord meir atkjennelege som ordgruppe, og med *litt* språkhistorisk orientering vil språkbrukarane kunne få «mistanke» om at ein her har å gjere med såkalla internasjonale importord. Men da gjeld interessa igjen historia, og ikkje samtidsspråket. Med enda fleire faglege kunnskapar kan ein òg få mistanke om at f.eks. ord på *p-* er importord.

Dermed ser vi at skiljet mellom lånord og fremmendord ikkje er heilt opplagt. Men det kan vere eit nyttig skilje. I denne utgreiinga skal vi nettopp drøfte korleis fremmendord kan gjerast til lånord. Dermed må grenselinjene diskuterasst nøyare, jf. under pkt. 1.3.

Denne måten å bruke termen *fremmendord* på skil seg noko frå den meir daglegdagse, ja, faktisk òg frå den måten termen blir brukt på i fremmendordbøker. Kanskje dei fleste av oppslagsorda i ei fremmendordbok har ein uttale som er heilt veltilpassa norsk, slik at det er kunnskapen om at dei er lånte, som gjer at dei får plass i ordbøkene – i tillegg til at dei er lite brukte i daglegtalen. Eit kriterium som 'lite kjent/ukjent' eller 'lite brukt' ville ikkje kunne fungere som kriterium aleine for fremmendord, for da måtte omgrepet også omfatte arveord. Ord som *oreigne* og *kage* er det mange nordmenn som ikkje kjenner eller forstår. Dei er arveord i språket vårt (*oreigne* er laga av arveorda *or* og *eigne*), men semantisk sett er dei 'fremmendord' for mange språkbrukarar. Kriterium som 'lite kjent' ville dessutan fokusere på den individuelle språkbrukaren. Eittersom vi ønskjer å sjå på språkstrukturen, er dermed dette eit lite fruktbart perspektiv.

I mange tilfelle kan nok dei fleste lett kjenne att visse ord som «fremmendord», f.eks. ved at dei har særdrag ein veit finst berre i slike ord, f.eks. sluttstavinga *-sjon*. Men for den innfallsvinkelen som er mest tenleg i denne utgreiinga, må vi halde oss til ein snevrare og klårare definisjon av *fremmendord*. For oss er det viktig å skilje mellom det som er strukturelt veltilpassa i moderne norsk lydverk, og det som ikkje er det. Dermed er ei oppstilling vi finn hos Rolf Theil Endresen (1987: 160) betre eigna, der han lèt *heimlege ord* vere nemninga for summen av arveord og lånord:




Fornorsking er å byte eit utalandsk ord ut med eit norsk. Den vanlegaste oppfatninga er at det da er tale om å finne eit norsk ord for det utalandske, f.eks. *kollisjonspute* for *airbag*. Her er det eigentleg tale om utbyting av ord for eitt og same omgrepet; vi set det språkleg veltilpassa *kollisjonspute* inn for det dårleg tilpassa *airbag* – uttalt som [’ɛəbæg].² Vi kallar *kollisjonspute* for eit *avløysarord*.

Å godta ordet ved å endre på forma for å tilpasse det norsk lydverk og ortografi kan vi også kalle fornorsking, dvs. at vi gjer eit fremmendord om til eit lånord. Når vi ønskjer å presisere dette meir avgrensa innhaldet, kan vi bruke termen *norvagisering*, som da vil gå på både fonetiske endringar, som i [Du:s] til [jʊ:s], og ortografiske endringar, som i *juice* til *jus*. Det er diskusjonen om desse to sidene ved norvagisering som er emnet for denne utgreiinga.

I dette arbeidet blir *norvagisering* brukt om den språkstrukturelle tilpassinga av fremmendord til lånord. Det blir viktig å halde frå kvarandre tilpassinga i talemålet og tilpassinga i skriftmålet: *truck* [trøk] er tilpassa i talemålet, men ikkje i skriftmålet; *taiming* [’tai:miŋ] er tilpassa i skriftmålet, men ikkje i talemålet så lenge det er uttalt med tonem 1; *konteinar* [kun’te:i:nar] er tilpassa i både skrift- og talemål.

Norvagiseringsprosessen kan illustrerast slik:



² Å bruke termen *fornorsking* på denne måten bryt med ein nynorsktradisjonen der ordet er brukt om å byte ut bokmålsord med nynorskord, jf. nemninga *fornorskingsordliste*. Denne bruken har vore styrt av kva nynorsknorma har godteke, ikkje av kva som er arveord. Når *beskrive* blei «fornorska» med *skildre* og *bevise* med *prove*, gjaldt det eigentleg å byte ut eitt lånord med eit anna, for både *skildre* og *prove* er lågtyske lånord, likeins som *beskrive* og *bevise*.

Dette vil òg seie at vi kan skilje mellom

1. *ortografiske* eller *skriftmålslege fremmendord* som *truck*, og
2. *fonologiske* eller *talemålslege fremmendord* som *taiming* [‘taimiŋ].³

Fornorsking skal vi altså bruke om utbytinga av utalandske ord eller termar. Vi skal med *norsk* sikte til ord og strukturar som vi reknar som del av det norske språket *i dag*, dvs. at det har inga historisk avgrensing. Ordet *kollisjonspute* er slik sett norsk, jamvel om begge ledda i ordet historisk sett er lånord i språket vårt.

1.2. Kvar ligg farane?

Går språket vårt under? Representerer anglisismane første fase i ein jamn endringsprosess der norsk språk blir til engelsk? Eller fortel dei om første stadium i ei utvikling der det seinare blir naturleg like godt å «hoppe» over til engelsk?

Nedafør skal vi avdramatisere noko denne faren, men det er rett å minne om at ca. 100 språk døyr årleg kringom i verda, slik at halvparten av språka i verda kjem til å forsvinne neste generasjonen. Faren for å bli dregen med i denne kulturtragedien er ikkje overhengande for dei skandinaviske språka, men perspektivet frå språkdauforskinga er viktig. Det er nok eit mønster at språk som har ein skriftkultur, står seg sterkare i kampen om å overleve. Men også skriftspråk har døydd ut. Det gjeld f.eks. lågtysk/nedertysk, og både kornisk og mansk var noko brukte som skriftmål før språksamfunna blei svært svekte og måtte bli bilingvale – og deretter heilt engelske. Verdssamfunnet og småsamfunna må ta stilling til spørsmålet om kulturell og språkleg variasjon. Dette økologiske medvettet ser vi aukar i dag.

Det er naturleg at språk låner frå andre språk. Historisk sett er alle språk blandingspråk. I norsk er vel 30 % av orda lånord, resten arveord (Askedal 1996: 82). Norsk har også vore igjennom ein intens språklåningsperiode før, som starta i seinmellomalderen og varte i alle fall til langt ut på 1700-talet. Da lånte vi inn tyske ord i ei slik mengd at «halve språket vårt» i dag er ord frå lågtysk, nederlandsk eller høgtysk. Ei setning som «Skredderen tenkte at trøya passet fortreffelig, men kunden klaget og mente at plagget var kort og tøyet simpelt og grovt» (jf. Hødnebø 1971: 41) inneheld 17 lånord og berre 3 arveord, nemleg *at*, *og* og *var*. I dag tenkjer dei færreste på at det er slik; setninga blir rekna som heilt ut norsk.

Språket vårt i dag er norsk for oss. Særpråksstatusen er ikkje blitt øydelagd, jamvel om ordforrådet er sterkt omlagt og også noko av språkstrukturen er blitt endra under dette bombardementet av lånord gjennom fleire hundreår. Særpråksstatusen er nok blitt tydelegare, for samtidig med at vi fekk lån frå tysk, har både norsk og tysk endra seg på andre punkt slik at avstanden er større i dag enn i seinmellomalderen, da nordmenn og

³ For heilskapen si skuld kan vi òg nemne det som blir kalla *tilbakeleveringsord*, dvs. ei gruppe nordiske ord som engelsk og fransk har lånt i mellomalderen, og som norsk no får tilbake med ny tyding. Slike ord er *skåre*, *rafte* og *bag* frå engelsk, og *ekvipering* frå fransk. På vegen tilbake må dei altså gjennom ei norvagisering!

nordtyskarar truleg kunne forstå kvarandre når dei la litt interesse og godvilje til. (Denne såkalla «semikommunikasjonen» kunne samanliknast med avstanden mellom norsk og dansk i dag.) Men har vi tapt noko likevel – sosial- og kulturhistorisk? Eller har vi vunne på det? Dette er spørsmål som vi kjem tilbake til i kapitla 5 og 7.

Den grunnleggjande synsmåten i denne utgreiinga fell saman med det ein finn i dette utdraget frå kulturmeldinga, St. meld. nr. 61 (1991-92):

«Alle språk er gjenstand for påvirkning og endring, uten at dette er en trussel i seg selv. For at et språk skal kunne brukes i alle sammenhenger, må det ha et ordforråd, en terminologi, som er dekkende. Det er derfor viktig å finne norske ord og uttrykk for nye begreper og fenomener som økende internasjonalisering og rask teknologisk utvikling fører med seg, eller alternativt gi ord og uttrykk som tas inn i norsk språk, en god norsk form.»

Her kan vi òg sitere Ivar Aasen frå *Norsk Grammatik* (1864: §150, Anm.):

«At holde Sproget aldeles reent for alle fremmede Ord vilde neppe nogensinde være muligt, og i Grunden kan dette heller ikke være saa ganske nødvendigt, naar kun de indførte Ord passe saavidt sammen med de hjemlige Former, at de ikke falde Folket besværlige eller forstyrre Begrebet om Sprogets Regler. Vi have flere fremmede Ord, end vi selv lægge Merke til, endog i vor simpleste Hverdagstale (f. Ex. Brev, Vers, Note, Non, Mil, Par, Pund, skriva, signa); men de hindre os ikke, fordi de ere lige saa lette og bekvemme som vore oprindelige gamle Ord.»

Språkstrukturelt er eit ord berre eit ord. Men språkbrukarane gjer ofte orda til noko meir. Somme ønskjer å brennemerke det lånte godset og dyrke arveorda. Andre liker å vise seg fram med lånte fjører. Men ikkje alltid er lån og arv avgjerande for verdien på kulturmarknaden. Dei norske bunadene er gamle etterlikningar av herskapelege utalandske klesmotar, men ved at dei fekk ei særprega form, kunne dei brukast som kjennemerke, og nordmenn har dyrka dei som del av identiteten sin. Med orda er det som med klesplagga. Ikkje alt som språkbrukaren opplever som god, rotekte og uttrykksfull norsk, vil komme godt ut av ein språkhistorisk «gentest». Språket som kulturelt objekt er det vi som skaper i vår eiga samtid.

1.3. Dei språkstrukturelle problema

Nedafor skal vi vise ein del av dei problema som ein må drøfte for å kunne avgjere om eit ord er tilpassa norsk eller ei. Eit slikt språkstrukturelt perspektiv er sjølve utgangspunktet for å kunne drøfte importord fagleg. Dette blir inga fullstendig oversikt, målet er å gi ein illustrasjon av og ei forståing for korleis ein skil mellom fremmendord og lånord. Resten av utgreiinga vil byggje på denne språklege forståinga.

Oddrun Grønvik (1991: 142) kategoriserer krava til at eit importord skal kunne reknast som «fullnorsk», slik:

- «- uttale (ingen framande fonem eller fonemkombinasjonar)
- rettskriving (ingen framande grafem eller grafemkombinasjonar)
- samsvar mellom uttale og skriftbilette
- bøyning – det må kunna plasserast i gruppe og gå som andre ord med same kjenneteikn»

Desse punkta vil gå att nedafor, berre i ei anna rekkjefølgje.

1.3.1. Det norske ortografiske mønsteret

a. Etymologi og ortofoni

Det ortografiske systemet som er blitt utvikla for norsk gjennom mange rettskrivingsendringar, er sterkt påverka av tankane åt dansken Rasmus Rask (1787-1832) om lydrett (= ortofon) stavemåte (Rask 1826). Men det er mange modifikasjonar av dette prinsippet; først og fremst blandar etymologien seg inn. Det kan grunnigvast med at etymologiske former fungerer betre som samleformer for dei ymsande dialektformene i norsk (som skiljet i skrift mellom *sann* og *sand*), og dessutan viser etymologiske former ofte betre den indre samanhengen mellom ordformene, f.eks. når ein skriv *g* i både *gi* og *gav*.

Lars S. Vikør (1997: 203) omtaler det ortografiske mønsteret som «dei fundamentale konvensjonane for overføring av språklydar til skrift, [...] som ligg under dei etablerte mønstra som ligg til grunn for dei gjeldande rettskrivingsformene,» og han kallar det *transkripsjonsprinsipp* (s. 204).

Den norske ortografien som er utvikla gjennom rettskrivingsendringar i snart 150 år, byggjer altså på tre hovudprinsipp:

- 1) systemlikskap mellom tale og skrift,
- 2) samform for skiftande dialektar,
- 3) markering av indre samheng mellom nærliggjande ordformer (= ‘det morfologiske prinsippet’).

Dette er grunnprinsipp for begge målformene våre.

Vi kan altså ikkje seie at norsk ortografi avspeglar norsk tale direkte, men det er derimot eit nokså godt samsvar mellom skrivemåte på eine sida og uttale på den andre sida. Samsvaret går ikkje berre frå tale til skrift, men òg frå skrift til tale. Dette skiljet mellom skriveprosess og leseprosess kan vere viktig for å forstå ymsande ortografiske prinsipp. Poenget kan illustrerast med fransk skriftmål, som har eit nokså fast regelsystem for korleis skriftbiletet skal lesast, slik at ein kan slutte frå skrift til tale. Men det er langt verre å slutte frå tale til skrift. Ein som vil skrive eit ord uttalt f.eks.

[lɛ] på fransk og ikkje alt kjenner den skrivemåten som skal brukast for den aktuelle tydinga, har minst 39 teoretisk moglege skrivemåtar å velje mellom, og alle er i samsvar med det franske ortografiske systemet – pga. fleire ulike måtar å skrive vokallyden [ɛ] på og pga. at så mange konsonantar og konsonantkombinasjonar til slutt i eit skrive ord ikkje blir uttalte.⁴ Men den som les, kan for kvar av dei 39 skrivemåtane slutte seg til at uttalen må vere [lɛ]. Dette viser at problema kan vere heilt ulike ved lesing og skriving.

I norsk har vi òg nokre samanfall som vi kan seie viser ein parallell: Både *nd* og *nn* kan uttalast likt i store delar av landet, og den som kjem frå eit slikt område, kan ikkje utan vidare vite sikkert korleis eit ord [san] skal skrivast. Men derimot kan han slutte seg til uttalen av skrivemåtane *sand* og *sann*. I andre delar av landet er det derimot fullt samsvar mellom skrivemåte og uttale av *nd* og *nn*, og det er ein av grunnane til at vi skil i skrift. Tilsvarande er det også med f.eks. *stj*, *skj* og *sj*, som i delar av landet får same uttalen, mens dialekten i andre landsdelar skil mellom to eller alle tre konsonantsambanda.

I fransk er det dei historiske skrivemåtane som har skapt den ortografiske situasjonen, i norsk er det altså i stor grad argumentet om at skriftmålet skal vere samlande for mange dialektar, som har gjort at vi held oppe skilnader i skriftbiletet som ikkje er uttalt i alt norsk talemål. Det ligg ein prinsipiell likskap med det franske eksempelet i dette, nemleg at skrive- og leseprosessen blir ulik, men den praktiske konsekvensen i norsk blir heilt annleis for samanfalla er relativt få.⁵ Norsk har såleis eit godt gjensidig samsvar mellom tale og skrift, og det er resultatet av målretta rettskrivingsendringar frå 1862, jf. kapittel 2. Målet har vore å skape ei rettskriving som er enkel å bruke for flest mogleg.

Derfor er det frå Språkrådet si side uttrykt eit ønske om at lånorda skal skrivast slik at dei føyer seg inn i det norske ortografiske mønsteret, f.eks. i innleiinga som formannen i fagnemnda, Dag Gundersen, heldt på årsmøtet i Norsk språkråd i januar 1996 (Gundersen 1996b). Formuleringa ‘det norske ortografiske mønsteret’ er abstrakt, men ho har skapt få problem i det praktiske normeringsarbeidet – fordi det er stor semje om dette mønsteret.

Stridsspørsmålet går meir på *om* ein skal skrive etter dette mønsteret, eller om ein skal halde på den utalandske skrivemåten. Er ein først blitt einig om å norvagisere f.eks.

⁴ Desse 16 ortografiske formene for [lɛ] er faktisk brukte i fransk: *lai, laid, lait, lais, laids, laits, laie, laies, lei, leie, lez, les, legs, lès, laye, layes*. Elles kunne desse òg ha funnest utan å bryte med systemet: *laiz, laix, laip, laips, laist, leid, leit, leiz, leis, leix, leip, leids, leits, leips, leist, leies, led, let, lex, lep, leds, lets, leps*.

⁵ Ved å kombinere samanfall på to stader i eit ord, slik vi gjorde i det franske eksempelet, kunne vi komme til at språkbrukarane i visse dialektområde har seks måtar å skrive eit tenkt ord på innafor det norske ortografiske mønsteret: Eit ord uttalt f.eks. [ʃɔɪɾ] kan i visse delar av landet teoretisk sett gjengivast som: *sjår, skjår, stjår, sjor, skjor* og *stjor*. I andre dialektområde kan samanfalla vere færre, og somstad ingen.

Fullstendig gjensidig samsvar mellom tale og skrift finst knapt nokon stad. Sjølv islandsk, som har eit svært regelrett ortografisk mønster, har systematiske samanfall i talen der skrifta skil mellom *i - y, í - ý* og *ei - ey*.

scoop, er alle samde om at skrivemåten må bli *skup*. (Dei få problema som finst kring bruken av dette mønsteret, skal vi komme tilbake til nedafor i pkt. 1.3.2. og 7.6.)

b. Om c, q, w, x, z

Desse konsonantane var emne alt for første norske rettskrivingsombota (i 1862), dvs. at dei blei bytte ut med «norske» tilsvar etter kvart som ein norvagiserte stavemåten. Dermed er desse fire bokstavane i alfabetet vårt i dag ei markering av at vi har med utalandske ord å gjere. Dei er ei ortografisk markering av statusen som fremmendord. Men ikkje alle orda skrivne med desse bokstavane kan reknast som fonologiske fremmendord. Det er ingenting i uttalen av ordet *cirka* som gjer dette ordet til eit fremmendord. Vi kunne godt ha rekna det som lånord – hadde det ikkje vore for skrivemåten.

Det kan nok hende at synsbilete med slike «fremmende» bokstavar vil auke i omfang att etter kvart som Noreg blir meir fleirkulturelt. Etter kvar er det fleire innbyggjarar som har namn med desse bokstavane (f.eks. *Chiang, Chishti, Querkinaj, Warmahaye, Xavier, Xu, Zabala*), og bokstavane blir stundom brukte i utalandske nemningar ein møter frå desse kulturane, f.eks. i religiøse termar (*machsor, muezzin*). Men dette er så klårt avgrensa semantiske område at dei ikkje treng verke forvirrande for mønsteret for norsk ortografi.

c. Forkortingar

Nokre utalandske ordforkortingar er tekne i bruk som ord, slike som PC og TV. I dei fleste dialektane har desse orda fått ein uttale som er heilt i samsvar med norsk ordstruktur: «teve, pese», men dei blir i mange dialektar ikkje bøygde som svake hankjønnsord, for *e*-en i andrestavinga er del av stammen: «teve-ar, pese-ar». Vi skriv orda med ei bokstavforkorting, og denne skrivemåten skaper avvikande eller spesielle skrivemåtar av bøyingsformene: *TV-en, PC-ar* eller *tv-en, pc-ar*. Dette er ein ortografisk praksis som vik av frå dei heilt veltilpassa orda. (I skrift møter ein òg stundom skrivemåtar som *tv'en/TV'en, tvar/TVar* osv., men dei er ikkje godtekne i norma.) Lydleg har slike forkortingar den fordel at ein lett uttaler dei med dei norske bokstavnamna, og såleis føyer dei seg fonologisk lett inn i norsk lydstruktur. (Eit unntak er *aids*, som til vanleg blir uttalt [eids].)

Spørsmålet om forkortingar går berre på skriftbiletet, og det vil ikkje bli drøfta meir i denne utgreiinga; det er nemnt her for oversynet sin del.

1.3.2. Fonologi

Dette punkt skal illustrere korleis spørsmålet om tilpassing til norsk lydstruktur (fonologi) kan drødfast og vurderast. I kapittel 7 finst ei grundigare drøfting av fleire problem.

a. Kvantitet, trykk og tonem

Kort trykksterk vokal krev konsonantgruppe eller dobbelkonsonant bak i norsk. Derfor er *bag* uttalt med kort vokal ein anomali. Ordet må ha to g-ar for å bli veltilpassa.⁶

Orda som skaper dette problemet, er engelske einstavingsord, som svært ofte har denne strukturen. I nokre tilfelle har ein i norsk sloppe unna problemet ved at ei engelsk (eller lågtysk) fleirtalsform er teken i bruk som stammeform, som f.eks. i *boms* (< *bums*), *drops* (men *eitt (fly)dropp*), *hands*, *kaps*, *kiks* (gjennom tysk, < *kicks*), *kjeks*, *kjoks*, *klips*, *koks*, (*stil*)*longs*, *odds*, *pens* (< *points*), *pins*, *props*, *pumps*, *rips* (= 'ribbe, ullty'), *scones*, *shorts*, *slacks*, *slings*, *slips*, *tanks*, *tips* og *triks*.⁷ I dei fleste tilfella har desse formene oppstått «spontant» – dvs. at formene var mye brukte før dei blei normerte slik. I tilfellet med *pins* derimot gjorde fagnemnda eit vedtak så tidleg at det kan ha innverka på kva ordform har vunne fram.⁸ (I svensk er fenomenet òg velkjent, og orda blir omtalte som «kepsbildningar», jf. Ljung 1988: 18, 66 og 68.)

Engelsk har lang vokal når det følgjer *r* etter vokalen i skriftbiletet, f.eks. *smart* [smɑ:t] og *flirt* [flɜ:t]. I ein del retroflekkerande norske dialektar, særleg dei søraustlandske, har desse importorda fått halde på lang vokal: [smɑ:t] og [vflø:tə], som da rimar på inkjekjønnsforma *rart* [rɑ:t] og preteritumsforma *førte* [vflø:tə]. Lang vokal kan ein møte også i f.eks. *art*, *part*, *sart*, *start*. Kva for nokre av desse orda som har lang vokal, skiftar frå språkbrukar til språkbrukar.

Men i store delar av landet følgjer importorda det tradisjonelle systemet som er slik at uttalen med lang vokal framom ei konsonantgruppe (og retrofleks *t*) er avhengig av at andrekonsonanten i konsonantgruppa er ein del av ei bøyingsending: Det heiter altså

⁶ Unntak frå dette prinsippet er berre nokre småord som aller oftast står trykklett: *nok*, *til*, *at*, *vil* osv.

⁷ Dialektalt (i f.eks. romsdalsk) finst også «huks» for *huk*. Som unormert ord finn ein mangstad òg f.eks. forma «japs» (Leira 1992: 53).

Det finst også ein del tostavingsord som har fått ein «fleirtals-s» i stammen: *ansjos*, *binders*, *bunkers*, *dias*, *old boys*, *kippers*, *leggings*, *nickers*, *parkas*, *pikkels*, *pitprops*, *puttis*, *pyjamas*, *sinders*, *turnips*, *østers*. I somme dialektar gjeld dette òg for «doris» (= *dory*) og for «potetes», som kom inn på 1700-talet. At vi har lånt ei fleirtalsform, gjeld òg dei italienske orda *kolli*, *lire*, *spagetti*, *lasagne* (Leira 1992: 53). I desse tilfella er ikkje det fonologiske resonnementet om kvantiteten relevant.

⁸ I mange av desse orda – både med ei og to stavingar – er det lett å tenkje seg at den engelske fleirtalsendinga har komme lett inn pga. at ordet blei brukt med eit kollektivt innhald, som f.eks. i *boms*, *drops*, *kippers*, *kjeks*, *kjoks*, *koks*, *pikkels*, *tips* og *turnips*. Referansen til to eller eit par – og dermed fleirtal – har kanskje avgjort formene i *nickers*, *pens*, *pumps*, *shorts* og *slacks*. Opptaket av slike lån kan så ha letta for eit meir generelt mønster som ser ut til å utvikle seg no, for det er ikkje naturleg å rekne med noko fleirtalsinnhald i f.eks. *bunkers*, *hands* eller *kiks*. Det nyare ordet *pins* har nok vakla litt i forma mellom «pinn» og «pins» i eintal, og det blei normert til denne forma med *-s* i 1992. Det engelske ordet *cap* vinglar i talemålet mellom éi form med og éi utan *-s*, jf. talemålsgranskinga i pkt. 4.1.2.

- | | |
|-----------------------------|--|
| | <i>scandale</i> > <i>skandale</i> , <i>script</i> > <i>skript</i> |
| • <i>c</i> [s] > <i>s</i> | <i>civil</i> > <i>sivil</i> , <i>service</i> > <i>sørvis</i> |
| • <i>ck</i> [k] > <i>kk</i> | <i>check</i> > <i>sjekk</i> , <i>kick</i> > <i>kikk</i> |
| • <i>q</i> > <i>k</i> | <i>liqueur</i> > <i>likør</i> , <i>qualificare</i> > <i>kvalifisere</i> ,
<i>squash</i> > <i>skvåsj</i> |
| • <i>x</i> > <i>ks</i> | <i>crucifix</i> > <i>krusifiks</i> , <i>fax</i> > <i>faks</i> |
| • <i>z</i> > <i>s</i> | <i>trapez</i> > <i>trapes</i> , <i>blitz</i> > <i>blits</i> , <i>zenith</i> > <i>senit</i> |

Desse prinsippa er så godt gjennomførte at vi kan seie at ord som framleis er skrivne med *c*, *q*, *x*, *z*, er ortografiske fremmendord.

Utalandske konsonantgrupper kan svare til éin lyd eller til konsonantgruppe i norsk. Svært vanlege er desse:

- | | |
|---|--|
| • <i>ch</i> , <i>sh</i> [ʃ] > <i>sj</i> [ʃ, sj] | <i>shawl</i> > <i>sjal</i> , <i>polish</i> > <i>polisj</i> , <i>squash</i> > <i>skvåsj</i> ,
<i>chocolade</i> > <i>sjokolade</i> , <i>chef</i> > <i>sjef</i> , <i>douche</i> > <i>dusj</i> ,
<i>ketchup</i> > <i>ketsjup</i> , <i>champagne</i> > <i>sjampanje</i> |
|---|--|

Desse samsvara ser også ut til å vere uproblematisk når ein først har bestemt seg for å norvagisere eit aktuelt ord.

I nokre tilfelle er dei norske løysingane ikkje like «automatiske»:

- | | |
|---------------------------------|-------------|
| • <i>ch</i> - [T] > <i>sj</i> - | <i>sjåk</i> |
|---------------------------------|-------------|

Fremst i ord kan den engelske T-uttalen av *ch* gi både *sj*- og *kj*-uttale i norsk. Dette ymsar noko i dialektane; i normeringa har ein brukt *kj*-løysing i *kjoks* av engelsk *chuck*, men elles halde seg mest til *sj*-løysingar. Begge er veltilpassa norsk ortografi og fonologi, slik at her er problemet å velje kva dialekt ein vil lage samsvar med.

- *k* og *g* framom *i*, *y*, *ei* og *øy*.

Det tradisjonelle ortografiske systemet i norsk føreset ein palatal uttale av *k* og *g* framom dei fire nemnde vokalaner: *kino*, *gyse*, *geit*, *gøy*. Vi har alt i fleire generasjonar hatt nokre unntak: *gitar*, *gitter*, *gir*, *gymnas*, men nokre av desse orda har fått palatal uttale i somme dialektar, som f.eks. [ˈjitar, ˈjymnas]. Skiftande uttale finn ein òg i andre ord som ikkje fell inn under denne regelen, som *gevær*, *gebiss* og *sketsj*, som kan bli uttalte som [jeˈvæ:r, jeˈbis, ʃets].¹⁰ Dette viser at norsk har hatt ein periode der talemålet har vakla i korleis orda er blitt tekne opp, med eller utan tradisjonell palatalisering. Fleire eksempel er *keisar*, *kippers*, *keitete*, *kynikar*, *gidde*, *gissel*, som mange nordmenn uttaler med såkalla hard konsonant, dvs. *k* og *g*. (Ordet *gissel* var importert alt i norrøn tid.) Desse orda kjennest neppe som fremmendord i dag, og vi må

¹⁰ Årsaka er at ein i eldre norsk måtte ha palatal uttale av *g* og *k* også framom *e*, *ø* og *æ*. Det har gjort at vi har fått dei engelske importorda *kjeks* og *gjeng* i samsvar med den eldre palataliseringsregelen, men «*kep*» (eng. *cape*) har derimot ikkje fått palatalisering.

seie at norsk fonologi ikkje lenger krev ein palatalisert uttale av *k* og *g* framom desse vokalane.

Eit uttrykk for at skriftbiletet held på og blir tvitydig, kan vi sjå av eksempelet *gøy* ovafor, for verbet har palatal førstekonsonant, adjektivet ikkje. Det same ser vi i normeringa av importordet *kei/kjei* (= ‘jente’, gjennom svensk frå romani, der ordet tyder ‘dotter’). I dette ordet, som altså skal ha palatal uttale, har Språkrådet valt å gi ein alternativ skrivemåte som bryt med det tradisjonelle rettskrivingsmønsteret vårt. I svensk er ordet skriva *tjej*, og den tilsvarande skrivemåten *tjei* i norsk kunne ha løyst problemet, ettersom den vanlegaste uttalen av *tj* fell saman med *kj*, som i *tjørn* og *tjøre*.

«Avpalataliseringa» har skapt eit teknisk problem i det ortografiske mønsteret vårt, for vi kan ikkje slutte frå skriftbiletet til uttale lenger. Nokon palatal uttale finst neppe i moderne lånord som *gir*, *gimmick*, *kidnappe*, og heller ikkje *ginseng*, *kibbutz*, *kilt*, *kypriot* og *kimono*, som refererer til utalandske fenomen. Desse orda er ikkje mange, og dei er kanskje heller ikkje så frekvente i språket. Men dei er mange nok til at ein ikkje kan seie at palatalisering av *g* og *k* er nokon regel i norsk i dag.

Dette gjer at norvagiseringa av *kicke* til *kikke* i 1996 ikkje kan seiast å føresetje eit uttale med *kj*-lyd (jf. «kikke på»). I uttalen har ein unngått samanfall med det tradisjonelle verbet *kik(k)e*, men ein står altså att med fleire eksempel på eit meir generelt ortografisk problem, som ikkje er emne for denne utgreiinga.

Ordet *kyberrom*, som er meint som fornorsking av *cyberspace*¹¹, må ein rekne med vil bli uttalt med *k*, og det har mønster i greske importord (jf. *kybernetikk*).

c. Vokalar

Nokre av vokalane er lite diskutabile når ein skal endre på skrivemåten – og her gjeld alle tilfella ord frå engelsk:

- *oo* > *u* [ʊ:] *scoop* > *skup*
- *ir*, *er* [ɜ:] > *ø* [ø] *flirte* > *flørte*, *service* > *sørvis*
- *ea* [ɛ] > *e* [e, ɛ] *heade* > *hedde*, *overhead* > *overhedd*

I desse tilfella har talemålet kringom i landet valt same løysinga. I første og tredje tilfellet er det tale om skrivemåtar som er fremmende for norsk, slik at det er naturleg at vi tek utgangspunkt i den engelske uttalen når vi overfører ordet til norsk. I tilfella med engelsk *ir* og *er* kunne ein òg ha tenkt seg at ein hadde følgd den engelske skrivemåten når ein uttalte på norsk. Det skjer ikkje ofte. I det heilt nye ordet *nerd*¹², finst både den bokstavrette uttalen [nɛrd] og den meir engelsk-liknande uttalen [nørd] (òg med retrofleks sluttkonsonant [nø:ɾ], som nærmar seg enda meir den engelske uttalen, samtidig som han i austnorsk svarer til tradisjonell uttale av *rd*). I det eldre lånordet

¹¹ I dette ordet har engelsk si form for palatalisering, dvs. *s*-uttale.

¹² Ordet har nok komme inn i ungdomsspråket nokså nyleg, kanskje formidla av TV-serien om Steve Urkel på TV-Norge. Tydinga av ordet på norsk kan vere farga av denne figuren.

konsern finst òg både *e-* og *ø-*uttale. Men det sterkaste mønsteret i norsk er nok å overføre *er* uttalt med [ɜ:] på engelsk til *ør* på norsk.

Tidlegare blei ord med den engelske *ai*-diftongen innlånte med norsk *ei*, som i *å teite* av *to tight* (kanskje gjennom sjømannsspråket). Det same ser ein i det engelske *skylight*, som er blitt til m.a. [ʃeɪːləɪt] i norsk. I dag ser det ut til å ha blitt vanleg å bruke diftongen *ai* på norsk, som i f.eks. *taits* av den same engelske stammen: *tights*. Vi kan stille opp det moderne prinsippet slik:

- *igh, i, ui* [ai:] > *ai* [ai:] *haike, fait, gaid, taime*

Dette avspeglar nok at *ai*-diftongen med kvart er blitt mye vanlegare i norsk, og i dag må *ai* reknast som normalnorsk diftong. I somme dialektar er denne diftongen heilt ny, slik at gamle ord som *mai* og *kai* blei og blir uttalte anten med *ei* eller med to stavingar (altså som *ma-i*¹³, *ka-i*¹⁴ – for å «sleppe unna» *ai*-diftongen). I andre dialektar kan *ai* ha nokså lang tradisjon i ei lita gruppe gamle «importnamn» som *mai* og *Nikolai*. Etter krigen har talet på ord med *ai* auka sterkt. (I dei dialektane som uttaler den tradisjonelle diftongen *ei* som *ai*, fell den nye diftongen sjølvstilt saman med den gamle.)

Dei to vanskelege punkta i norvagiseringa gjeld vokalane *a* og *u* når dei på engelsk er uttalte [æ] og [ʌ], dvs. som korte vokalar. Språkrådet foreslo i 1996 ein del ord skrivne med same vokalen som finst i det engelske skriftbiletet, dvs. løysingar som føresette bokstavrette uttalar:

- *a* [æ] > *a* [ɛ, æ, a] *fancy* > *fansy*, *campe* > *kampe*, *campus* > *kampus*,
caravan > *karavan*, *match* > *matsj*, *ranch* > *ransj*,
shabby > *sjabby*, *snackbar* > *snakkbarr*,
snacks > *snaks*, *taxi* > *taksi*
- *u* [ʌ] > *u* [ø, ʊ] *rush* > *rusj*

Kulturdepartementet ville ikkje godkjenne desse framlegga og viste til at det her ikkje fanst ein fast uttale, slik prinsippet frå Språkrådet i 1987 tilsa at det burde vere. Orda *pønk* og *pønkar/er*, som i 1987 blei normerte til skrivemåtar med *u*, blei no godtekne med *ø*. (Fagnemnda hadde gått inn for denne skrivemåten alt i 1992, og han var alt teken i bruk i 1993-utgåvene av *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*.)

Det har ikkje vore full konsekvens i normeringstradisjonen når det gjeld desse to ordtypane. Det ser vi både av dei to orda som blei normerte med *u* i 1987, men med *ø* i 1996. Frå før har vi det eldre *klubb*, og dei noko nyare *trøbbel* og *bløff*. Framlegga frå årsmøtet i 1996 var heller ikkje konsekvente seg imellom, altså *pønk*, men *rusj*. Nokre

¹³ Legg merke til at Margrethe Munthe lèt *mai* rime på *glad i!*

¹⁴ Orda *hai* og *kai* er lånte til norsk frå nederlandsk, der dei òg har to stavingar: *haai* og *kaai*. Ein kunne kanskje tenkje seg at det ville lette opptaket med tostavingsstruktur i norsk. Men *mai* kjem av latinsk *maius*, og kan ikkje forklarast slik.

ord med engelsk [æ] blei i 1938 og rett etter normerte med *e*: *metsj*, *penteri*, *pledd*. Den første ordforma har rettskrivinga seinare gått bort frå att. (Jamfør under 4.1. om dialektuttalane.)

Problema ein strir med her, er at stammevokalen blir fonemisert til ulike fonem i dei ymse norske dialektane når orda blir tilpassa norsk uttale. Ein stor del av landet lét vokalen [æ] i engelsk gå til det fonemet som reflekterer skrivemåten *e* i norsk (ev. svarer til refleksen av norrøn *e*). I mange dialektar har dette fonemet ein open uttale av kortallofonen: [ɛ, æ]. Dette gjer at uttalen av f.eks. *bag* i desse dialektane rimar på uttalen av arveordet *vegg*. Vedtaket frå 1938 om *metsj* må byggje på ei slik fonemisering.

I Oslo-området blir no fonemet /æ/ brukt i ord som *bag* [bæg]. Som kort vokal fanst denne lyden frå før berre framom *r*. Etter denne nyutviklinga rimar ikkje *vegg* og *bag* her.

For ordtypene med engelsk [æ] og [ʌ] er det altså ingen heilt opplagt rett måte å norvagisere på.

d. Distribusjon

Ein kan neppe seie at norsk språkstruktur er blitt vesentleg endra på grunn av utalandisk påverknad. Men nokre mindre drag er omlagde pga. importorda – som no må reknast som lånord. Fonologisk har vi, som nemnt ovafor, i nyare tid fått inn diftongen *ai*. Det same kan vi òg seie om *oi*, sjølv om han står berre i ei mindre gruppe ord. (*Ui* finst berre i *hui* og *huie*, men desse to orda gjer det neppe fruktbart å seie at diftongen er ein del av systemet.) Elles er det ikkje lett å påvise at talemålet har fått nye fonem.

Større er endringane i den fonologiske distribusjonen, dvs. i mønsteret for kvar lydane kan stå i ordet. Eit eksempel på det er det vi nemnde ovafor om at søraustlandsk i dag held på og får utvida distribusjonen av [æ] til ordtypen *bag* (jf. òg nedafor under pkt. 4.1.2. og 7.6.). Dette mønsteret ser no ut til å bli stabilt. Nedafor skal vi sjå på nokre andre distribusjonelle endringar i eldre og nyare norsk språkhistorie.

Ei av dei eldste endringane som skjedde i nordisk på grunn av lånord, var at fonemet *p* kom i bruk fremst i ord. Lydendringar i germansk hadde tidlegare endra opphavlege *p*-ar først i ord (jf. latinsk *pater* og norsk *far*), men når lånord som *plog*, *penn*, *papir*, *plage* og *pall* kom inn, fekk språket igjen lyden i denne posisjonen.

Tidleg i norrøn tid fekk vi òg inn ord med *b* etter vokal, som f.eks. i *bibel*. I nordisk var opphavlege *b*-ar i denne posisjonen blitt endra til *v*-ar (stemt bilabial frikativ [β]), jf. tysk *leben* og norsk *leve*.

I norrønt hadde ein ikkje kort *d* etter vokal, det var *ð* som fylte tilsvarende funksjon (dvs. som fungerte som arkifonem for *d* og *b* i denne posisjonen). I mellomnorsk fall *ð* ut i det meste av norsk talemål. Men etter kvart kom lånord til med plosiven *d* i denne posisjonen, f.eks. *nåde* frå lågtysk. (I norrønt heitte det tilsvarende ordet *náð*.) Slike lånord har det blitt nokså mange av, og i tillegg er det i ein del ord blitt nokså vanleg med ein leseuttale med *d* (dvs. der *d*-en i skrift reflekterer den norrøne *ð*-en), som f.eks.

i *fred*. Disse endringane gjer at nye ord med *d* etter vokal, f.eks. *node* (jf. *Internett-node*), må seiast å falle inn i moderne norsk lydstruktur.

Eit gammalt mønster i språket vårt var at vi ikkje kunne ha konsonanten *j* til slutt i eit ord. I austlandsk blei dette mønsteret endra da *g* blei til *j* etter *r* og tjukk *l*: *elg* > [æɾj]. Austlandsk kunne dermed få nye imperativformer som *følgj* og *tenkj* [føɾj, tɛɾɲɕ], der andre norske dialektar har *føl* og *tenk* som imperativ av verba *følgje* og *tenkje*.¹⁵

Denne historiske avgrensinga mot *j* i utlyd gjaldt òg for *sj*, jamfør at verbet *hesje* har hatt tilsvar i substantivet *hes*. Men her har mange dialektar fått samanfall i uttalen av opphavleg *sj* og opphavleg *rs* (og *ls*), i anten *ʂ* eller *ʃ*, jf. *tvers* og *hals*. Dermed blei *ʂ* mogleg i slutten av ord, og *hesj* uttalt [hɛʂ] var mogleg like godt som *tvers* [tvæʂ]. Såleis blir lydstrukturen i eit lånord som *hasj* også akseptabel i desse dialektane.

Vestnorsk og nordnorsk er det som lengst har halde på uassimilerte uttalar av *sj* – og dermed «hatt problem med» fremmende uttalar som *vinsj* (som er blitt til *vins*). Men der òg er i dag uttalen [ʃ] for *sj* på frammarsj, både i heimlege ord og importord. Etter kvart er orda med utgang på *sj* blitt svært mange i språket. Normerte ord av denne typen i norsk er *brotsj*, *dusj*, *fetisj*, *fromasj*, *gulasj*, *krasj*, *lunsj*, *marsj*, *pastisj*, *punsj*, *revansj*, *tusj*, *vinsj* o.fl.

Skriftmåla har eitt ord med *lj* utanom *belj*: *detalj*. Men det finst ikkje noko ord normert med *nj*. Derfor verkar nok ein ikkje uvanleg uttale som [la'sanj] noko fremmend i mange dialektar, og det kan vere mange som kjenner seg usikre på korleis eit slikt ord bør uttalast på norsk. Somme seier òg [la'sanje], slik det òg heiter i svensk og dansk. Den italienske uttalen er med *-e*, dvs. at nordmenn som seier [la'sanj], har teke i bruk ein «fransk» lese måte av ordet.

Norrønt hadde ikkje lang *v*. Men mange norske dialektar har *v* etter kort vokal, f.eks. ved at ord som *leve*, *never* eller *sau* blir uttalte som [leva, never, sæv]. Etter det ortografiske mønsteret for kvantitetsmarkering skulle slik uttale svare til skrivemåtar med *vv*. Importord som *show* kan dermed falle inn i eit gammalt mønster i slike dialektar. I andre dialektar representerer desse importorda ein ny distribusjonell struktur.

Men norsk ortografi har ikkje ord med skrivemåten *vv*. Det er eit problem ved ei ev. norvågisering av *show*, der *sjovv* med *vv* ville svare til den vanlegaste uttalen av ordet. Fagnemnda foreslo skrivemåte med enkel *v* i 1996, men det blei avvist av årsmøtet. Her er det faktisk det tradisjonelle ortografiske mønsteret for norsk som representerer største problemet.

Mange dialektar, særleg søraustlandske, har i arveord berre kort vokal framom *m*. I nyare lånord har derimot lang vokal komme inn i f.eks. *boom*, *zooome*, og dermed gitt eit

¹⁵ Dette eldste mønsteret er det som er bevart i dialektar som har imperativen *seg* til infinitiven *seia* (< *segja*).

Einaste arveordet med utlydande *j* er *belj* (til verbet *belje*). Det er ikkje belagt i norrønt, og Aasen (1873) fører opp berre *belji*, *belg* og *byl*, dvs. alle former som følgjer det gamle distribusjonelle mønsteret. Ross (1902) har *belj* frå Vestfold, der tjukk *l* + *j* er ein del av det distribusjonelle mønsteret.

nytt mønster. I ein del vestlandske og midlanske dialektar vil derimot denne strukturen ikkje vere ny, for han finst alt i ord som f.eks. *sumar*.

Etter ein slik gjennomgang av endringar bør det nemnast at hovudmønsteret også i distribusjonen er stor tilpassing. I dialektar med f.eks. tjukk l blir denne lyden ofte teken i bruk også i moderne importord. Slik finst f.eks. uttalen [ˈsʉpɾyˌbɔːt] for *supplybåt* (= *forsyningsbåt*), og i ordet *konklusjon* er tjukk l svært vanleg.¹⁶

e. Fonologiske vekslingar

Språket inneheld ein del lydskifte som i fonologien ofte blir beskrivne som fonologiske og morfofonologiske reglar. Her bruker importorda å tillempe seg desse reglane nokså snart. Eit relativt moderne ord som *truck*, blir f.eks. i dialektar med ein morfofonologisk palataliseringsregel bøygd heilt ut som eit arveord, slik at det i b.f. eintal får palatalisering. Det gir desse formene i mange dialektar: [trɔciŋ] i nemneform og [trɔca] i dativ.

Norske dialektar har ein regel om at verb og adjektiv med lang vokal + *t* i stammen får forkorta vokalen når endingar som begynner med *t* eller *d* blir lagde til, som i *møt+e* – *møt+te*. I mange dialektar gjeld dette også om vokalen er ein diftong: *blaut* – *blaut+t*. Slik er det obligatoriske systemet i nynorskrettskrivinga òg. I importordet *teit* skulle ein før ikkje føye til *-t* i inkjekjønn. I 1996 blei dette endra til valfritt *teitt* i inkjekjønn i nynorsk slik at adjektivet kunne bøyast i samsvar med det morfologiske systemet der: *eit teitt teaterstykke*.

1.3.3. Morfologi

I norsk er tradisjonen svært sterk for å bruke norsk bøyning på importord. Unntaka er mest lån or latin og gresk, og sjølv der er talemålet ofte «norskare» enn det normerte skriftmålet, som når ord av typen *museum* i dialektane blir bøygd på regelrett måte med *museumet* og *museuma* i bestemt form eintal og fleirtal.

Engelsk fleirtal på *-s* møter ein svært sjeldan i norske tekstar. Vi bøyer både *jobb* og *bag* med norske bøyingsendingar. Einaste orda som *skal* ha engelsk fleirtal i normert språk, er *fan*¹⁷, *slide*, *still* og i bokmål *mile*. Dei har desse bøyningane:

bokmål:	1: fan	-	fanen	-	fans	-	fanene
	mile	-	milen	-	miles	-	milene
	2: slide	-	sliden	-	slides	-	slidesene
	still	-	stillet	-	stills	-	stillsa/stillsene
nynorsk:	1: fan	-	fanen	-	fans	-	fanane
	2: slide	-	sliden	-	slides	-	slidesane

¹⁶ I ein austlandsk uttale som [vkoŋkrɥ,ʃɔn] er både trykkplassering, dei tre vokalane og konsonantane ŋ, ɾ og ʃ endra frå långivarspråket og tilpassa norsk.

¹⁷ Det kollektive ordet *fans* har berre eintalsbøyning: *fans* – *fansen*.

still - stillet - stills - stillsa

Dette blir ei svært spesiell bøyning ettersom endinga i bestemt form fleirtal kan delast i to: fleirtal *s* + bestemt form *ene*. Det har vi ikkje elles i moderne norsk.

Dessutan kan ordet *royalty* ha både norsk og engelsk fleirtal. Det kan heite både *royaltyar* (bm. *royalties*) og *royalties* i ubestemt form fleirtal. Ordet *facts* finst berre i ubestemt fleirtal i normert språk.

Nokre av dei norvagiserte maskulinorda som har fått utgang på *-s*, er ikkje er blitt heilt tilpassa tradisjonell norsk morfologi. Ord som *pins* kan nemleg mangle ending i ubestemt fleirtal, men dei kan også få ending. *Longs* skal vere utan ending i ubestemt form fleirtal. Dei har altså slik bøyning:

bokmål:	3: pins	- pinsen	- pins, pinser	- pinsene
	4: longs	- longsen	- longs	- longsene
nynorsk:	3: pins	- pinsen	- pins, pinsar	- pinsane
	4: longs	- longsen	- longs	- longsane

Slik er også bøyninga for *tanks*. *Kjeks* har maskulinbøyning i eintal og nøytrumsbøyning i fleirtal (som det tradisjonelle ordet *ting*), *drops* kan vere maskulint i eintal. Slik alternativ bøyning finst ikkje for *kjoks*, som altså er eit heilt regelrett maskulint ord. Vi ser at som gruppe er desse orda noko ueinsarta, og det kan avspegle at det har vore problem med å få dei heilt tilpassa tradisjonell bøyning ved normeringa. Somme dialektar lèt derimot både *kjeks* og *drops* gå som heilt normale maskuline ord, og her kan ein tenkje seg at dei heilt moderne låna som *pins* også lett vil følgje same mønsteret.

I 1984 blei det vedteke å ta ut endinga *-s* i fleirtals i *deadline*, *gag*, *gimmick*, *hit*, *pellet*, *slapstick* og *stand-in*. For *deadline* og *slapstick* blei det det vedteke at «ordet skal ikkje ha fleirtalsbøyning», dei nye *redline* og *blueline* fekk heller ikkje fleirtalsformer; hine orda fekk normal fleirtalsbøyning for hankjønnsord.

I talemålet går det uproblematisk å bøye ord som *jobb* og *bag*. Men i ortografien blir det problem med *bag*, slik at ein ser skriftformer som både *bagen*, *bag'en*, «*bag*»*en* og *bag-en*. Meir om dette i pkt. 4.2.2.

Ein del importord frå engelsk føyer seg inn i eldre mønster for franske/tyske importord ved at dei får avleiingssuffiks som *-ere* og *-abel* og trykk etter fransk/tysk mønster: *allokere*, *fisjonabel*. Her kan ein tale om *attkjenningsprinsippet*: Ein prøver å plassere mest mogleg av dei nye orda inn i det som alt er kjent. Det same ser vi òg i nokre eldre engelske importord som *daggert* og «*rekkert*»; dei har fått sistestavinga tolka som det mye brukte *ert*-suffikset i norsk. På engelsk har dei utgang på *-er* og *-et*: *dagger*, *racket*.

Med vedtaket om bøyninga av *gospel* i 1984 fekk ein stadfesta at den engelske trykklette stavinga *-el* skal ha synkope etter tradisjonelt norsk mønster slik det engelske *sykkel* i si tid fekk det:

gospel - gospelen - gosplar/-er - gosplane/-ene

Når ein lagar samansetningar med verb som førsteledd, bruker ein i norsk stammen av verbet + bindevokalen *-e-*: *bak-e-pulver*. Ved nye importord dukkar det stundom opp problem før orda går inn i mønsteret. Eit eksempel på det er ordet *dumpingvarer*, som etter norsk ordstruktur burde heite *dumpevarer*. Dette problemet kjem nok av at substantivet *dumping* kom inn før verbet *dumpe*. Det same gjeld nok for *brifingmøte*, *skanningmikroskop* og *bookingassistent*.

Engelske importord med romansk opphav følgjer det etablerte norske mønsteret for trykkplassering, dvs. på suffikset, som i *allokere* og *digital*. Dermed skjer opptaket «smertefritt.»

1.3.4. Leksikalske omsyn

Ein del importord frå engelsk har eller kan få gjennomslagskraftig ordoppbygging. Verbet *book* kan dra med seg assosiasjonen til ‘føre opp i bok’ dersom ein lét det få forma *boke* på norsk. (Svensk har gjennomført *boka*.) Ulempa med denne løysinga er at ho bryt med den uttalen som dominerer i dag, nemleg kort *o*, og det vil seie at om ein går inn for forma *boke*, satsar ein på at skriftbiletet med tida verkar inn på uttalen. Kulturdepartementet godtok derfor ikkje dette vedtaket i Språkrådet, og det refererte til retningslinjene frå 1987.

Orda *innsidar* og *utsidar* blei godkjende. Her er det sjølvstøtt føresett ein uttale med *i* i *-sidar*, og dermed blir orda fullstendig norske parallellar til dei engelske. Dei er samansette av to norske arveord. Dei kan da reknast som *avløysarord* og dermed falle under *fornorsking*. Somtid kallar ein òg slike tilfelle for tydingslån. I alle fall er ikkje dette typiske norvagiseringstilfelle, jamvel om dei blei behandla i gruppe med dei i Språkrådet i 1996.

Ettersom verbet *putte* er eit tidlegare godkjent og normert lånord i norsk, må vel *innputt* sjåast på på same måten, dvs. som *avløysarord* for *input*. Annleis er det med *overhedd* (også frå 1996), som har eit sisteledd som ikkje finst i norsk. Her er dette leddet bokstavert i samsvar med eit norsk ortografisk mønster. Førsteleddet held på den opphavlege skrivemåten sin, fordi det fell saman med det norske ordet *over*. (Om det ikkje var slik, måtte ein ha vurdert ein annan skrivemåte av førsteleddet, jf. *å* i *sjåk* av eng. *choke*.) Dermed blir *overhedd* ei blanding av eit tradisjonelt norsk ord som vi kjenner att i det engelske *over*, og eit norvagisert ledd *hedd* frå engelsk *head*. (Slike ord blir kalla *hybridord*.) Prinsippet som ligg til grunn, kan vi seie er at der vi kjenner att i norsk eitt eller fleire av ledda i det engelske ordet, gir vi det tradisjonell norsk form. Vi kunne tale om *attkjenningssprinsippet*. Og bruker vi det på heile ordet, blir konsekvensen eit *tydingslån* eller *avløysarord*.

Attkjenningssprinsippet står svært sterkt i den norske ordimporten. Sisteledda i f.eks. *rankingliste* og *grapefrukt* har vi gitt fullnorsk form, og ordet *astronaut* har fått norsk uttale, truleg fordi ledda *astro-* og *naut* var kjende frå før i norsk.

2. Normeringshistorikk

1862

Første offisielle endringane av fremmeldord skjedde 18.2.1862 ved departementsrundskrivet om å endre rettskrivinga på fem systematiske drag. Dette var første norske rettskrivingsendringa som gjorde at dansk-norsk skilde lag med dansk. Endringane var ikkje spesielt retta mot fremmeldord, men dei var eit vedtak om meir lydrett stavemåte generelt:

N1: fjerne stum *e*: *Philosophie* > *Filosofi*,

N2: byte ut *ph* med *f*: *Philosophie* > *Filosofi*

N3: byte ut *c*, *ch* og *q* med *k* der dei blir uttalte *k*: *Technique* > *Teknik*, *concis* > *koncis*, *qualificere* > *kvalificere*

Dei andre draga gjaldt skrivemåten av lang vokal og skrivemåten av diftongar.

Det var prinsippet om ortofoni som var mye diskutert i samtida, og vedtaket godkjende ideen om at det skal vere eit prinsipielt samsvar mellom lyd og bokstav.

Det var fleire i Noreg som alt hadde prøvd seg med å skrive importorda meir ortofont. For eksempel brukte Mauritz Hansen ein ortofon skrivemåte i femte utgåva av grammatikken sin i 1837. Året etter sende Kyrkjedepartementet ut rundskriv om at boka var forboden som lærebok.

Ivar Aasen var i grammatikken sin (1864: §150, Anm.) òg oppteken av om importorda var strukturelt tilpassa eller ei, men han engasjerte seg ikkje spesielt i korleis ein kunne tilpasse skrivemåten av dei moderne importorda. Han var nok meir oppteken av å unngå at dei fortrenge norske ord.

1869

Knud Knudsen arbeidde aktivt for 1862-reforma, og han ville gå enda lenger. Ortofoniprinsippet var oppe i språkdiskusjonen også i grannelanda, og det prega skandinavismøtet i Stockholm i 1869 der det blei laga framlegg om tilnærmingar mellom dansk og svensk rettskriving. Mellom dei endringane som dette møtet gjekk inn for, og som ville ha verknad først og fremst for importorda, var å byte ut *x* med *ks* og *th* med *t*. Dette blei gjennomført i dansk-norsk med rettskrivingsreglane åttå frå 1874.

Stockholm-møtet vedtok den prinsipielle retningslinja at «[s]om en for bægge sprog fælles beslutning blev vedtaget, at fremmede ord, som kunne anses for fuldt optagne i sproget, skrives efter dettes regler.» (Lyngby 1870: 64, her sitert etter Vinje 1996: 14.) Ein del delegatar var imot og ville at importorda skulle skrivast etter rettskrivinga i originalspråket slik at det skulle bli vanskelegare å ta dei opp i språket (Vinje 1996: 14).

1885

I 1885 vedtok Kyrkjedepartementet å godkjenne J. Aars: *Norske Rettskrivningsregler* til bruk i skolen. Dette var sjuande utgåva av boka, men med denne autorisasjonen fekk ho ny status. Dermed blei f.eks. ein del endringar Aars hadde begynt å ta inn alt i utgåva frå 1866, offisielt velsigna. Endringane blei ikkje innførte som konsekvent gjennomførte prinsipp, men vi kan likevel tolke inn desse retningsgivande prinsippa:

N4: $x > ks$ *exempel > eksempel*

N5: $z > s$ *bazar > basar, magazin > magasin, zirat > sirat, zone > sone*

N6: $ds > s$ *provinds > provins*

Aars innfører som hovudregel at vanleg kjende og brukte ord skal skrivast etter same mønster som norske. Problemet er tydeleg dei «nyare» importorda frå fransk, for dei skulle i stor grad skrivast som på opphavsmålet: *jaloux, chef, marche, present*.

1898

Særskild drøfting fekk skrivemåten av importord i rettskrivingsinnstillinga frå Aars, Hofgaard og Moe i 1898, der eit tilleggskapittel heiter «Skrivemåten av fremmede ord» (s. 139-146). Dei tek der utgangspunkt i problema barn har med å skrive desse orda:

«Disse vanskeligheter kan ikke helt hæves, hvis man ikke vil bestemme sig til at skrive alle fremmede ord som om de var norske, efter den uttale de har hos os, uten alt hensyn til deres skikkelse i det fremmede sprog. Altså som man gjør i italiensk, spansk, osv. Men et så radikalt skridt vil vi ikke foreslå.» (S. 139.)

Deretter (s. 140) deler dei importorda i tre grupper:

- 1) dei som «ikke godt kan undværes», og som ein bør tilpasse heilt til norsk,
- 2) dei som «godt kunde undværes. Dem kan man ikke ønske opptatt i vort sprog, og ved dem vil det snarest være en fordel at de beholder fremmet skrivemåte og således blir noget vanskeligere at bruke.»
- 3) Dei orda som hører til fagspråket og ikkje er i vanleg bruk. Dei bør ein «ikke være for snar til at oppta [...] med fuld borgerrett og norsk skrivemåte.» Det kan nemleg «vise sig at de ikke er så uundværlige som de mener, de som nu bruker dem». Deretter kjem ei mengd framlegg til endringar.

1907

Innstillinga frå 1898 er utgangspunktet for framlegget til ny rettskriving i 1907, og der blei skrivemåten i ein del enkeltord endra. Mange av endringane gjaldt *sj*-lyden:

N7:	<i>g, sch, ch, sh</i> [ʃ] > <i>sj</i> [ʃ]	<i>logis</i> > <i>losji</i> , <i>dusch</i> > <i>dusj</i> , <i>punch</i> > <i>punsj</i> , <i>shawl</i> > <i>sjal</i>
N8:	<i>on</i> > <i>ong</i>	<i>salon</i> > <i>salong</i> , <i>bullion</i> > <i>buljong</i>
N9:	<i>in</i> > <i>æng</i>	<i>bassin</i> > <i>bassæng</i>
N10:	<i>c, ç</i> [s] > <i>s</i>	<i>concert</i> > <i>konsert</i> , <i>exercis</i> > <i>eksersis</i> , <i>façade</i> > <i>fasade</i>

Men òg nokre andre omleggingar skjedde da, f.eks. *bureau* > *byraa*. Her innførte ein for første gong valfridom i slike ord, nemleg i *balkon/balkong* og *alliance/allianse*.

I Aars & Hofgaard (1907: 28f.) er importorda ordna i tre grupper:

- 1) dei «som skrives likefrem efter vor uttale av dem» (f.eks. *sjal*),
- 2) dei «som skrives halvt efter norsk uttale» (f.eks. *briljant*), og
- 3) dei «som har beholdt helt fremmed skrivemaate» (f.eks. *etage*).

Det er tydeleg at orda komme frå fransk representerer største problemet, og Aars & Hofgaard kommenterer det påfallande at somme ord får «tysk betegnelse av sj-lyden, uagtet de er av fransk oprindelse; f.eks. *brosche*, *depesche* o.fl.» (s. 28).

Endringar som forfattarane framhevar, er at ein no skal skrive *k*, og at «*Ph* for *f*, *th* for *t*, *w* for *v*, *x* for *ks*, og *z* for *s* brukes ikke mer» (s. 29).

Dei endringane som no er nemnde, gjaldt «dansk-norsken/det almindelige bogsprog». I landsmålet var ikkje importorda blitt spesielt behandla nokon gong, og det var no blitt ein del tilfeldige forskjellar i skrivemåten mellom dei to målformene. Ein departementsoppnemnd komité samansett av Hans Eitrem, Amund B. Larsen og Steinar Schjøtt fekk i oppdrag å drøfte ev. utjamningar mellom målformene. Den meiner i innstillinga si at ein må unngå slike forskjellar når uttalen er lik i begge målformene. Det har ein følgd i rettskrivingsreformene seinare.

1912

I 1912 kom den autoriserte ordlista åt Matias Skard i ei utgåve som var sterkt utvida, m.a. med mange importord skrivne etter norsk ortografisk mønster. Ein del av desse orda var ikkje norvagiserte enda i riksmålet, f.eks. *mansjett*, *nasjon*, *nøytral*, *sjef* og *sjokolade*.

1917

Ved dei store rettskrivingsendringane har ikkje importorda vore noko viktig tema, slik at dei får berre sparsam omtale, og endringane i dei har knapt vekt nokon strid. Innstillinga om 1917-reforma har på s. 73 ei lita spalte om «Nogen laaneord», som tek opp berre nokre gamle lån i språket med ulik form i landsmål og riksmål, f.eks. *plaafter* og

plaster. Det blir understreka at riksmålsforma «nationally sett er like god som landsmaalsformen», og landsmålet skal ta inn desse riksmålsformene.

Derimot kjem det meir om ny skrivemåte av importorda i boka *Den nye rettskrivning* frå 1918 (Dep 1918).¹⁸ Viktigaste endringane (jf. Dep 1918, side 24 i riksmålsdelen og side 15 i landsmålsdelen) var at fleire ord fekk bytt ut *c* med *s* i innlyd (som *aksept*), og

- N11: omlegging til suffikset *-sjon* for tidlegare *-tion*, *-sion*, *-ssion*, som i *nation*, *revision*, *discussion* (med nokre få unntak),
- N12: regulering av *e* - *æ* etter same prinsipp som for heimlege ord (Dep 1918: 5), dvs. at *æ* skulle skrivast berre når lyden var lang framom *r*: *portrett*, men *populær*,
- N13: dobbelskriving av konsonant blei også meir konsekvent gjennomført, f.eks. *artikkel*. Avleidde importord har konsonant som i grunnordet: *kapellan*.
- N14: *j*, *ch*, *sch* > *sj*: *drosje*, *sjakk*, *sjalusi*,
- N15: *oi* > *oa*: *toilett* > *toalett*,
- N16: *ch* blei regulert til *kj* og *skj* framom *e*: *kjemi*, *skjema*,
- N17: engelsk *aw* > *å*: *trawle* > *tråle*,
- N18: *ll* [lj] > *lj*: *guerilla* > *gerilja*.

Etter alle desse endringane var det no etablert ein nokså fast måte å norvagisere på frå latin, gresk, fransk og tysk. «For ord frå desse språka vart det no berre spørsmål om ein ønskte ein norsk skrivemåte eller ikkje.» (Grønvik 1980: 47.) Eit strukturdrag som enno ikkje er norvagisert i skrift i franske importord, er utgangen på [aŋ]: *restaurant* *møblement*, *raffinement* osv. Einaste norvagiserte formene av denne typen i norma er: *volang* og *presang*.

1938

I mandatet for rettskrivingsnemnda frå 1934 heiter det at «framandord må skrivast likt i bae måli». I rettskrivingsinnstillinga frå 1935 (*Tilråding* 35) er ei spalte s. 52 vigd til skrivemåten av «fremmedord». Der blir det understreka kor vanskeleg det er å finne beste skrivemåten, og at ein i slike ord ikkje kan gjennomføre verken den historiske eller den lydrette skrivemåten i alle orda. Det prinsipielle er uttrykt slik:

«Vanlige fremmedord bør en skrive lydrett så langt råd er. I mer sjeldsynte fremmedord, særlig i historiske, literære og tekniske ord, kan en derimot lettere la den gamle tradisjonelle (og oftest også internasjonale) skrivemåten stå ved lag.

Reglene bør av praktisk-pedagogiske grunner være så greie og lette å lære som mulig. Av det følger bl.a. at sideformer bare i nødsfall bør tillates. Like ens at fordelingen av to tegn for samme lyd såvidt mulig bør skje etter et fast

¹⁸ Av Anton Aures *Nynorsk boklista II* går det fram at den nynorske delen var utarbeidd av Olav Midttun.)

gjennomført prinsipp: av den grunn foreslår vi at en skal skrive *centimeter*, men *prosent* (d.v.s. *c* fremst i ordet, *s* inne i ordet).»

Deretter kjem ei lang rad framlegg om ny skrivemåte av enkeltord.

I *Tilleggstilråding* frå 1936 (KUD 1936) viser 34-komiteen til at

«[D]e fleste som har uttalt sig, krever at en skal gå enda lenger i lydrett skrivemåte – særlig når det gjelder *c* og *s*. Det er klart at dette vil være en lette for alle dem som ikke kjenner ordene fra fremmede språk.» (S. 11.)

Og deretter kjem ei tilleggsliste som omfattar først og fremst ord der *s*-en blir sett inn for *c*-en også i framlyd.

I sjølve vedtaket for 1938-rettskrivinga heiter det at

«[S]krivemåten av fremmedord er regulert mer i samsvar med uttalen. For sjeldnere fremmedord og tekniske fagord er likevel i regelen den tidligere skrivemåten fastholdt. I noen få tilfelle er dobbeltformer tillatt.» (S. 44.)

Deretter kjem ei nokså lang liste med ord som skal ha ny skrivemåte, ikkje alle er heilt norvagiserte. Under bokmålsseksjonen finn vi den lengste lista, truleg pga. at nynorsken alt hadde den norvagiserte skrivemåten frå før.

Ord som innstillinga frå 1935 nemner, men som ikkje kjem med i vedtaket, er: *insjenior, seleber, selle, sellulose, sjampanje, sjanger, sjenerell, sjeni, sjurnalist, sjåsé*.

1959

I *Framlegg til læreboknormal* frå 1957 er det ikkje noko eige avsnitt om importorda, men under ei liste over «einskildord med ulik form i dei to skriftmåla» står desse fem, som no skal ha felles eineform: *jon, lisens, marsjall, service, silhuett, vise-*. (I den endelege forma frå 1959 er det forma *ion* som blir innført.) Det kan her nemnast at bokmålet hadde før hatt valfritt *service - servise*. Under ei liste med «Ord med eller utan *e* i utlyd» s. 75f. går *gravyr* og *kamuflasje* inn som felles eineformer. I 1959 blei også *haik, handikap* og *vaier* norvagiserte. Dermed blei diftongen *ai* for første gong normert i norsk for engelsk [ai].

1984

Det nordiske språkmøtet på Røros i 1982 tok opp spørsmålet om ein felles skandinavisk stavemåte på engelske importord. På møtet i Marstrand året etter (13.-15.9.83) blei det semje om ei gruppe ord – for norsk 62 ord. Med nokre endringar blei desse orda vedtekne på årsmøtet i Språkrådet 27.-28.1.84. Kulturdepartementet, som fekk tilsendt framlegga, sende i brev datert 5.9.84 ein del av dei tilbake til Språkrådet og bad om ny behandling og at Språkrådet drøfta visse prinsipielle spørsmål kring normeringa av

fremmendord (jf. vedlegg 7). På årsmøtet 25.-26.1.85 tok Språkrådet opp att dei tilbakesende orda, og det vedtok å halde fast på vedtaket frå året før. I brev datert 27.2.85 svarte Språkrådet på dei prinsipielle spørsmåla frå departementet (jf. vedlegg 8). Departementet godkjende i brev datert 22.7.85 ein del av dei nye vedtaka, men avviste sju¹⁹ (jf. vedlegg 9).

Mange av endringane frå 1984-85 gjaldt tyske, italienske og franske lån, og endringane følgde prinsippa ovafor (jf. Grønvik 1991: 151f.). 8 av orda var komne frå engelsk.

Spørsmålet om prinsippbehandling tok departementet opp att i brevet frå 22.7.1985. Det gjorde at spørsmålet blei tema på årsmøtet i 1987. I same brevet frå Kulturdepartementet blir det uttalt:

«Det bør vises varsomhet ved norsk normering av spesialord som hovedsakelig brukes i begrensede faglige sammenhenger. [...] Ordet bør være i utstrakt skriftlig bruk før det får særskilt norsk normering.»

1987

På årsmøtet ått Språkrådet 22.-23.1.87 heldt Einar Lundeby ei innleiing om prinsipp for 'normering av fremmendord'. Det var allmenn tilslutning til foredraget, og leiaren i Språkrådet avslutta debatten med at «tankane Lundeby la fram i innleiinga si, bør drøftast vidare i fagnemnda, og det bør sendast eit brev til departementet.»

I eit brev til departementet 26.6.87 opplyste Språkrådet at styret og fagnemnda hadde drøfta spørsmålet om prinsipp, og at styret hadde bedt Lundeby lage «en oversikt på grunnlag av foredraget». Oversikta (eller samandraget) blei sendt departementet, jf. vedlegg 10. Det vil seie at det aldri blei gjort noko formelt vedtak i rådet, fagnemnda eller styret om formulerte prinsipp for fornorsking og norvagisering. Men både referatet og breva tyder på at semja var stor, og skrivet frå Kulturdepartementet 23.5.96 viser tilbake til desse drøftingane.

1996

Språkrådet drøfta ikkje prinsippasaka seinare før fagnemnda i 1993 begynte å førebu saka til årsmøtet i 1996. I fagnemnda blei ymse prinsipp diskuterte, men det var ikkje fleirtal for å formulere prinsippvedtak. Brevskiftet med departementet og saksarbeidet fram til 1987 blei heller ikkje drege inn, slik at det blei ikkje oppfatta verken i fagnemnda eller på årsmøtet i Språkrådet at det låg føre vedtekne og styrande retningslinjer. Fem av dei åtte fagnemndmedlemmene var komne inn i Språkrådet etter 1987. Som nemnt i kap. 0 vedtok Språkrådet i januar 1996 norvagisert skrivemåte i om lag 60 ord. Rådet avviste 5 av framlegga frå fagnemnda (*jåt, pøbb, pøkk, sjov, tim*).

¹⁹ Av desse sju orda var eller blei dei fleste godkjende i svensk (*kommandosoldat, sprej, fajt, kvilta, dykdalb*) og to i dansk (*kommandoraid, kvilte*).

Da vedtaka i Språkrådet blei oversende Kulturdepartementet, såg departementet det slik at «retningslinjene fra 1987 [...] utgjør [...] et naturlig utgangspunkt for departementets vurdering» (jf. brev frå Kulturdepartementet 23.5.96). Med å vise til prinsippet om at «[o]rdet bør ha fått en fast eller iallfall dominerende uttale», kunne departementet førebels ikkje ta stilling til vedtaka om ny skrivemåte av ord «der bokstaven *a* i engelsk uttales tilnærmet norsk /æ/». I tillegg nemner det også framlegga om ny skrivemåte av *booke*, *rush*, *spray*, *display* og *pace*. Det var i alt 15 ord, jf. vedlegg 4. Departementet godkjende 32 norvagiserte ord. Desse kom i tillegg til ordvedtaka som ikkje trong godkjenning i departementet, og dermed omfatta norvagiseringa i 1996 49 ord, jf. vedlegg 3.

I arbeidet i fagnemnda har somme lagt vekt på at ein ny skrivemåte kunne vere med og påverke den framtidige uttalen av dei aktuelle orda, og at det var både ønskjeleg og truleg at ein bokstavrett uttale etter Språkråds-vedtaka ville sigre. Synsmåten var her altså ein annan enn den Lundeby formulerte i 1987. Derfor skriv også departementet at «[v]i kan imidlertid ikke se at det foreligger noen prinsipiell avklaring, og vi legger særlig vekt på at de aktuelle skrivemåtene ikke synes å være eksplisitt vurdert i forhold til retningslinjene fra rådsmøtet i 1987.» Det skriv ein annan stad i brevet: «Før man går videre med tilsvarende normeringer finner departementet at det er behov for en nærmere vurdering knyttet til hovedregelen om at fornorskning ikke bør skje før ordet har fått en fast eller dominerende uttale.»

I ord-vedtaka frå 1996 blei det sett opp valfridom mellom norvagisert og engelsk skrivemåte unnateke i seks ord. Departementet seier at det ser valfridommen «som en hensiktsmessig ordning og finner det i så måte vanskelig å gjøre unntak».

3. Importomfanget

3.1. Omfang

Omfanget av importord er stort. Men å gi ein nøyaktig prosentdel på det, er umogleg, noko pga. at det stundom er vanskeleg å avgjere etymologien, men meir pga. at det er uråd å avgjere kor stort ordforrådet i språket er. Det er blitt hevda at importorda utgjer vel 30-40 % av dei norske orda. Det er i alle fall ein peikepinn. Gustav Indrebø rekna i 1932 ut at i første heftet av *Norsk riksmålsordbok* var 40 % av oppslagsorda importord, og dei lågtyske og nederlandske utgjord 30 av desse prosentane (Indrebø 1932: 32f.). D. A. Seip skal ha rekna seg til at 40 % av orda i daglegtalet er frå lågtysk (Venås 1985: 33).

Når det gjeld dei moderne lånorda, kjem ein i eit enda større problem når ein skal telje, for det er uklart når ein skal seie at eit ord er blitt ein del av norsk språk. Når vi brukar utalandske ord, er det stundom for å få med ein assosiasjon til det utalandske, og da nærmar ein seg den funksjonen sitat har. Engelsk er i dag det språket mange meistrar som eit andrespråk, og derfor er det svært mange situasjonar der språkbrukarane finn det naturleg i å kople inn ord ifrå det språket. Men det er ikkje utan vidare det same som at orda er rekna som ein del av norsk språk, for brukarane kan ha ei kjensle av at dei bruker utalandske ord. Formålet kan nettopp vere å få fram det utalandske ved ordet. Her er grensene vanskelege, og det gjer at ei mekanistisk ordteljing ikkje gir heilt rette beskrivinga av situasjonen.

Norsk fekk ein del ord frå engelsk alt før hundreårsskiftet. Men det er særleg etter krigen at engelsk har fått ein fullstendig dominerande posisjon som långivarspråk. I *Nyord i norsk 1945-1975* fortel Vigleik Leira at «det truleg ikkje [er] for høgt rekna at 80-90 prosent av alle nyord med utanlandsk opphav kjem frå engelsk på ein eller annan måte» (Leira 1982: 15). Tek vi den gruppa importord som ofte valdar problem for ortografien fordi dei kjem i utalandsk form, dei Leira kallar 'direkte lån', utgjer dei engelske i denne boka 589, alle dei frå andre andre språk berre 162, dvs. at dei engelske utgjer 78 %.

Dei orda i f.eks. *Nynorskordboka* som har engelsk opphav, utgjer 1384 (jf. Venås 1985: 38). Av dei 90 000 oppslagsorda blir dette 1,6 %, dvs. at dei ikkje utgjer nokon stor del av dei samla importorda i språket. Men vi legg betre merke til dei, både fordi mange av dei framleis ikkje er heilt veltilpassa i norsk, og fordi vi har eit medvett om at dei er engelske pga. at vi her har bra kjennskap til det språket. Dessutan må vi vel ta med at det nok er mange ord som er i nokså vanleg bruk, men som ikkje er tekne med i ei normert ordbok. Det skulle tilseie at prosenttalet truleg blir noko høgare for det faktiske språket enn for det vi finn i ordboka.

Samanliknar vi med alle importorda frå tysk, blir dei engelske få. Eit anna drag som skil dei ulike ordimportane, er at vi frå tysk har fått nokså mange ordlagingslement,

dvs. prefiks og suffiks (jf. *-aktig, -bar, -ar, -eri, -heit, -inne, -isk, be-* og *for-*), frå engelsk har vi kanskje berre fått eitt: *-minded*, som er første gongen registrert i 1958 i *klesminded*, og nyordboka har to ord i tillegg (Leira 1982).

Hittil har vi sett på «ordboksord». Noko anna er det å rekne prosent for kor mykje dei utgjer av tekstar, dvs. av 'løpande ord'. For dansk har Lars Brink komme til at prosenttalet kan variere mellom 1 og 4 i ymse skriftlege tekstar, i munnlege 0,5 (Brink 1988). Chrystal (1988) har komme til 2,5 % pr. 1000 løpande ord i svensk tekst. I norsk er det neppe høgare, og det kan ikkje seiast å vere så høgt tal. (Graedler & Johansson (1995: 285) meiner engelskpåverknaden på norsk og svensk er om lag like stor.) I *Nynorsk frekvensordbok* (Vestbøstad 1989) møter vi første *engelske* importordet, nemleg *starte*, på rangeringsplass 304. Mange andre importord står framom.

Vi kan òg ta med at Askedal (1996: 92 ff.) har i ei gransking av anglisismefrekvensen i tysk funne «to forskjellige per side». Det talet kan ikkje heilt jamførast, men vil kanskje svare til om lag 1 %. Det kan vere interessant å nemne at av dei 395 ulike orda han registrerte i materialet sitt, var 93,7 % substantiv, 3,8 % verb, 1,5 % adjektiv, 0,5 % adverb og 0,5 % andre.

Grønli (1990) har samanlikna annonsetekstane i *Aftenposten* frå 1969 og 1989 og funne at bruken av engelske ord er blitt meir enn dobla på desse tjue åra (s. 112). Grønli intervjuar ein del reklametekstforfattarar, og somme av dei meinte at innverknaden frå engelsk neppe ville auke, for dei rekna med eit aukande språkmedvett og at det no var ein tendens til å bruke det enkle og presise språket i reklamen, og da er ikkje engelsk nokon fordel (Grønli 1990: 174f.).

Det er mange vanskar med å rekne ut prosenttal for engelskpåverknad og å tolke tala. Ikkje all bruk er like viktig for påverknaden på det norske språket. Ein kunne f.eks. skilje mellom

- 1) engelsk brukt i Noreg (heile tekstar og setningar),
- 2) engelske ord brukte i norske setningar, men markerte som fremmendord, og
- 3) engelske importord brukte som integrerte ord i språket.

Det er vanskeleg å dra grensene mellom slike kategoriar, men det er den siste typen som viser direkte påverknad. Dei to første avspeglar meir at vi har ein slags tospråkssituasjon. Den første typen er det som gjerne blir kalla kodeskifte. I eksempelet nedafør kan vi seie at siste perioden representerer eit slikt kodeskifte, og føreset altså at mottakaren forstår engelsk:

- () ... en dusjsepe og kroppspeeling i ett. De små scrubkornene rens og stimulerer huden din. New Lux two-in-one skin expert - a difference you can feel, a beauty you can see. (Eksempelet frå Sjøheim 1994: 91, her er henta frå Graedler & Johansson 1995: 271.)

Men i første delen av sitatet er det to importord som er integrerte i norske setningar utan å vere markerte med f.eks. hermeteikn eller eit «såkalla». I ei djupare forståing av engelskpåverknaden burde vi altså vete meir om sjølve bruksmåten.

3.2. Importkanalar

Importen av ord er ikkje like stor på alle samfunnsområde. Han fortel om kvar kontakten med eit anna språksamfunn er størst på importtidspunktet. Vi ser f.eks. at mange av dei gamle lånorda frå engelsk har komme gjennom sjømannsspråket. Det gjeld f.eks. ord som *brigg*, *fender*, *tørn*, *kutter*, *skeileit*, *stuert* og *teite*. Somme av desse orda kom nok inn alt på 1700-talet (jf. Ljung 1988: 12f.). Desse orda har tilpassa seg godt norsk språkstruktur. Såleis har f.eks. verbet *bakke* (= 'gå bakover') tradisjonell norsk *a*-lyd. Ord importerte gjennom sjømannsspråket kan kanskje vise litt andre tendensar enn i ord på andre område. Stene (1945: 80) nemner at *kjans*, *tjommi*, *kjokkfull* har fått *kj*-lyd for den ustemte engelske affrikaten, og det mønsteret høver ikkje med oslo-dialekten som ho baserer seg på (jf. pkt. 4.1.2.).

Sportstermar (f.eks. *golf*), begynte å komme inn på 1800-talet i svensk (Ljung 1988: 13), og det same gjeld truleg norsk. Stene (1945: 177) nemnet at 20 % av hennar materiale av engelske importord kjem frå «sports and games». På 1900-talet har dei engelske importorda komme innafor mange fleire samfunnsområde, f.eks. politikk (*lockout*) og teknikk (*jet*), og i dag er importen truleg størst innafor økonomi og datafag. Om tilpassingsgraden er ulik innafor dei ymse områda, kjenner vi ikkje til.

3.3. Bruksområde og funksjon

Tala ovafor viser til det som kan reknast som gjennomsnitt i tekstar. Bruken varierer mye etter teksttype og stil. Minst har vi i høgtidleg stil, meir i kvardagsstil, og mest i slang og visse fagtekstar.

Graedler (1995: 24) refererer til nokre granskingar av norsk som viser 2,3 % i poppmusikktekstar (Devenish 1990), 1,65 % i motetekstar (Valberg 1990), og 0,2 % i skjønnlitteratur (Eriksen 1992). I Magnus Ljungs gransking av svensk går det fram at bruken svingar frå 0,83 % i allmenne tidsskrift til 1,93 % i datamagasin (Ljung 1985).

Eit anna perspektiv på kvantifiseringa er å avgrense seg til dei opne ordklassane, dvs. dei ordklassane som tek inn lån. I løpande tekst er nemleg ord frå dei stengde ordklassane (særleg pronomen og konjunksjonar) svært frekvente. Frekvenstala Martin Ljung har funne for dei opne ordklassane i svenske tekstar er: 0,85 % er engelske importord i språket allment, i datatidsskrift er det heile 4 % (Ljung 1985: 159).

Tekstprodusenten kan ha ulike formål med å bruke dei moderne importorda, i praksis anglisismar, i dag. Oftast er det referansefunksjonen som er viktig, dvs. å finne eit ord som presist refererer til omgrepet (og tingen), og når det gjeld heilt nye fenomen, er dei stundom blitt mest kjent gjennom engelsk, og norsk vantar kanskje noko innarbeidd ord for dei. Det er enklaste forklaringa.

Graedler (1995: 221) summerer opp resultatane frå ymse granskingar av språkfunksjonen åt anglisismar i ein tabell, som eg her gir att i norsk form:

Gransking og bruksområde	Språkleg funksjon			
	referensiell	metalingvistisk	poetisk-emosiv	konativ
Chrystal, aviser	91 %	0,3 %	4 %	5 %
Grønli, reklame	82 %	–	3 %	15 %
Devenish, popp	93 %	0,5 %	4 %	2 %
Valberg, mote	92,5 %	0,7 %	6,5 %	0,3 %

(Grønli 1990, Devenish 1990, Valberg 1990 gjeld norsk, Chrystal 1988 har studert svensk.)

Når ein tek omsyn til at desse granskingane har noko ulike metodar og kategoriseringar, er dette svært einsarta tal. I 9 av 10 tilfelle er det behovet for referanse som avgjer bruken av eit engelsk importord.

Den konative funksjonen fortel at språket er orientert mot mottakaren, dvs. at avsendaren ønskjer å påverke lesaren. At reklamespråket viser heile 15 % for denne funksjonen, er da ikkje overraskande. Den poetiske funksjonen gjeld fokuseringa på sjølvne budskapet og forma, og den emosive funksjonen siktar til det at språket kan formidle kjensler og holdningar hos avsendaren. I desse to siste funksjonane finn ein òg bruk av anglisismar. Den metalingvistiske bruken, dvs. der sjølvne språket og språkvalet er fokusert, har svært låg prosent.

Desse funksjonskategoriane er etablert av Roman Jakobson (1960). Ein viktig kategori hos han er kalla *fatisk funksjon*, dvs. at han går på sjølvne kontakten mellom deltakarane i kommunikasjonen. Her spelar anglisismane inga rolle.

Ei slik funksjonsinndeling med det målet å kvantifisere er vanskeleg. Svært vanleg er det at orda kan ha fleire funksjonar, og dei som er fanga opp i tabellen ovafor, kunne kanskje kallast primærfunksjonen. Graedler (1995: 223) omtalar dette slik:

«Chrystal (1988) points to the problem of determining to what extent the foreignness of a given word contributes to its functions in a text (1988: 116). Because they are perceived as foreign, loanwords have a signaling function that may overshadow or dominate the function of the single word in a context; they may, for instance, signal prestige, if this is a value associated with the use of English in general (cf. Chrystal 1988: 117). Further, we might say that the very concept of loanwords rests on a focusing on the form of the message, i.e. what Jakobson identifies as poetic function. Poetic function, then, may be an element of the function of all loanwords (in a more global context).»

Graedler (1995) prøver å beskrive det vi her kan kalle den stilistiske funksjonen av anglisismane:

- 1) Når tekniske ord blir brukte i engelsk form, kan formålet med dei vere å gi teksten meir preg av å vere objektiv og autoritativ (s. 225).
- 2) Anglismane skal gi inntrykk av det fremmende, vere referansar og allusjonar til eit engelsk-talande land (s. 226).
- 3) Utalandske ord og former, særleg engelske, gir prestisje og skin av eksklusivitet. Dette kan endatil verke inn på stavemåten i ord som ikkje er anglisismar, som f.eks. i *Flax-lodd* (s. 226).
- 4) Ikkje-omsette engelske ord eller replikkar kan i visse tekstar gi ei kjensle av nærleik og intimitet med f.eks. eit intervjuobjekt (s. 228).

Prestisjeverdien («the snob appeal»!) illustrerer Graedler med f.eks. denne teksten:

«HAR DE SØVN-PROBLEMER [...] NYHET! Nå i Norge, puten ‘the PILLOW’ med hele 51 magneter [...] Den er laget av 50 % cotton og 50 % polyester.»

Ein treng ikkje rekne med at alle engelske ord i ein tekst kjem i bruk som normale ord. Valberg (1990: 146), som har studert motetekstar, reknar ikkje med at alle går inn i norsk fordi mange av orda er «occasional borrowings which are used to convey a certain atmosphere, or to add colour to the texts.» Eit syntaktisk teikn på at orda ikkje er heilt integrerte, er at dei oftast står i rema-posisjon, altså i slutten av setninga (Johansson 1992: 77).

Bruken av engelsk er også knytt til identiteten som språkbrukarane vil markere. Johansson dreg fram det, og han siterer her Jon-Roar Bjørkvold frå boka *Det musiske menneske* (1989). Vi tek med sitatet og merknaden frå Johansson:

«I Norge ligger mye av rockens vitalitet i et språklig-kulturelt opprør. Både i spenningen mellom det nasjonale og det internasjonale, og i spenningen mellom det lokale og det sentrale. Engelsk/amerikansk, rockens internasjonale morsmål, har i seg selv vært viktig som en uttrykksoase for morsmålstrøtte norske tenåringer. Fremmedartet lyd understøttet av el-gitarer og suggererende rytmer, har rett og slett betydd en viktig løsrivelse fra norskfagets tradisjonelle krav om stiler, staving og grammatikk. Språk som musikk, ikke som semantikk, på den tidligste barndommens vis. (p. 272f.)

These are the sorts of mechanisms that must be understood. Language is far more than a set of labels.» (Johansson 1992: 82.)

3.4. Kva overlever og korleis?

Mange av nyorda er døgnfluger. Dei kan vere knytte til eit fenomen eller ein diskusjon som er svært tidsavgrensa. Også moteord dekkjer eit behov berre så lenge dei er nye, og såleis forsvinn dei lett att.

Det er svært vanskeleg å berekne kva ord som kjem til å overleve. Ei mengd av orda i nyordsboka (Leira 1982) har aldri nådd ut i allmennspråket, f.eks. *paste-up* (først registrert 1960 – no grafisk sjargong) og *funky* (1975 – no musikksjargong); og det kan nok diskuteras om det er rimeleg å rekne somme av dei registrerte orda til det norske ordforrådet i dag: *hotpants* (1971), *hovercraft* (1962) osv. (*Hotpants* er f.eks. ikkje med i *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka*.)

Også ord som har vore nokså allmenne, kan ha si glanstid før dei forsvinn att. Her finst det ikkje granskingar å halde seg til, men det verkar ikkje urimeleg om til og med slike utbreidde ord som *brainstorming*, *feedback*, *knowhow*, *weekend*, *teamwork* og *teenager* er på veg tilbake i bruksfrekvens, og i desse tilfella til fordel for tradisjonelle eller fornorska ord: *idédugnad*, *tilbakemelding*, *fagkunnskap*, *helg*, *lagarbeid* og *tenåring*. Det kan hende at ordet *helg* samtidig har fått eit noko endra innhald. Kanskje også ordet *facts* er på retur; det stilnøytrale er nok *faktum - fakta*. Ordet *slides* er lite brukt; det heiter heller *dias* eller *lysbilete*. Også tidlegare har importord dauda ut att: Aasta Stene (1940) nemner i avhandlinga si frå før krigen f.eks. *broadcasting* og *champion* som anglisismar i norsk. Dei er vel neppe i bruk i dag.

Den raske utskiftinga av ord rammar truleg oftare anglisismane enn andre ord, m.a. av at dei er så knytte til tekniske eller kulturelle nyheiter, som ingen kan spå framtida for.

3.5. Typar ord

Av dei anglisismane som kjem inn i norsk, er det mange som er språkleg uproblematisk. Ein kan skrive dei på same måten som i engelsk, og dei kan lett føye seg inn i bøyingsmønstra: *additiv*, *astronaut*, *audiovisuell*, *basal*, *bingo*, *hydrofoil* osv.

Andre kan lett føye seg inn i tidlegare etablerte mønster for tilpassing, det gjeld særleg der vi kan bruke dei tradisjonelle suffiksa *-ere*, *-sjon*, *-isk*, *-or*, *-tiv*: *advokere*, *automasjon*, *alfanumerisk*, *akvatisk*, *aggressor*, *attraktiv*.

Dei som skaper ortografiske problem, kan – etter eit overslag i materialet i *Nyord i norsk* (Leira 1982) – utgjere om lag 20 % av dei engelske importorda, altså: *action*, *actionfilm*, *after-skiing*, *air conditioning*, *art director*, *asdic*, *babydoll*, *backlash* osv.

Sørland (1993) har på grunnlag av materialet i *Bokmålsordboka* komme til at 380 ord er blitt ortografisk tilpassa norsk, 640 er normerte med engelsk skrivemåte. Av dei siste passar den engelske skrivemåten av 150 ord med det norske ortografiske mønsteret, dvs. at 530 av dei normerte importorda var norvagiserte i 1993, 490 var det ikkje.

3.6. Leksikalsk integrering

Ord som kjem inn i språket, blir tilpassa i språkssystemet på fleire nivå. I kapittel 1 såg vi på fonologisk, ortografisk og morfologisk integrering. Også leksikalsk blir dei integrerte, dvs. at dei begynner å få «eit liv uavhengig» av opphavsspråket, «ordets semantiske innhold blir tilpasset andre ord i samme semantiske felt,» som Graedler

(1994: 210) refererer Weinreich. Det er berre når vi bruker orda med sitatfunksjon at vi medvete knyter dei til det utalandske semantiske innhaldet: «Soccer? *Boring*, kjedelig, mener portvakten på Los Angeles memorial Coliseum.» (Aftenposten 4.4.91, etter Graedler 1994: 213.)

Ein kan dele tydingsendringane inn i desse tre typane: innsnevring, utviding og forskyving.

Innsnevringar skjer oftast i lånefasen med ord som går på saksforhold, oftast der importordet fyller ei semantisk luke. «Behovet for nye ord oppstår og fylles typisk i en spesiell kontekst» (Graedler 1994: 212). Aasta Stene (1945: 211) skriv om engelske importord i norsk at «in most cases the loan only corresponds to one facet of the meaning of the word in English». Graedler (1994) gir ein del eksempel på det: *visitor*, *cool*, *hot*, *pushe* ('selje narkotika'), *sjappe*, *shop* ('spesialbutikk'), *strippe* ('fjerne verdiar frå'). Her kan ein òg nemne f.eks. *digge*.

Utvidingar får ein når importordet får nye tydingar i tillegg til dei det hadde saman med opphavsspråket. Eksempel her er (igjen etter Graedler 1994): *jeans* ('denim', jf. *jeans-skjorte*, *jeans-klede*), *sjekke* (jf. 'sjekke damer'), *røff* ('sporty, barsk'). Ljung (1988: 62) viser korleis dataordet *interface* har fått utvida tyding i f.eks. samanhengar som «interfacet mellan producent och konsument».

Forskyvingar er det tale om når ordet får ei anna grunntyding: *basket*, *boks* ('beholdar av metall', jf. eng. *tin*), *dress*, *grape*, *haike*, *nikkers*, *oldboys*, *sikspens*, *smoking*, *broiler*, *bulldosar*, *teit*, *dønn*, *gire* (laga på det norske substantivet, det engelske verbet tyder 'orientere, styre'), *stresse*. Når det gjeld *sikspens* – som det ligg nær å knytte til prisen på huva – meiner Graedler det kan vere i engelsk at endringa i innhald har skjedd, dvs. at ordet har gått ut av bruk der.²⁰ *Smoking* skal vere komme frå *smoking jacket* på engelsk, men ordet har fått anna tyding på norsk.

Utvidingar og forskyvingar av innhaldet skjer lettast når ordet har levd i språket ei tid. Ord som er frekvente og har stor geografisk utbreiing, vil vere meir utsette for endringar enn sjeldsynte ord, meiner Graedler, og ho legg til (s. 215) at ord «som på engelsk kan være dagligdagse nok, kan på norsk, om de bare brukes i spesielle kontekster, få klang av faguttrykk og sjargong, eller virke litterære, vulgære, osv.».

Eksempel på semantiske endringar har vi òg i importord frå andre språk: *champignon* tyder sopp allment på fransk, mens *sjampinjong* på norsk er ein spesiell sopptype.

Særnorske tydingsendringar kan sjølvsagt skape forundring og forvirring hos engelskmenn og franskmenn som kjenner orda att frå sitt eige språk, men som ikkje har kjennskap til utviklinga orda har hatt i norsk. (På same vis ville nok nordmenn stusse dersom *equiper* blei skrive *skipa* på fransk – både uttale og innhald har endra seg sia dette var eit nordisk ord!)

«Engelske» ord som ikkje finst i engelsk, er *pocketbok*, *longs*, *binders* (ei norsk oppfinning) og *softice* (jf. Ljung 1988: 62 og Leira 1992: 49).

²⁰ Ei norsk tolking er at ordet kjem av dei seks stoffbitane huva er sydd saman av.

3.7. Stilistisk markering

Skrivemåten kan utnyttast til stilistiske markeringar. Det gjer nok at visse importord oftare blir spontant norvagiserte enn andre. Det er kanskje særleg i ord frå slang at ein kan sjå at norvagisert skrivemåte er brukt for å markere den «røffe» og uhøgtidlege tonen. Det gjer at f.eks. *teit* og *streit* så ofte finst med norsk skrivemåte. Også ein skrivemåte som *grønsj* kan ha slått lett igjennom pga. dette stildraget.

Somme bruker skrivemåten *kræs* og *dæs* – jamvel om dei normerte formene er *kras* og *dash* – og da er dei truleg markerte som ikkje-nøytrale ord. Derfor ser ein ikkje eit stilistisk nøytralt ord som f.eks. *bag* bokstavert *bægg*.

Når ein norvagisert skrivemåte er innarbeidd, er det den utalandske skrivemåten som kan tene som stilistisk markering. Ein kan såleis tenkje seg ein skrivemåte som *cognac* brukt i visse miljøskildringar, ja, for den del også *bureauchef*. Høvet til stilistisk markering blir såleis ikkje mindre ved norvagisering, men ein flyttar grensa for kva som er det normale, og dermed kva som er det stilistisk markerte.

4. Fonologisk og ortografisk behandling

Vi skal her sjå nærare på korleis importord blir tekne opp i norsk. I første delen, om talemålet, vil vi konsentrere oss om korleis dei ev. blir tilpassa norsk fonologi. I andre delen, om skriftmålet, vil spørsmålet først og fremst gjelde *om* importorda får «norsk ortografi».

4.1. Opptak av lån i talemålet

4.1.1. Om opptaksreglar

Når språkbrukarane tilpassar utalandske ord til det heimlege språket, er sjølvstøtt grunnprinsippet at ein overfører lydane i den fremmende uttalen til dei næraste i heimespråket. Men det er ikkje alltid opplagt kva lyd som ligg nærast. Dessutan har kvart språk sine reglar om kvar dei enkelte lydane kan stå i ordet, jf. pkt. 1.3.2.d. om distribusjon. Dermed er det ein del språklege problem som må løysast ved lånordopptaket. Men det viser seg at det utviklar seg eit mønster for opptaket, det vi kunne kalle *opptaksreglar*. Dei kan vi sjå på som ein del av den traderte språkkompetansen i samfunnet, altså som ei norm for korleis ein tilpassar lånorda til den heimlege språkstrukturen.

Vi kan illustrere dette med å sjå på dei franske importorda, som kom inn i norsk i stor grad på 1600- og 1700-talet. Dei har hatt ein mykje lengre tradisjon i norsk enn dei angloamerikanske, som mest høyrer dette hundreåret til, og særleg etterkrigstida. Det gjer òg at vi ofte opplever det som enklare å norvagisere dei franske og romanske lånorda; der har vi eit klårare medvett om eit mønster. Men det tok lang tid å utvikle mønsteret; det kan verke som normeringa kring hundreårsskiftet hadde tilsvarande problem med å få til konsekvens i dei franske importorda som vi har i dag med dei engelske.

Det mønsteret vi har utvikla for norvagiseringa av importord frå fransk, kan stillast opp slik:²¹

1. Trykket blir lagt på siste stavinga (eller rettare: det som svarer til sistestavinga i fransk) utanom i austlandsk, trøndersk og indresognsmål: *kafé*, *paraply*, *objekt*, *regulativ* [ka'fe:, para'ply:, ob'jekt, regula'tiv]. Men det finst unntak: *konservativ*, *spekulativ*, *representativ*, der trykket ligg på 3. eller 4. staving bakfrå, kanskje under påverknad frå engelsk.

²¹ Hansen & Lund (1994: 90-95) har ein liknande gjennomgang av romanske lån i dansk; mange av eksempelorda er henta derifrå. Om ein jamfører med framstillinga deira, vil ein sjå visse forskjellar på det danske og norske opptaket, det gjeld særleg trykkplasseringa, der moderne dansk har flytta trykket framover i ordet i mange fleire tilfelle.

2. *u* [ü] > *u*: *natur, kommune, tribune, konsum*. Men: *parvenue* > *parveny, fondue* > *fondy, parfyme, kostyme, meny*.
3. *ou* [u] > *u*: *jaloux* > *sjalu*
4. *ais* [e:] > *é*: *palais* > *palé*
5. *au, eau* [ɔ:] > *å*: *niveau* > *nivå, chauffeur* > *sjåfør*
6. *eu* [ø] > *ø*: *queue* > *kø, chauffeur* > *sjåfør*
7. Stum utlydande *-e, -s, -x, -t* blir sløyfa: *parvenue, jaloux* > *parveny, sjalu*, Men den «stumme» *e*-en blir uttalt i *prestisje, regime, emballasje, sjanse*; og begge løysingane har vi i *revansj(e)*. Denne tendensen er «overdrive gjennomført» i *pommes frites*, som i norsk oftast blir til [pøm'fri:] eller [vpømfri].
8. Nasal vokal blir oral med velar nasal konsonant bak:
 - a) *ballon* > *ballong, façon* > *fasong, jargon* > *sjargong*,
 - b) *gratin* > *grateng*,
 - c) *-ent* og *-ant* får uttalen [aŋ], men blir ikkje norvagiserte i skrift: *presentere* [presan'te:re], *departement, finansiell* [finaŋsi'el], *entré* > *entré* [aŋ'tre:], *engasjement* [aŋgaʃ'e'maŋ]. Det same gjeld og *-an* framom *s* i f.eks. *sjanse* [vʃaŋse] og *ensemble*.

Men i nokre ord har vi fått ein «skriftmålsuttale»: *emballasje, fondy, monter, markant, servant, enklave*. Begge løysingane i uttalen har vi i *centimeter, entusiasme, pensjonist* og *entreprenør*.
9. Den trykklette nasal-stavinga *con-* blir til *kon-* [kʊn-, kɔn-]: *konduktør*
10. *ch-* [ʃ] > *sj-*: *chauffeur* > *sjåfør*,
11. *g, j* [ʒ] > *sj*: *jaloux* > *sjalu, engagement* > *engasjement, jargon* > *sjargong*, Men: *allergi*. Begge løysingane har vi i *energi*.
12. *-tre* [tr] > *-ter*: *montre* > *monter*
13. *il* [j] > *lj*: *detail* > *detalj, pavillon* > *paviljong, paillette* > *paljett*. Men: *grisaille* 'teikning/måleri i gråfargar'.

Også for ord frå andre långivarspråk finst det slike mønster. For lågtysk var det nok likeins i si tid. Men det er helst det dominerande långivarspråket i perioden dette gjeld for. Derfor er det tilfelle av at engelske lånord som kom tidleg inn i norsk, er tekne opp etter fransk mønster, og motsett seinare: *Parlament* har fått trykket på siste stavinga, som om det skulle ha komme frå fransk. Det same gjeld *komité, intervju* og hos mange *sheriff*²². Ordet *tunnel* skal vi ha fått gjennom engelsk, men mange nordmenn uttaler det med trykket på siste stavinga, som på fransk der ordet opphavleg kjem frå.²³ I dag ser ein stundom også at eldre lån blir omlaga etter mønsteret frå det dominerande långivarspråket no, slik at det franske *massiv* med trykk på sistestavinga får trykket flytta fram til førstestavinga der engelsk har det. (I austlandsk kan dette òg tolkast som del av ein meir allmenn tendens til trykk på første stavinga. Når det skjer i vestlandsk, er det meir opplagt at den engelske trykkplasseringa har skapt mønster.)

²² Dette ordet er i norsk uttalt både med førstestavingstrykk og med andrestavingstrykk.

²³ Austlandsk har helst uttalen [vtʉnəl].

Opptaksreglane vil vere avhengige av

- 1) kor like eller ulike dei motsvarande lydane/fonema er i långivarspråket og mottakarpråket,
- 2) det fonologiske systemet i mottakarpråket,
- 3) skriftbiletet i långivarspråket,
- 4) kunnskapane om långivarspråket, og
- 5) stilområdet som ordet høyrer heime på.

Ettersom alle desse faktorane kan endre seg med tida, må ein vite om tidspunktet for lånet for å forstå språkhistorisk korleis det høver inn i eit mønster. (Det kjem vi tilbake til under pkt. 4.1.3.b.)

At uttalen i mottakarpråket spelar inn, ser vi lett av dei ulike måtane dei nordiske språka tek opp dei engelske orda på. Dansk lèt engelsk *ch* fremst i ord bli til *tj*-, mens norsk tek slike ord opp med *sj*- (jf. pkt. 4.1.2.), som når verbet *check* i norsk blir *sjekke* og i dansk «*tjekke*».

At skriftbiletet verkar inn, ser vi i tilfelle som engelsk *nylon*, der *y*-uttale sigra til slutt og ikkje *ai*-uttale. (Ordet kom inn på 1940-talet.) Det blir ofte framheva at skriftbiletet vil verke sterkare og sterkare inn på grunn av at kulturen vår gjer oss meir avhengige av skriftmålet. Derfor ser vi tendensar til at skriftuttale sigrar i somme ord, f.eks. eldre lånord som *energi*, *kompromiss*, *suksess*, og arveord som *fred* og *tidleg*. I motsetning til dette står det at kunnskapen om uttalen i långivarspråket kan verke inn, slik at ein kan hevde at uttalen [bɛ:kən] og [tɛ:ite] av *bacon* og *to tight* kjem av manglande kunnskap om engelsk, og at *nylon* ikkje ville ha blitt lånt inn som anna enn [nailen] i dag. To påstandar står altså mot kvarandre, og truleg er det noko rett i begge.²⁴

4.1.2. Geografisk oversyn – lån or engelsk

a. Lydane

Det finst ingen granskingar av korleis lånord blir behandla i dialektane, og derfor har vi hatt svært få kunnskapar om ev. varierende mønster for opptaksreglar. Opplysningar ein har kunna vise til, har ofte vore baserte på talemålsbakgrunnen åt dei som har vore involverte i sjølve normeringsprosessen.

For å bøte noko på dette gjennomførte cand.philol. Ellen Skolseg ei talemålsgransking på oppdrag for denne utgreiinga. Ho laga ei spørjelite (jf. vedlegg 6) som ho sende ut til kontaktpersonar på høgskolar og universitet for å få dei til å intervjuje informantar. Eit mål var å få dekt heile landet, begge kjønn og ulike aldersgrupper. (På

²⁴ Kanskje kan òg «hyperkorreksjonar» verke inn, som i tilfella med *pommes frites* og *entrecôte*, der den utlydande *t*-en har ein tendens til å falle i norsk uttale, kanskje fordi ein veit at *t*-ar til slutt i ordbiletet ikkje blir uttalte i fransk.

grunn av at det var undervisningsinstitusjonar som blei brukte, dominerer nok ungdomsgruppa blant informantane.) Intervjuaren gjekk igjennom spørjelista munnleg med å gi ein orddefinisjon eller forklaring, og så skulle informantane finne det rette ordet. Informantane verken såg eller hørte det engelske importordet før dei svarte. Orda kom i tilfeldig rekkjefølgje på lista.

Det kom inn 67 spørjelister, som viser denne spreinga på regionar vi har brukt i analysen: Nord-Noreg 9, Trøndelag og Nordmøre 8, Nord-Vestlandet (= Sunnmøre) 8, Hordaland (med Bergen) 4, Rogaland 10, Agder 6, midlandsområdet 4 (= Telemark, Gudbrandsdalen), Indre Austlandet (= Hedmark) 7, Sør-Austlandet (= Oslo, Akershus, Østfold) 11. Granskinga avgrensa seg til desse fonologiske problemområde:

- 1) engelsk [ɜ:] skriven *er* (å *serve*, *surfe*),
- 2) engelsk [ei] skriven *a* (*catering*²⁵, *tape*, *safe*, å *fade*, *bacon*, *spaca* (adj.), å *skate*),
- 3) engelsk [ei] skriven *ay* (*display*, *spray*),
- 4) engelsk [ei] skriven *ai* (*trailer*, å *maile*, *container*, *straight*, *raid*),
- 5) engelsk kort [ʌ]-lyd skriven *u* eller *ou* (*lunch*, *punk*, *pickup*, *dubbe*, *pumps*, *rushe*, *rushtrafikk*, *stunt*, *truck*, *guts*, *duffelcoat*²⁶, *touch*, *puck*, *stuffing*),
- 6) engelsk kort [æ] skriven *a* (å *tagge*, *camping*, å *matche*, *cash*, *taxi*, *band*, *dash*, å *gamble*, *happening*, *gangster*, *stand*, å *rappe*, *fancy*, *caps*, å *scanne*, *bag*, *slang*, å *backe*, *oppbacking*, *fan*, *snacks*, *handicapa*, å *crashe*, *shabby*),
- 7) engelsk [əʊ] skriven *oa*²⁷ (*duffelcoat*, *choke*),
- 8) engelsk ordutgang på trykkelett *-er* (*trailer*, *gangster*, *container*, *cheeseburger*)
- 9) engelsk affrikat skriven *ch* fremst i ord (*choke*, *chips*, *cheeseburger*), og
- 10) engelsk affrikat skriven *ch* inne i ord og i utlyd (*clutch*, *clinch*, *touch*).

Ettersom det var fonemiseringa i dialekten som var hovudinteressa, blei det lagt vekt på å finne rimord til dei engelske importorda for å sjå om dei omtala lydane fall saman med heimlege fonem, og i tilfelle kva.

Det var lagt vekt på å få med i lista ord som hadde ulik alder som importord i norsk, og som truleg hadde ei viss geografisk spreining. Ord med typisk slang-preg kan vere nokså geografisk avgrensa i bruk.

Dei innkomne spørjelistene viser desse geografiske mønstra:

²⁵ Under dette punktet er skrivemåtane lagde så nær engelsk som råd er, pga. temaet – dvs. at det stundom også finst ikkje-normerte skrivemåtar.

²⁶ Dette ordet er normert til *dyffelcoat* i norsk, dvs. som ei samansetning med ordet *dyffel* 'tjukt ullty' (etter byen Duffel i Belgia). Det er her teke med i ei engelsk form, ettersom den er velkjend i norsk.

²⁷ Denne vokalen kom berre «tilfeldig» med pga. at ordet *duffelcoat* blei teke med under vokalen [ʌ]. Såleis er det berre eit ord med *oa* i bitrykks-posisjon som er materialet her, og det er ikkje beste grunnlaget å slutte noko på.

1) *engelsk* [ɜ:] *skreven* er:

I ordet *serve* er vokalen \emptyset brukt gjennomgåande over heile landet. Også i *surfe* dominerer \emptyset , men det finst 12 slengarar med *u*. Dei dannar ikkje noko tydeleg geografisk mønster.

2) *engelsk* [ei] *skreven* a

Her er òg det gjennomgåande mønsteret at den norske diftongen *ei* er brukt. Det er nokre tilfelle på Sør-Austlandet og eitt på Indre Austlandet av at det er brukt ein engelsk diftong, dvs. ein trong [ei] i motsetning til den opnare søraustlandske [æi]. (Dette gjeld òg for diftongen under pkt. 3 og 4.) Her kan det sjølvstøtt liggje «ein kime» til ein ny diftong, dvs. at dette kunne vere første fasen i opptaket av ein slik diftong. Men dette kan òg avspegle at orda enno er så nye at dei er opplevde som engelske, og at mange av informantane er akademikarar. Når dette særpregar berre søraustlandske informantar, kan det truleg bety noko at den tradisjonelle diftongen *ei* i talemålet her er nokså open og dermed tydeleg annleis enn den diftongen ein lærer å bruke i engelsk uttale.

Elles finst det nokre slengarar med annan uttale kringom i landet: [bæ:ken, katering, taip]. Men dei dannar ikkje noko mønster.

3) *engelsk* [ei] *skreven* ay

Uttalen med norsk *ei* er brukt over heile landet i det nye ordet *display*. I *spray* finn ein ei viss overvekt av [sprai], men ein finn begge diftongane i bruk over heile landet.

4) *engelsk* [ei] *skreven* ai

Mønsteret her er at *raid* og *trailer* får diftongen [ai]. Færrast unntak med *ei* er det for *raid*, nokre fleire for *trailer*. Desse unntaka viser ikkje noko klårt geografisk mønster.

I det heilt moderne *maile* og det noko slang-prega *straight* er einast *ei* brukt. Denne diftongen dominerer også i *container*, men her finst spreidde eksempel på *ai*.

5) *engelsk* kort [ʌ] *skreven* u eller ou

Her dominerer uttalen med \emptyset . Det finst nokre slengarar med *y* ([tryk, dyfel-,]), og rett mange unntak med *u*; det gjeld særleg *dubbe* (18 informantar), *pickup* (12), *lunsj* (10), *stunte* (9), *pumps* (7), *rusj* (7), *duffel* (6), *punkar* (5), *puck* (3) og *stuffing* (1). Desse unntaka er spreidde over stordelen av landet, men dei er ekstra mange på Vestlandet. På Sør-Austlandet finst det nokre unntak frå \emptyset berre i ordet *dubbe*.

6) *engelsk* kort [æ] *skreven* a

Den norske lyden som gir att bokstaven *e*, skiftar svært mye i dialektane. Noko mindre variasjon er det når ein avgrensar seg til sjå på den *e*-en som er kort. Om vi avgrensar oss enda meir med å sjå på det som avspeglar norrøn kort *e*, skiftar uttalen frå [e_ɾ] til [æ]. Somstad har denne *e*-en endatil trongare uttale enn refleksen av norrøn æ. Ettersom det er ein skrivemåte vi til sjuande og sist skal drøfte, skal vi her halde oss til ei samanlikning med talemålsrefleksen av norrøn kort *e* (i ord der han også er kort i dag).

Det vil i praksis seie at vi er interesserte i om f.eks. importordet *bag* rimar på arveordet *vegg*, eller om *bag* har ein opnare uttale, som æ eller *a*.

Det gjennomgåande mønsteret for Nord-Noreg, Trøndelag og Nordmøre, Nord-Vestlandet, Hordaland, Indre Austlandet og midlandsområdet er at dei aktuelle importorda rimar på arveord med skrivemåten *e*, altså ord med norrøn kort *e*.²⁸ Det aller meste av landet lèt altså *bag* rime på *vegg*, *dash* og *cash* på *hesj*, *taxi* på *sexy*, *rappe* på *sleppe*, *scanne* på *venne* osv. – dersom ikkje ein *a*-uttale er brukt.

Uttrykk for dette finn vi i avisreaksjonane etter årsmøtet i Språkrådet i 1996, f.eks. som i dette innlegget:

«Nå vil man i stedet skrive ‘kaps’, som jo i beste fall må sies å være en merkelig blanding av uttale, språk [sic!], engelsk og norsk skrivemåte. Og hva med ordet ‘snackbar’? Nå blir det kanskje hetende ‘snakkbar’. Hadde det vært ‘snekkbar’, kunne det i det minste gått an å forstå. Slik det ser ut nå, går imidlertid fornorskingen over alle grenser.» (Lars Olve Hesjedal, *Bergensavisen*, 4.2.96.)

Og i denne leiaren i *Stavanger Aftenblad* (20.1.96):

«Når så talemålet skal være med på å norvagisere utenlandske låneord, er det ikke sikkert det er min naturlige vokal som blir brukt. Sier vi sjeby eller sjabby i Rogaland? Kanskje rett og slett sjebbi? Nå skal det skrives sjabby eller fortsatt shabby (som på engelsk).»

I Hardanger (i Hordaland), Rogaland, på Agder og i midlandsområdet finn vi svært mange tilfelle av at vokalen i desse importorda fell saman med ein tradisjonell norsk *a*. Dette er ingen stad heilt dominerande, men her er eksempla påtakeleg mange av at *tagge* rimar på *kagge*, *band* på *vann* (= ‘vatn’), *stand* på *tann*, *rappe* på *nappe*, *gangster* på *fangster* (= ‘fangstar’ flt. av *fangst*; her er det truleg forskjell i tonemet!), *scanne* på *panne*, *taxi* på *maksi* eller «*som det var laks i*», *cash* på *hasj*, *oppbacking* på *nedslakking*, *slang* på *tang*, *crashe* på «*hasje*», *shabby* på «*som det låg ein labb i*». Ein finn også uttalen [matʃa, gambla, handikapa, fansi, kap, fans] for *matcha* (dvs. med *a*-infinitiv her), *gamble*, *handicapa*, *fancy*, *caps*, *fan* – men her er det vanskeleg å finne andre rimord. Slengarar med *a* i desse orda finst òg elles i landet. Ord som ikkje har slik *a*-uttale i svara på dei innkomne spørjelisten, er: *camping*, *dash*, *happening*, *bag* og *snacks*.

Den tredje løysinga for vokalen i desse importorda er å bruke ein [æ] som er opnare enn refleksen av norrøn *e*, slik at *bag* osv. ikkje rimar på *vegg* osv. Dette er eit fast system for dei søraustlandske informantane, og dessutan finn ein litt av det i Rogaland og på Agder. På grunn av den distribusjonelle avgrensinga som er nemnd under pkt.

²⁸ I delar av dette området er det rett nok samanfall av refleksen av norrøn kort *e* og dei nokså fåe tilfella av norrøn (lang) æ (jf. norrønt (*h*)*rædd* ‘redd’) i denne posisjonen, men i andre området er det motsetning. (Skriftmålet ligg nærast eit system utan motsetning mellom *e* og æ.)

7.6., vil det ikkje kunne finnast rim med heimlege ord anna enn framom *r* og retrofleksar. I materialet vårt vil det seie at *cash* og *dash* rimar på *hesj* og *bæsj*. Og her finn vi dette reflektert i avisspaltene i merknadene til Språkråds-vedtaka:

«Ville ikke fænsi vært bedre, om en først skulle skrive ordet på nordmanns vis?» (Tore Mortensen, *Drammens Tidende*, 26.1.96.)

«Og hvordan kan Språkrådet foreslå skrivemåten ‘fansy’ for ‘fancy’? Det må da hete ‘fænsi’ om uttalen skal være avgjørende!» (Egil Eikseth, *Dagbladet* 8.2.96.)

7) engelsk [əʊ] skriven oa

Her er det ein «engelsk» uttale som dominerer i heile landet, dvs. [oʊ]. Det finst nokre unntak, som [-kɔt] og [-kɔvt], men dei utgjer ikkje noko mønster.

8) engelsk ordutgang på trykklett -er

(*trailer, gangster, container, cheeseburger*)

Det finst i somme norske dialektar ein tendens til at importord får utgang på *-ar*, dvs. ein utgang som i form fell saman med nomen agentis-suffikset. Dei fire orda som er nemnde under dette punktet, var i utgangspunktet tenkte som eksempel på andre fonologiske spørsmål, og det kan dermed hende at innsamlarane har vore mindre nøyaktige når dei registrerte uttalen i den trykklette stavinga. Men vi kan likevel prøve å bruke materialet til å kartleggje utgangen i desse orda.

I *gangster* rår berre *-er*, med unntak av eitt tilfelle i Vest-Agder der informanten gjennomfører *-ar* i alle dei aktuelle orda. Utgangen *-ar* finn ein mest av i *container*, nemleg hos 4 av 6 på Nord-Vestlandet, og hos 2 av 2 hordalendingar utafor Bergen. I *trailer* er *-ar* brukt av 2 på Nord-Vestlandet. Der er det òg 1 som har denne endinga i *cheeseburger*. I austlandsk, på Agder, i Stavanger-området og i Bergen er motsetninga mellom *-er* og *-ar* oppheva, og ein får endingar som [-ər, -ɔɾ] eller [-aɾ]. Skulle ein få ei betre undersøking av dette, måtte ein studere parallelt korleis nomen agentis-suffikset er hos dei same informantane, og det blei ikkje gjort i dette tilfellet. Det som er avklart, er at det i alle fall på Vestlandet finst ein tendens til *-ar* i importord.

9) engelsk affrikat skriven ch fremst i ord

Her er det vanlegast å velje [ʃ] i norsk, slik at *choke* og *chips* blir til [ʃɔ:k, ʃips], og uttalen fell da saman med namnet *Skjåk* og ordforma *skips*. På Nord-Vestlandet er det derimot vanleg å bruke den norske affrikaten [ç], dvs. den lyden som i desse dialektane svarer til *kj* i det norske skriftbiletet: [çɔ:k, çips]. (For *choke* er her òg 3 tilfelle med [ʃ] av 6 informantar.) Elles i landet finst det òg slengarar med *kj*-uttale, dvs. anten affrikaten [ç] eller frikativten [ç̥], mest i Hordaland, Rogaland og på Agder. Det finst òg nokre slengarar med uttalen [Tɔʊ:k].

I ordet *cheeseburger* er det vanlegast å bruke den engelske affrikaten, dvs. [T]. Ordet er altså framleis dårleg tilpassa norsk, og det ser ein òg av at sisteleddet kan ha meir eller mindre engelsk uttale i denne samansetninga, f.eks. [-bø:ɾə].

Dette er eit tilfelle der ein ikkje så lett kunne slutte seg til på førehand kva opptaksregel norsk ville følgje. At dialektar med palatal affrikat bruker denne lyden til å erstatte engelsk [T], er ikkje underleg, for draget affrikat er dermed felles for långivarspråket og mottakarspråket. (Elles må det òg kanskje telje med at mange av dei nordvestlandske dialektane med affrikat-løysing ikkje har hatt ein ʃ-lyd.) Derimot er det langt frå opplagt kva dei mange norske dialektane utan affrikat skal ty til. Ein kunne ha tenkt seg den vanlege frikative *kj*-uttalen [ç], men den blir altså ikkje brukt anna enn tilfeldige stader på Sør-Vestlandet. Når det er den postalveolare [ʃ] eller retroflekse [ʂ] som blir brukt, må det vere den mindre avstanden i uttalestad som avgjer, altså at avstanden frå alveolar uttale til postalveolar er mindre enn frå alveolar til palatal.

Til jamføring kan det òg nemnast at færøysk òg ofte bruker affrikatløysing: *kekki* < *check*, mens islandsk og dansk bruker *tj*:- *tjekki* (isl.), *tjekk*, *tjater* (da., Hansen & Lund 1994: 97). (I færøysk og norsk er det aller vanlegaste at *tj* og *kj* har falle saman.)

10) engelsk affrikat skiven ch inne i ord

Her dominerer ein tʃ-uttale etter vokal, elles ʃ, dvs. [kløtʃ, klinʃ, tətʃ]²⁹ for *clutch*, *clinch* og *touch*. Både her og under pkt. 8 gjeld det at somme dialektar har uttalen [sʃ] for [ʃ]. Men begge uttalane svarer systematisk til skriftbiletet *sj*, slik at det i vårt perspektiv er same løysinga.

Det finst elles nokre slengarar med [klʌʃ, kløʃ, klinç].

b. I samansetningar

I materialet blei det teke med ein del samansette ord (*rushtrafikk*, *maxitaxi*, *stuntmann*, *oppbacking*) for å teste ein hypotese om at desse importorda blir lettare norvagiserte når dei er kopla med eit heimleg morfem. (Jamfør diskusjonen nedafor i pkt. 4.2.2. om dette i skriftmålspraksisen.)

Desse samansette orda var oppstilte saman med dei enkle, og det gjorde at det ikkje blei oppfatta som like «obligatorisk» å svare på dei. Derfor er det komne inn berre tilfeldige opplysningar. I ordet *rushtrafikk* bruker alle ø i likeins som i det usamansette *rush*; i *stuntmann* er det 2 av 4 i Rogaland som skiftar til *u* frå ø i *stunt*. Derimot finst det ein del tilfelle av at informantar skiftar frå [æ, ɛ] til [a] når dei seier *maxitaxi*; det gjeld 7 av 9 der ein har opplysningar. For *oppbacking* er det eit skifte frå [æ] til [a] hos 2 av 4. Men det finst òg to tilfelle av uttalen [mæksitæksi]!

Her skal det ikkje leggjast for mye i tala. Men dei kan ikkje tolkast annleis enn at det er ein tendens til det vi kunne kalle bokstavrett uttale når det kjem ei kopling med eit heimleg morfem. Det kan tyde på at det finst eit medvett om at desse orda også finst i

²⁹ I austnorsk kan ein òg få postalveolar eller retrofleks *t* framom ʃ.

ein «norskare» variant. Om dette stemmer, skulle ein vente meir utbreidd engelsk uttale i *cheeseburger*, og meir norsk uttale i *lakseburger*! (Dette eksempelparet blei ikkje testa.)

For *maxitaxi* kan sjølvstøtt det spele inn at første og siste leddet kan rime. Det gjeld ikkje i *oppbacking* og *stuntmann*.

c. Kvantitet

Under pkt. 1.3.2.a. drøfta vi korleis norsk i mange tilfelle lèt den engelske fleirtals-s-en gå til ordstammen. I talemålsgranskinga var desse orda med av denne typen: *pumps*, *caps*, *guts*, *chips*, *fan*, *snacks*. Orda *pumps*, *guts*, *chips* og *snacks* står for kollektive omgrep eller fleirtalsomgrep, og dei har utan unntak *s* i stammen hos alle informantane som kjenner orda. Ordet *caps* dominerer med utgang på *s*; berre 11 av dei 67 informantane bruker utan. I ordet *fan* er det motsett, der bruker 11 forma [fæns] eller [føns]. I definisjonen blei det referert til fleirtal, som kunne oppfattast som kollektiv: «Et ord for tilhengere, folk som ‘digger’ noe». Dette ordet er normert slik at forma med utgang på *-s* skal referere til det kollektive, forma utan til det individuerte. Resultatet av denne granskinga gir ikkje støtte for at denne distinksjonen er mye brukt i talemålet. Men her skal ein vere oppmerksom på at dette ikkje blei undersøkt spesielt, slik at undersøkinga ikkje gir nokon presis konklusjon på dette punktet.

Dei tre orda *fan*, *band* og *stand* har kort vokal hos dei aller fleste. Men her er ein tendens til å ha lang vokal; det har respektive 22, 20 og 18 av informantane – spreidde over heile landet.

4.1.3. Fasar i utviklinga

Sjølve opptaket av lånorda kan studerast med å sjå etter:

- a) korleis kvart enkelt ord kjem inn i språket og gjennom fleire tilpassingsfasar etter kvart får ein stabil uttale slik at det til slutt ikkje er mogleg å skilje det ut frå dei heimlege orda, og
- b) korleis språket eller språksystemet har ulike historiske fasar med opptaksreglar for dei utalandske orda, pga. dei ymse faktorane som verkar inn på måten opptaket/tilpassinga skjer på, jf. pkt. 4.1.1.

a. Tilpassingsfasar

Magnus Ljung (1988: 16) reknar med tre fasar i innlånet av ord i svensk:

- 1) Orda er *sitatord*, og det blir markert med hermeteikn eller med å skyte inn eit «såkalla».
- 2) Orda blir fremmedord, slik at ein ikkje lenger markerer dei som sitat.
- 3) Orda er blitt «hemtama», dei blir opplevde som naturlege svenske ord og blir dermed uttalte og skrivne på svensk.

Når ein spør folk om korleis dei uttaler ord, er det ein heilt markert forskjell på reaksjonen på heimlege ord og på nye fremmendord. Informantane kan vere svært sikre og støe i korleis dei uttaler eit heimleg ord, og dei kan uttale seg om korleis dialektuttalen «skal vere». Det kjem truleg av eit medvett om kva som særpregar den tradisjonelle dialekten. Når informantane blir spurde om korleis dei uttaler fremmendord, kjem det tydeleg fram ei uvisse. Dei uttrykkjer ofte at dei «trur dei seier det på den måten», og somme seier at dei unngår å bruke det og det ordet nettopp fordi at uttalen blir så spesiell. «Uttalen [tæksi] er litt spesiell, så eg seier helst *drosje*.» I talemålsgranskinga var det informantar som uttalte f.eks. *rappe* og *straight* med engelsk *r*, og *cheeseburger* hadde òg ofte ein nokså engelsk uttale. Dei var altså klar over at ordet ikkje er godt tilpassa, og da kan ei redsle for å verke tilgjord få folk til å kvi seg for å bruke ordet.

Oddrun Grønvik (1991: 159 og 161) omtaler «omgåingsstrategiar» som folk bruker for å sleppe å uttale dei utalandske orda, og ho viser til erfaringar frå eit parfymeri der kundane stiller omtrentlege spørsmål for å unngå dei vanskelege produktnamna.

Dei nye fremmendorda kan altså ha ein svært labil uttale i første fasen, og den står i motsetnad til uttalen av tradisjonelle ord i dialekten, som det kan vere knytt identitetstjenester til. Denne uvissa kring uttalen av nye importord gjer òg at ein kan finne nokså stor variasjon frå informant til informant i korleis dei uttaler orda.

Når eit nytt ord kjem, vil kanskje kvar språkbrukar prøve seg litt fram. Da ordet *nylon* blei aktuelt, blei uttalar med både *ai* og *y* brukte ei tid, og truleg av same språkbrukarane. Men etter kvart som fenomenet og ordet blei vanleg, sigra *y*-en. Språkbrukarane endra språkvanane sine. Same historia gjeld truleg for *jus* (av engelsk *juice*), som lenge blei uttalt med engelsk [D]. I dag verkar det som uttalen med norsk *j*-har teke over. Men ein må rekne med at ei slik utvikling eller stabilisering tek minst 30 år, truleg lengre tid. *Juice* er registrert første gong i 1961 i norsk, *nylon* på 1940-talet (Leira 1982.). For andre ord kan det truleg ha teke lengre tid. Denne utviklinga har vore tydeleg for mange ord som i dag har ein heilt fast uttale: *Jass* blei i si tid uttalt som både [Dæs] og [ʃes]. Ordet *football* har gått frå [ˈfʊtɔl] via [vʃʊtɔl] eller [vʃʊtbal] til det heilt tilpassa [vʃʊtbal] eller [vʃʊtbal].

Denne lange tilpassingstida kjem nok av at dette ikkje berre er tale om at språkbrukaren skal fastleggje sin individuelle vane eller bestemme seg for å halde seg til éin uttale, det er meir tale om å stabilisere ei sosial norm. Det bruker å ta tid. Vi kunne her samanlikne med den vanlege røynsla at det tek tre generasjonar å utvikle ein ny stabil dialekt f.eks. på heilt nye industristader (Sandøy 1987: 250f.).

Når vi skal studere og tolke lålordstilpassinga, må vi vere oppmerksame på denne tilpassingsprosessen, og det vil seie at heilt ferske lån ikkje kan tolkast som stort meir enn illustrasjonar på tilpassingsproblema, ikkje som eksempel på kva løysing som kjem til å sigre.

b. Historiske fasar

Dei faktorane som verkar inn på tilpassingsprosessen, endrar seg gjennom språkhistoria. Det gjer at låneopptaket kan få endra mønsteret. Det er ikkje gjort systematiske studiar av dette, men nedafor skal vi prøve å vise nokre slike endringar. (I pkt. 1.3.2.b er alt avviklinga av palataliseringsregelen nemnd.)

Uttalen av fonema verkar inn på kva mønster som blir oppretta for korrespondansar. Det er f.eks. ikkje sjølvstg kva fransk [ʒ] skulle svare til på norsk. I austnorsk ligg både [s] og [ʃ] nær, i vestnorsk kunne [s] og fonemkombinasjonen /sj/ vere aktuell. Den «breie» s-en er tydeleg blitt brukt ein del, og *logis* er blitt til f.eks. *lossi*, som var jamstelt form i landsmålet frå 1918. Elles rår *sj*-uttalen, som i f.eks. *prosjekt*.

Orda *kvekar*, *potet* og *kjeks* er òg eksempel på at det vi kjenner som diftongen [ei], er lånt inn som monoftong *e* i norsk. Her kunne ein ha forklart dette med manglande kunnskap om engelsk da lånet skjedde. Men det er vel så sannsynleg at det er den eldre monoftonguttalen i engelsk som er forklaringa, altså [ke:ks]. (Ljung 1988: 12 viser til at svensk *kväkare* er lånt inn på 1600-talet.) Det same gjeld truleg òg for monoftonguttalen i *trene*, *race*, *baby*, *bacon*, *blazer*, og truleg også i *handbrekk* for engelsk *handbrake* (jf. Hansen & Lund 1994: 97). Eit slik mønster for opptak kunne så leve ei stund etter at engelsk hadde fått utvikla diftong. I dag rår opptaksmønsteret med *ei*.

Skrivemåten ser ut til å ha verka inn på vokaluttalen i det gamle importordet *sjal* av engelsk *shawl*, som i svensk blei lånt på 1700-talet (Ljung 1988: 12). I vår tid har vi fått opptak med *å*: *trål*, *krål*.

Strukturen i norsken kan ha verka inn på låneopptaket. Da norsk mangla diftongen *ai*, fekk vi inn verbet *teite* av engelsk *tight*. Det same finn vi i *spleise*, *streike*, *splitkein*, *sleid(e)*, *skeileit*. Etter kvart i dette hundreåret har vi fått ein del ord med diftongen *ai*, slik at den no må reknast som ein del av det heimlege systemet. Derfor kunne vi for nokre år sia få inn substantivet *tights* med uttalen [taits]. Etter at norsk aksepterte diftongen *ai*, kunne norsk òg ta inn ein bokstavuttalar av *trailer*, *raid* og *spray* med *ai*-uttale. Ordet *trailer* er første gong registrert i 50-åra, *raid* er brukt alt før krigen, og *spray* er første gong registrert i 1954 (Leira 1982). Men dei nyaste låna med engelsk skrivemåte *ai* og *ay*, jf. *display* (registrert første gong 1965), går berre til *ei*-uttale på norsk. I denne ordgruppa sigrar tydeleg det som liknar på engelsk uttale, over det som liknar på engelsk skrivemåte.

Dei distribusjonelle mønstra vil òg verke inn på korleis importorda blir tekne opp. I eldre tid fanst berre få, kanskje ingen ord med utgang på *-ts* (slike konsonantsamband var blitt assimilerte til *-ss*). Det gjorde at ordet *milits* fekk forma *miliss*, slik det òg var normert i landsmålet i 1918. Stammeutgang på *-sj* fanst heller ikkje, slik at landsmålet normerte *marsj* og *marsjere* til *mars* og *marsera* i 1918. Seinare har utgang på *-sj* blitt allment akseptert i norsk.

Det blir stundom hevda at ein før lånte ord ved å høre dei i talemålet, slik f.eks. sjømennene gjorde. I dag låner ein oftare etter å ha møtt ordet i skrift ettersom kunnskapen om engelsk er større. Det finst ein del eksempel som kan støtte ein slik synsmåte: *overall*, *kutte* ['ɔ:veral, vkute]. Men det finst òg eksempel som går imot ei

slik forklaring: *kjeks* og *racer* har ikkje gjort det; desse orda har fått *e*-uttale, som er kommentert ovafor. Det nokså gamle ordet *cowboy* har til vanleg forma [ˈkɔbɔi] eller ev. med lang førstevekval, og ikkje eit ev. [kɔ:v] etter skriftbiletet. Den engelske «lydrette» uttalen [hɔ:l] for *hall* er vel heller ikkje så ny lenger. På andre sida kan vi også i moderne ord få bokstavrett uttale: *holding-selskap*, *jumbojet* (først registrert i 1967)³⁰ og *faks* [hɔlding-, jumbo-, faks]. Dette skulle syne at det er mange faktorar som verkar inn på opptaksreglane. Truleg kan det vere forskjell frå emneområdet til emneområdet i korleis ordimporten kjem.

At opptaksstrategien kan endre seg, ser vi òg i dei engelske orda med kort [æ]. Stene (1945: 83) reknar opptak med *e* som det normale og kommenterer at 38-rettskrivinga ikkje innførte *metsj*: «but in order to be consistent with current pronunciation one would have to write *metsj*». Ho byggjer på riksmålstale hos folk med «secondary school». Side 102 kommenterer ho at ein meir engelsk uttale med [æ] finst:

«this sound is heard i *camping* [ˈkæmpɪŋ], *champion* [ˈʃæmpiən], *crash* [kræʃ], *gangster* [ˈgæŋstər]. Words with this sound stand out as foreign in N riksmål. ... In N riksmål the pronunciation with [æ] is not very stable, though, and most of the words that have this pronunciation also have variant forms with the closer sound [ɛ], ... The pronunciation with [æ] is an intermediate stage in the process of formal assimilation of foreign words to the N system, and will probably be followed by pronunciations with [ɛ] that fit into the system.»

Det vi kan slå fast i dag (jf. pkt. 4.1.2.a) er altså at det i Oslo-området er *æ*-en som er blitt normalmønsteret ved opptak av importord med engelsk [æ]. Denne endringa er skjedd etter krigen.

For engelsk *u*, *ou* [ʌ] har vi meir fast uttale med norsk *u* i eldre importord, f.eks. *bungalow*, *klubb*, *buffer*, *humbug*, *kutte*, *kutter*, *punsj*³¹, dels òg uttale med *o*: *bunkers*, mens nyare importord oftare får *ø*: *trøbbel* (som var normert til *trubbel* frå 1981 til 1983), *bløff*, *tøff*.

4.2. Opptak av importord i skriftmålet

4.2.1. Om materialet

Det finst to databasar som er spesielt lagde til rette for studiar av importord:

1. *Nyordsarkivet* ved Avdeling for leksikografi, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. Det omfattar 300 000 sitat or aviser, tidsskrift og vekeblad. I databasen som er under oppbygging, er det no lagde inn om lag 72 000 sitat frå tidsrommet 1920 - 1994, dei fleste frå 1968 til 1972. Det innlagde materialet er

³⁰ *Jumbo* fanst frå før, *jet* var første gong registrert i 1947 i *jetmotor* (Leira 1982).

³¹ Ljung (1988: 12) daterer lånet av *kutter* til 1600-talet og *punsj* til 1700-talet i svensk.

fyldigast på bokstavane fremst i alfabetet. Derfor er materialet lite eigna til frekvensvurderingar. Men her er aviser frå heile landet representerte.

2. *Anglisismeprosjektet*. Materialet ved Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo, omfattar 17 000 eksemplar på lån frå engelsk fordelte på 4000 ord. Materialet omfattar mest avistekstar, men òg noko frå romanar, tidsskrift og vekeblad. Noko er frå 1960-talet, men det meste er frå tida kring 1990. Av dette nyare materialet er nesten halvparten frå *Aftenposten*. (Graedler 1996: 68f.) Ein annan skeivskap ved materialet er at det ikkje er geografisk representativt; all teksten er produsert, eller i alle fall publisert, i Oslo. Frekvenstala må ein såleis ikkje leggje for mye i.

3. Ein del meir tilfeldige ekserperingar. Dette omfattar særleg eit materiale Ellen Skolseg samla ved å lese først og fremst musikkmeldingar i ymse tidsskrift og blad meinte for unge menneske.

4.2.2. Skrivemåten i dei 60 undersøkte orda

Ei undersøking av skriftmaterialet må her berre avgrensast til stikkprøver, og det er da naturleg å sjå på dei orda som alt har vore framme i behandlinga. Frå databasen i anglisismeprosjektet er dei 60 orda frå talemålsgranskinga undersøkte. I nyordsdatabasen er det søkt på både dei og ord som var oppe til behandling i Språkrådet i 1996. Orda er sjølvstøtt ikkje interessante på same måten i eit skriftmålsmateriale som i talemålsmaterialet, ettersom normdanninga for skriftlege produkt er meir avhengig av redaktør-avgjerder, mens talemålsnormene er meir styrte av det sosiale miljøet. Nedafor skal vi sjå på korleis orda blir tilpassa norsk rettskriving og/eller det norske ortografiske mønsteret. (Alle tabellane viser tal for belegg i materialet åt anglisismeprosjektet.)

Vi skal avgrense denne gjennomgangen til spørsmålet om korleis stammen i orda blir skriven i belegga. Som vi skal sjå nedafor, kan det vere viktig å skilje mellom stammen i substantiv og stammen i verb. Det er gjort i denne oppteljinga, dvs. at f.eks. *serve* brukt som substantiv ikkje er blitt registrert ettersom ein i talemålsgranskinga spurde berre etter verbet. Men stammen framom substantiv på *-ing* er rekna som verbstamme, dvs. at *scanning* er eit belegg på stammen i å *scanne*. Eksempel der sjølv ortografien går inn i eit ordspel, er haldne utafør.

a. I samsvar med rettskrivinga

Desse orda finst berre med éi form i stammen (tala i parentes viser frekvens i databasen åt anglisismeprosjektet):

Anglisismeprosjektet:

bacon (8), *band* (36), *cash* (15), *catering* (7), *champagne* (11), *charter* (14), *cheeseburger* (3), *chips* (17), *choke* (5), *container* (18), *display* (8), *dubbe* (7), *fancy* (21), *gamble* (21), *gangster* (18), *happening* (17), *matche* (58), *pickup* (8), *puck* (12), *pumps* (10), *raid* (11), *safe* (12 som adjektiv – av desse 9 i adverbial stilling), 9 som

substantiv og 7 som verb), *serve* (7), *shabby* (7), *slang* (8), *snacks* (19), *spray* (12), *stand* (16), *stunt* (26), *surfe* (13), (2), *taxi* (12), *trailer* (30). Vi kan her også ta med *maile*, som er skrive med engelsk vokalisme; dette ordet er enno ikkje blitt normert.

Nyordsdatabasen:

bakke (dvs. *oppbakking*), *bacon*, *band*, *cash*, *catering*, *cheeseburger*, *chips*, *choke* (medrekna *chokeren*), *display*, *dubbe*, *duffelcoat*, *fancy*, *gamble*, *gangster*, *happening*, *maile*, *matche*, *pickup*, *puck*, *pumps*, *raid*, *safe*, *serve*, *shabby*, *skate*, *slang*, *snacks*, *stand*, *stunt*, *surfe*, *taxi*, *touch*, *trailer*, *truck*.

Desse orda er skrivne i samsvar med det som inntil 1996 kunne reknast som det einaste gangbare etter norma, dvs. at i dei tilfella der det før ikkje fanst noko særleg norsk normeringsvedtak (*cheeseburger*, *skate* (48), *spaca/-et/-ede* (3)), følgde ein skrivemåten i engelsk. Dermed kan ein heller ikkje lese noko om f.eks. uttalen ut av desse skrivemåtane; dei kan berre vitne om ein lojalitet mot rettskrivinga. (Skrivemåten *taksi* ikkje er belagt i dette materialet. Derimot er verbet *takse* belagt enda det er same ordet – engelsk *taxi* er både verb og substantiv. Skrivemåten *takse* er også godkjend i norma.³²)

Teip/tape er belagt i begge dei tillatne formene:

Kjelde	tape - v	teipe - v	tape - s	teip - s
Aftenposten	5	1	7	
Dagbladet	2	1	4	
Andre	4	2	7	
I alt	11	4	18	0

I nyordsmaterialet er det eksempel på *teip* også som substantiv.

b. Unormert kvantitet

I tre av tilfella der det manglar normering, er det gjennomført ei spontan norvagisering av kvantiteten, nemleg i verba *rappe* (31), *scanne* (5) og *tagge* (2). Dette er einaste eksempla i dette ordutvalet frå anglisismeprojektet der den engelske skrivemåten skaper problem for kvantitetsregelen i det norske ortografiske mønsteret. Da blir *scanne* og *tagge* alltid omlaga slik at dei får dobbel konsonant. Nedafor under punkt c skal vi sjå ein sterk tendens i same lei i det unormerte verbet *rappe*.

Dette har vi mange eksempel på blant dei alt normerte importorda (jf. *dubbe*), men det er ikkje konsekvent. For eksempel skal *bag* bøyast slik etter norma: *bag* - *bagen* - *bagar* - *bagane*. Dette mønsteret skaper tydeleg problem ettersom rettskrivinga her bryt med kvantitetsregelen i det norske ortografiske mønsteret. I det gjennomførte anglisisme-materialet finn vi desse skrivemåtane:

³² Ved ein feil er skrivemåten *taksi* kommen med i 93-utgåva av *Nynorskordboka*.

Kjelde	bag	bagen	bag'en	baggen	bags	bag's	bager	bag'er	bagger
Aftenposten	1				1		2		
Dagbladet	1		2						1
Andre	2	5	1	2	1	1	2	1	2
I alt	4	5	3	2	2	1	4	1	3

Nyordsmaterialet har også eit eksempel med *bagger*. Vi ser her korleis det tydeleg er litt problematisk å skrive bøygde former av dette ordet. Av dei 18 eksempla med norsk bøyingsending er 5 skrivne med dobbel konsonant, og altså i strid med rettskrivinga, men i samsvar med det norske ortografiske mønsteret.³³

Vi har før peikt på at dette kvantitetsproblemet blir løyst der ein tek inn den engelske fleirtals-s-en i den norske stammen. Ordet *cap/caps* (frå anglisismeprosjektet) kan vere eit eksempel på det:

Kjelde	cap	caps sg.	cap'en	capsen	caps'en	caps pl.	capser	capsene
Aftenposten	2		1	1		2	1	
Dagbladet	1	1						1
Andre		1	2		1	2		
I alt	3	2	3	1	1	4	1	1

Her er som venta ingen skrivemåtar med *k*, men 7 av dei 17 belegga viser stammeform med *-s*. I nyordsmaterialet har 3 (*Nordlandsposten*, *Glåmdalen*, *Stavanger Aftenblad*) av 7 stammen *caps*.

Det nye lånordet *guts* er belagt 10 gonger i anglisisme-materialet, og (sjølvst) alltid i den engelske fleirtalsforma.

c. Unormert vokalisme

Så lenge skrivemåten er i samsvar anten med den norske norma eller med engelsk, kan vi lite uttale oss om kva problem som vokalismen skaper for ortografien. For eksempel legg vi merke til at vokalen *a* er skriven «lojalt» i alle tilfella ovafor, der uttalen truleg er noko anna hos svært mange. I nokre tilfelle er det avvik, nemleg i *kløtsj*, *krasje*, *dash*, *dyffelcoat*, *fade*, *fan* og *rap/rappe*.

I tilfellet med *rap/rappe* var det nokså få verb, og for å illustrere vokalismen har vi slått saman både verb og substantiv her:

³³ Vi har frå før eit mønster med at *m* ikkje er dobbelskriven i utlyd, slik at vi får vekslingar som *lam - lammet*. Men det har ikkje nokon fonologisk bakgrunn, derimot ein grafisk: *m*-en er så brei.

Kjelde	rap-	ræp-	rapp-	ræpp-
Aftenposten	16		6	
Dagbladet			4	17
Andre	11		2	1
I alt	27	0	12	19

Her er tendensen nokså sterkt til norvagisering, men først og fremst i *Dagbladet*, som tydeleg har statsa på vokalen *æ*. (Den doble konsonanten kjem sterkt inn også i *Aftenposten*.) Nyordsmaterialet støttar same mønsteret.

Ordet *fan* er skrive 18 gonger i samsvar med norma, 1 gong som *fæn* (i «fænklubben»). *Krasje* og *dash* finst både med *æ* og *a* og med norsk konsonantisme.

Kjelde	crashe	kræsje	krasje	dash	dæsje	dasj
Aftenposten	2	1	1	9	1	
Dagbladet	3	1		7	1	
Andre	1	7	4	5	7	1
I alt	6	9	5	21	9	1

Nyordsmaterialet har eit eksempel frå *Nordlandsposten* på eit ordspel som avspeglar at uttalen av vokalen i *cash* i nordlandsk blir assosiert til den korte uttalen av *e*-fonemet:

«JEG BETALER KR. 50.000,- KERS til den som kan skaffe meg høvelige KONTORLOKALER i Bodø.»

I tilfellet med *straight* har norvagiseringa pressa seg fram før ho blei velsigna i norma:

Kjelde	straight	strait	streit	stræit
Aftenposten	6	5	5	
Dagbladet	2		4	1
Andre	3	10	8	
I alt	11	15	17	1

Det har vakla litt mellom *ei* og *ai* i vokalismen, men *ei* ser av materialet i anglisismeprojektet ut til å få overtaket. Nyordsmaterialet har både *stright* og *streit* (*Nordlandsposten*).

I ordet *konteinar* ser ein òg denne vaklinga i diftongen i nyordsmaterialet, der finst det eitt eksempel med *konteiner* (*Trønderavisa*) og eitt med *kontainer* (*Nordlands Framtid*). Eit eksempel (av 8) i nyordsmaterialet med skrivemåten *sprey* (*Dagbladet*) må vel tolkast som uttrykk for ein uttale med *ei*.

I materialet åt anglisismeprojektet er *fade* skrive 4 gonger på engelsk vis, dessutan 1 gong som *faide* og 1 gong som *fejde*. Begge siste skrivemåtane må vel tolkast som

uttrykk for uvisse hos språkbrukaren, derfor skriv han orda på ein fremmend måte. Ordet *dyffelcoat* er skriva 1 gong i samsvar med norma, og 12 gonger som *duffelcoat*. Vi såg ovafor at \emptyset -uttalen dominerer, og skrivemåten viser at ordet blir oppfatta som heilt ut eit engelsk importord.

Når det gjeld ord der dei fleste norske dialektane tek i bruk vokalen \emptyset ved opptak av importord, har materialet åt anglisismeprojektet 3 ord der \emptyset -en er blitt teken i bruk i strid med norma: *kløtsj*, *truck* og *punk*³⁴:

Kjelde	clutch	klutsj	kløtsj	punk	pønk	truck	trøkk
Aftenposten	2	1		8	1	10	
Dagbladet	6			3		4	
Andre	11	1	1	12	14	11	1
I alt	19	2	1	23	15	25	1

I nyordsmaterialet har eitt (*Dagbladet*) av to belegg på *punk* vokalen \emptyset . Det materialet viser òg eit parallelt tilfelle med \emptyset i *kløtsj*, jf. nedafor under pkt. d.

I ordet *tøtsj* blei \emptyset -en innført i 1974, altså etter at ein del av belegga var produserte. Her er \emptyset -formene litt brukte:

Kjelde	touch - v	tøtsj - v	touch - s	tøtsj - s
Aftenposten	4		4	
Dagbladet	2		4	
Andre	1		3	1
I alt	7	0	11	1

Nyordsmaterialet (som for det aller meste er frå før 1974) har berre forma *touch*.

d. Unormert konsonantisme

I anglisisme-materialet er det eitt tilfelle av at *c*-en er bytt ut med *k* utan at den skrivemåten er kommen inn i norma: Ordet *camping* finst med 8 belegg, av dei er 1 frå Dagbladet med skrivemåten *kamping*. På same måten er 1 (*Finnmarken*) av 7 belegg skriva med *k* i nyordsmaterialet.

Som vist ovafor har ordet *kløtsj* *k* i 3 av 22 belegg i anglisisme-materialet. Vi såg òg at *krasje* er skriva med *c* i 6 av 20 tilfelle. Norma krev *k* i dette ordet. I ordet *klinsj* er det skriva *k* i 1 av 7 belegg.

I nyordsbasen har 2 av 5 belegg på *konteinar* ein skrivemåte med *k* (*Trønderavisa* og *Nordlands Framtid*). Same basen har eit belegg på *skanne*, og det er skriva med *k* (*Naturen*). Derimot er det ingen med *k* i *handikappa* i nyordsmaterialet (av 5 belegg).

³⁴ At skrivemåten *pønk* kom inn i 1993-utgåvene av *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* var ei føregriping av rådsmøtevedtak og departementsgodkjenning, som ikkje kunne komme før i 1996. Same året blei også *kløtsj* ei tillaten form. Det har neppe verka inn på dette materialet, som i all hovudsak er eldre.

Ordet blei normert med *k* i 1959. I materialet åt anglisismeprojektet viser belegga denne spreinga på dei fire tenkjeleg kombinasjonane av norsk og engelsk skrivemåte i verbet:

Kjelde	handicape	handikape	handicappe	handikappe
Aftenposten			4	
Dagbladet		1	4	5
Andre			3	3
I alt		1	11	8

Verbet *backe opp* er normert til *bakke opp*. Her er oppteljinga heilt avgrensa til kombinasjonen med adverbet *opp*, og former som er funne, er: *å backe opp*, *å bakke opp*, *backer opp*, *bakker opp*, *bucket opp*, *bakket opp*, *oppbackende*, *oppbacking*. Fordelte på kjelder er beleggfrekvensane i anglisismeprojektet slik:

Kjelde	med <i>ck</i>	med <i>kk</i>
Aftenposten	6	2
Dagbladet	4	2
Andre	5	5
I alt	15	9

Skrivemåten med *kk* er tydeleg brukt ein del, men *backe* står sterkast.

Det er tilløp til at *sj*-lyden kjem inn før Språkrådet har innført han. Det såg vi ovafor i *dash* og *kløtsj*, og vi ser det i *rush(trafikk)*. I *lunsj* heng derimot *ch*-skrivemåten framleis litt i:

Kjelde	rush	rusj	lunsj	lunch
Aftenposten	7		1	2
Dagbladet	4	1	5	1
Andre	17	1	9	2
I alt	28	2	15	5

Nyordsmaterialet har 2 (*Bergens Arbeiderblad*, *Bergens Tidende*) av 7 belegg på *rush* med skrivemåten *sj*.

Ordet *kløtsj* fekk alternativ med norvagisert skrivemåte i 1984. Nyordsmaterialet er frå før dette året, likevel er 3 (*Dagbladet*, *Glåmdalen* x 2) av 8 belegg skrivne på den norvagiserte, men enno ikkje normerte måten. Ordet *klinsj* (normert slik først i 1996) er i 1 (*Arbeiderbladet*) av 5 belegg i nyordsmaterialet skrive på den norvagiserte måten.

Krasj og *krasje* blei normert til denne skrivemåten i 1940. I nyordsmaterialet finn vi desse skrivemåtane av stammen: *krasj-* (6), *kræs-* (2), *krash-* (1), *crash-* (6). Frå same materialet viser *dash* denne statistikken: *dasj* (1 - *Demokraten*), *dæs-* (3), *dæsch* (1), *dash* (10).

I nyordsmaterialet er 2 av 3 eksempel med *lunsj* skrivne som *lunch* (*Aftenposten* og *Glåmdalen*).

4.2.3. Kva styrer opptaket?

Det er fleire faktorar som ein kan tenkje seg verkar inn på kva ord som blir tilpassa det norske ortografiske mønsteret: a) alder, b) utbreiing, c) stilistisk funksjon, d) strukturell kompleksitet. Anglisismeprojektet (meir formelt kalla «Engelsk i norsk språk og samfunnet») ved Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo, har teke opp fleire av desse faktorane. Når det gjeld alder og utbreiing, er resultatata litt motstridande (Fausa 1994 og Sørland 1993). Den stilistiske funksjonen er ikkje systematisk undersøkt, men det er nok allmenn semje om at det er ein samanheng. Stundom er nettopp allusjonen eller assosiasjonen til det utalandske, det engelske eller det internasjonale, det viktige, og ei form med fremmend ortografi kan da nettopp understreke dette.

Anne-Line Graedler (1996: 68) nemner m.a. *den strukturelle kompleksiteten* i orda som ein faktor for om orda blir skrivne med norsk ortografi eller ei, og hennar eiga dr.-avhandling *Morphological, semantic and functional aspects of English lexical influence in Norwegian* (1995) tek opp det. Ho har studert om det er ein samanheng mellom norsk eller utalandsk ortografisk form på eine sida og om ordet er bøygd eller ubøygd på den andre sida. Den samanhengen er svært klår: Bøygde former får oftare norvagisert skrivemåte enn ubøygde; 18 % av dei bøygde formene har ein skrivemåte som vik av frå den engelske. Det kan da tolkast slik at den bøygde forma – altså ei morfologisk tilpassing til norsk – føreset eller markerer ei integrering i det norske språksystemet, og det kjem til uttrykk i at ein prøver å skrive heile ordet meir etter det norske ortografiske mønsteret. (Som Graedler (1996: 71) peiker på, kan ein òg tenkje seg at verknaden går den andre vegen: Norsk ortografi lettar bruken av norsk bøyging.)

I visse samanhengar krevst det ei bøygd form, og lèt ein ordet stå ubøygd der, opplevest konstruksjonen som ugrammatisk eller som ei svært sterk markering, som i desse tilfella (etter Graedler 1996: 72):

- () når hun sitter i *cockpit* ... synes hun livet er rimelig greit. (*A-magasinet* 1990)³⁵
- () I 80-åra var dette et «*safe*» spill for de innforståtte på galleriet (*Dagbladet* 1993)

I ein posisjon der desse orda står ubøygde, kan dei uttalast slik at ingenting treng bryte med strukturen for norsk talemål. Det er berre ortografien som er avvikande. Men blir ikkje orda bøygde, blir det brott også i uttalen av setninga. Eit lite grammatisk brott kan markere eit sitatord eller ein sitert frase, og slik kan ein oppfatte eksempelet med *safe* utan inkjekjønnsending. Men det er etter kvart neppe rett å rekne det vanlege ordet *safe* som sitatord, slik at markeringa med hermeteikn må helst vere uttrykk for ein «grammatisk konflikt» som språkbrukaren er i.

³⁵ *Cocpit* brukt i ubestemt form her kan vere fagsjargong.

I første eksempelet kan ikkje *cockpit* vere sitatord, for det er det vanlege ordet på norsk for dette omgrepet. Skulle ein ha brukt sitatfunksjonen her, måtte ein dessutan ha sagt *the cockpit*. Denne setninga er altså ikkje berre stilistisk mislykka, ho er formelt uakseptabel, og igjen kan det vere det ortografiske problemet som er for vanskeleg å løyse for språkbrukaren. Bøygde former er ikkje noko problem i talen når det gjeld desse orda; der er dei heilt integrerte i språket. Det er i skriftbiletet konflikten oppstår når ein skal kombinere ein stamme i ikkje-integrert ortografi med ei ending som er integrert.

Graedler har funne at samanhengen mellom bøygd form og norsk ortografi er mye sterkare i verb enn i substantiv og adjektiv:

bøygde substantivformer:	15 % med endra skrivemåte
bøygde adjektivformer:	28 % med endra skrivemåte
bøygde verbformer:	48 % med endra skrivemåte

Dette resultatet samsvarer med eit anna ho har komme til, nemleg at verba er den ordklassen som mest konsekvent får norsk bøyingsending (som også Leira 1992: 54 nemner):

substantiv med norsk bøyingsending:	22,5 %
adjektiv med norsk bøyingsending:	35,0 %
verb med norsk bøyingsending:	89,0 %

«Verb blir automatisk integrerte bestanddeler av språket i det øyeblikket de brukes i en norsk setning, på en helt annen måte enn mange adjektiv og substantiv blir det.» (Graedler 1996: 74.) Ho tolkar dette slik at sambandet mellom ord og norsk ending ikkje er så sterkt i substantiva (og adjektiva); det må bety at språkbrukaren lettare analyserer i stamme + ending, slik at ein i substantiv og adjektiv lettare oppdagar den morfologiske grensa. Graedler viser her til at importerte substantiv har den engelske s-en i 52 % av fleirtalsformene, og tolkar det inn i same mønsteret. Dermed blir det slik at vi «tolererer en form som *shoper* som flertall av substantivet *shop*, mens den altså ser ut til å fungere dårlig som presensform av verbet». (S. 76.)

Samanhengen mellom norvagisert skrivemåte og norsk bøyning går fram av denne tabellen for fleirtal ubestemt form av substantiv:

	av alle substantiva	ord med fleirtal på -s	ord med fleirtal på -er/-e	ord med inga ending i fleirtal
endra stavemåte	20 %	2 %	16 %	25 %
ikkje endra stavemåte	80 %	98 %	84 %	75 %

(Etter Graedler 1996: 77.)

Samanhengen her skulle vere svært klår og går best fram av at berre 2 % av substantiv med engelsk s-fleirtal har endra skrivemåte, mens gjennomsnittet av

fleirtalsformene er 20 %. Graedler peikar på at dei fleste av tilfella som går inn i dei to prosentane, er anten tilfeldige stavefeil (*coctail*) eller «en humoristisk vri» (*djingels*). Einaste stilnøytrale formene som finst mellom ord med endra stavemåte og fleirtals-s, er *keyboards*, *pønks* og *fotos*.

Sørland (1993) har funne at norvagiseringa er svakare på semantiske område der det frå før er mange ikkje-norvagiserte importord, som innafor sport (*double*, *game*, *speedway*), musikk og dans (*blues*, *boogie-woogie*, *jam session*). Overraskande er resultatet hennar om at alderen på importorda ikkje er så avgjerande. Her viser ho til at eit nytt ord som *grunge* raskt blei til *grønsj* (utan å vere vedteke i Språkrådet).

4.2.4. Dei ortografiske og morfologiske løysingane

Den gruppa av verb som mest skaper ortografiske problem, er dei som har kort vokal + enkel konsonant på engelsk, f.eks. norske bøyingsformer av *to dig*. Skal slike ord vere integrerte i norsk, krevst det ei norsk markering av at stammevokalen er kort: *å dige - digar - diga - diga* fører til lese måte med lang vokal. Det gjer at det er ein svært sterk tendens til å bruke norvagiserte skrivemåtar: *digge - diggar - digga - digga*. Så lenge vokalen også kan lesast etter det norske ortografiske mønsteret, blir denne løysinga enkel og fullgod.

Eit problem oppstår når vokalen skal lesast annleis, f.eks. om ein føreset ein uttale med /æ/ i *rappe* eller /ø/ *dubbe*:

«Former som *dub'er* og *rap'er* synes å antyde en uttale som ligger nær opptil den engelske, dvs. /vdøber/ og /vræper/, mens de ortografisk integrerte formene vel mest naturlig leses som /duber/ og /raper/. Nå ser jo ordene fullstendig norske ut; det er ikke noe ved formen som antyder at akkurat disse ordene er engelske, og derfor ikke skal uttales slik man kan forvente ut fra skriftbildet.» (Graedler 1996: 74).

Ved substantiv finst det ein del tilfelle av at ein ikkje endrar skrivemåten i stammen når ein legg til ei norsk ending: *puben*. Ved verb finst ikkje slikt, og sjeldan ved adjektiv. (Graedler 1996: 73.) Men «ikke sjelden forekommer former som *ego-trip* (entall) og *ego-tripper* eller *ego-trippene* (flertall), eller *hot* (positiv) og *hotteste* (superlativ) i den samme teksten.» (S. 75.)

Verb med lang vokal eller kort vokal + to konsonantar (f.eks. *mail*, *push*) kan lettare få tillagt ei norsk ending og dermed fungere i det norske bøyingsmønsteret:

maile - *mailar* - *maila* - *maila*
pushe - *pushar* - *pusha* - *pusha*

Verb som på engelsk sluttar på *-e* i infinitiv (f.eks. *cruise*, *tape*), kan ha same form i ein norsk infinitiv: *å cruise*, *å tape* (Graedler 1996: 72), men det går ikkje fram av artikkelen kor lett slike ortografiske former kan brukast med andre bøyingsendingar. Ein

kunne i alle fall tenkje seg at dei med *a*-bøyning ville bli problematiske: *å tape - tapar - tapa - tapa*, *å cruise - cruisar - cruisa - cruisa*.

Graedler seier seinare om bøygede former av verb med lang vokal (s. 74): «Også her vil jeg påstå at i det øyeblikket en norsk bøyingsendelse legges til, forvandles verbet til et norsk ord, og vi får sterkere forventninger til at det skal uttales i samsvar med skriftbildet.» Ho viser til eit eksempel med *tape'et*.

Konfliktar som på denne måten oppstår mellom føresett uttale og det norske ortografiske mønsteret, blir ofte løyste med å setje inn apostrof eller hermeteikn for å skilje stamme og ending: *rap'er*, *de mest raffinerte* og «*hot*»*e*. Dette er vanleg ved lågfrekvente og lange importord. I eksempelet nedafor er det ikkje slike konfliktmarkeringar, og dermed blir det skapt uvisse om lesestrategien:

«For deg som skater, rapper, raver eller bare vil se ut som du gjør det.»
(*NATT & DAG*)

Her er *rapper* tilpassa det ortografiske mønsteret vårt, *skater* og *raver* er det ikkje.

Det vi har sett mest på her, er kvar dei største problema er når anglisismar møter det norske ortografiske systemet. Ein del problem er så store at skribentane prøver å finne ei løysing. Det grunnleggjande ortografiske mønster skin stadig igjennom i det vi kan rekne som spontane norvagiseringar, som kan bli produserte fordi skribenten har eit behov for ei stilistisk eller ideologisk markering, men dei kan òg komme på trykk anten av vanvare eller pga. at skribenten (og ev. korrekturlesaren) ikkje har hatt tid til å kontrollere stavemåten i ei ordliste, som når 1 av 4 belegg på *sjampagne* er skrive *sjampagne* (*Finnmarken*), som før 1996 berre kunne skrivast med *ch*. Av nyare ord kan ein finne slike norvagiserte former i publikasjonar for ungdommar: *grønsja* < *grunge*, *pønky* < *punky*, *kåbbåyen*, *svitsjing*, *kårni*, *døll*, *køntri*, *tåksjåv*.

Denne typen feil finn ein òg på stader der korrekturen er nøgnare, f.eks. finn ein skrivemåten *tomatketsjup* i *Norsk riksmålsordbok* (Knudsen & Sommerfelt), som kom ut for vel ein generasjon sia (Bind II, Annet halvbind, 1957). I *Norsk-Engelsk ordbok* (Kirkeby 1986) står *sjampanje* skrive med norsk bokstavering, og dette er heller ikkje ei ordbok prega av «rabulistisk» eller radikal ortografi. Eit interessant tilfelle er dessutan ordet *pistasie*, som ordbøkene – unnateke *Norsk illustrert ordbok* (Guttu 1993) – fører opp i denne forma. Men i marknadsføring og omtale av «pistasj-is» ser ein aldri anna enn den norvagiserte skrivemåten. Elles er det nok helst ungdomsbøker som tek i bruk litt «dristige» norske skrivemåtar. Det som truleg kanskje hindrar fleire norvagiserte skrivemåtar i publikasjonar, er korrekturlesinga og redaksjonelle retningslinjer om språkforma.

4.2.5. Holdningar til lån

Holningane til bruken av engelske importord følgjer eit sosialt mønster, går det fram av ei holdningsgranskning som Inger-Lise Masvie (1992) har gjort i tilknytning til anglisismeprojektet ved Institutt for britiske og amerikanske studiar i Oslo. Det går der

fram at tenåringar er meir villige til å bruke anglisismar enn vaksne, og menn er meir positive enn kvinner. I ei gransking frå Sverige (Ljung 1985) kjem same tendensane fram. Masvie prøver å forklare aldersforskjellen med «that teenagers in general tend to follow other norms than those set by society» (s. 93), og «that as people get older they tend to use more standardized language» (s. 94). Når det gjeld kjønnsforskjellen, viser ho til Ljung, som understrekar at kvinner har ein tendens til å bruke mindre avvik frå «what one might call the official form». Dei engelske importorda får her funksjon som eit dristig og markert avvikande språk, den funksjonen ein elles tillegg slang.

Masvie har samla inn materiale frå både Oslo og Farsund, og analysen viser at studentar i Oslo lettare aksepterer engelske importord enn studentar frå Farsund. (Masvie 1992: 93).

Masvie har òg spurt informantane om dei helst vil ha engelsk eller norsk skrivemåte på ein del oppgitte ord: *crash/kræsj*, *gear/gir*, *lunch/lunsj*, *mix/miks*, *hike/haike*, *peanut/peanøtt*, *tape/teip*, *crawl/krål*, *striptease/striptis*, *clutch/kløtsj*, *guide/gaide* og *country/køntri*. Her er altså med både norvagiseringar som har vore i norma ei tid, og norvagiseringar som enda ikkje var diskuterte i Språkrådet da denne granskinga blei gjennomført. Ikkje uventa blir tendensane nokså ulike frå ord til ord. Gjennomsnittstala for alle orda er (Masvie 1992: 100):

	Engelsk skrivemåte	Norsk skrivemåte
Samla	50,2	49,8
Tenåringar	46,4	53,6
Vaksne	52,7	47,3
Menn	51,5	48,5
Kvinner	49,4	50,6
Studentar frå Farsund	41,2	58,8
Studentar frå Oslo	52,9	47,1

Samla sett er det altså nokså jamt: Halvparten ønskjer norsk, og halvparten engelsk skrivemåte. Tala oppdelte på grupper er nokså jamne, men her er to interessante tendensar: Tenåringane vil oftare ha norsk skrivemåte, og studentar frå Farsund vil oftare enn studentar frå Oslo ha norsk skrivemåte. Dette går også att i resultatata for alle enkeltorda.

Den skiftande oppslutninga om norsk skrivemåte for kvart enkelt ord kan framstillast slik i fallande rekkjefølgje (jf. Masvie 1992: 99-107):

haike	peanøtt	lunsj	kræsj ³⁶	gir	miks	krål	striptis	teip	kløtsj	gaide	køntri
98,1	92,5	78,8	75,5	74,3	66,0	35,5	23,6	21,9	15,0	9,3	7,6

³⁶ Masvie refererer til *Bokmålsordboka*, men den normerte skrivemåten er *krasje*.

Det som er slående med denne tabellen, er at det er eit nokså godt samsvar med kor lenge den norvagiserte forma har funnest i normert norsk:

1959	1940	1924	1940	1924	1940	1984		1966	1996	1996	
------	------	------	------	------	------	------	--	------	------	------	--

Da granskinga til Masvie blei utført, var verken *kløtsj* eller *gaid* aksepterte former i normert skriftmål.

For kvart enkelt ord kan det sjølvsagt vere spesielle faktorar som verkar inn på resultatet. (For ordet *striptis* var det f.eks. markert større oppslutning om engelsk skrivemåte hos menn.) Få av gruppeforskjellane er statistisk signifikante, men tendensane som er nemnde ovafor, går att i detaljresultata. Den forskjellen som er statistisk signifikant (på 0,05-nivå), gjeld oppslutninga om norvagiserte former hos studentar i Farsund og Oslo:

	krål	teip
Farsund	66,7	37,5
Oslo	26,9	12,0

(Masvie 1992: 104 og 105.)

Masvie har også undersøkt om informantane helst vil ha norsk eller engelsk fleirtalsending i nokre importord (*baby, trend, guru, donor, fight, manager, kicker*). Her er oppslutninga om norsk ending heilt dominerande (95,3 %, 94,4 %, 92,3 %, 84,0 %, 81,0 %, 71,4 % og 66,3 % for dei nemnde orda i same rekkjefølgja som ovafor) (s. 116). Lågaste skårane får altså *manager* og *kicker*. Dette resultatet kan kanskje komme av at desse to orda knapt er allmenne i norsk. Desse resultatata er nokså ulike dei Ljung (1985) kom til for svensk, som i sterkare grad godtek engelsk *s*-ending. Elles er det påfallande at Oslo-studentane oftare vil ha norsk ending enn Farsund-studentane. Masvie (1992: 121) tolkar dette som eit ledd i at Oslo-ungdommane lettare aksepterer engelske ord, og altså markerer det med å bruke norsk bøyingsending.

4.2.6. Prinsipp i redaksjonane

I *Aftenposten* er det eit strengt språkleg tilsyn. Redaktøren avgjer kva som skal vere retningslinjene etter råd frå ein språkkomité. Alt stoff blir retta til *Aftenposten*-norma, også lesarbrev – om ikkje innsendaren ber om å få særbehandling. Språkforma blir òg til dels retta i annonsane. Ein følgjer *Riksmålsordlisten* med tillegg frå eit eige instruksjonshefte. I skrivemåten av dei moderne anglisismane held ein seg òg til denne ordlista. Når det gjeld dei aktuelle orda frå årsmøtet i Språkrådet i 1996, er det på leiarplass sagt ifrå om at avisa er imot vedtaka der. Det prøver ein å vise i den praktiserte språkforma i avisa, blir det opplyst frå språkkomiteen.

Dette vil seie at journalistar og andre skribentar i *Aftenposten* som finn det naturleg å bruke norvagiserte og offisielt aksepterte skrivemåtar, får slike former retta i korrekturen. Meir enn i noka anna dagsavis er språkforma styrt, og tilsynet og

einskapskravet er også sterkare enn i andre aviser. Likevel kan ein nok finne avvik på sportssidene og i NTB-stoffet.

Også i *Sunnmørsposten* vil redaksjonen halde på den «gamle» skrivemåten av dei engelske importorda. Det finst ingen gjeldande klårt formulerte retningslinjer, men beskjeden til «desken» er at ein ikkje forandrar skrivemåten før ein ser at ein ny er blitt vanleg. Det viktige er å nå effektivt fram til lesarane, og derfor vil ikkje avisa gå føre i å forandre vanane. Skrivemåtar som *sørvis* og *teip* vil bli påpeikte og retta om dei dukkar opp. Men endringa *tape* til *teip* kan no komme på tale, og forma *streit* kan nok passere. I ein viss grad blir «feil» retta av retteprogrammet. Også lesarinnlegg blir retta om ein ikkje veit at språkforma er eit poeng for skribenten. Men redaktøren understrekar at dette er ei vanesak, og at avisa er open for å følgje med når bruken endrar seg i resten av samfunnet.

Den språkpolitiske profilen er tona ned i avisa, og no er ein meir oppteken av det journalistisk funksjonelle, fortel redaktøren. Men avisa markerer ein regional profil med å bruke begge målformene.

I *Norsk telegrambyrå* opplyser han som er «språkansvarleg» for tida, at ein generelt prøver å unngå anglisismar. Men der ein bruker innarbeidde ord, held ein seg til ordlista i *NTB språkregler*. Der er dei engelske variantane eineformer der det er val innafor norma. Etter Språkråd-vedtaket i 1996 kom ein i redaksjonen til at ein ikkje ville bruke dei norvagiserte variantane, for ein frykta at dei ville føre til inkonsekvensar hos medarbeidarane. Det blir lagt vekt på ei einsarte språkform, og medarbeidarane får manuskripta retta, og dei blir gjorde oppmerksame på kva feil dei har gjort.

I *Klassekampen* er det vedteke at redaksjonen følgjer NTB-norma med opning for litt individuell variasjon. Når det gjeld nyare anglisismar, der NTB-norma ikkje er presis, er ein litt konservativ. Det fungerer som ei uskriven norm blant journalistane. Ein rettar òg i lesarbreva. Når avisa endra den språkpolitikken ho hadde på 1970-talet, kom det av at ho ønskte å rette seg inn mot ei ny lesargruppe, og derfor valde ho NTB-norma.

Bergens Tidende har eiga korrekturavdeling og eigne språknormer. Det er ikkje laga detaljreglar om skrivemåten av dei nye engelske lånorda, men den generelle retningslinja er at ein skal vere konservativ. Korrekturavdelinga rettar derfor i artiklane åt alle medarbeidarane og i lesarbreve der språkforma ikkje er viktig for skribenten sjølv. (I praksis kan det komme gleppar, som da stavemåten *sørvis* blei brukt i overskrifta til ein leiarartikkel i juni 1997.)

I *Trønder-Avisa* finst det ingen andre retningslinjer enn NTB-norma, som tener som «bibel». Men desksjefen opplyser at ein likevel prøver å markere litt lokal identitet med å skrive *veg* og ein del *a*-endingar som NTB-norma ikkje opnar for. Anglisismar prøver ein å unngå, men for dei innarbeidde følgjer ein skrivemåtane som er oppførte i *NTB språkregler*. Medarbeidarane blir retta om dei skriv noko anna, men derimot står innsendarar fritt til å skrive som dei vil. Det vil seie at det er akseptabelt med *sørvis* i eit lesarinnlegg, men ikkje hos ein journalist.

I skolebokavdelinga i *Aschehoug forlag* blir det opplyst at ein ikkje har vedtekte retningslinjer. Kvar redaktør har ansvaret for «sine bøker», og dei kan ta opp

ortografiske spørsmål med forfattarane for å påverke dei, men utan å dirigere dei. Felles er det at ein ikkje ønskjer å «liggje i forkant». *Jogurt* kan nok finnast med begge skrivemåtane; *teip* blir helst skrive på engelsk måte, og ein ville vere «betenkt» over bokstaveringa *sørvis*. Poenget er å unngå kontroversielle former, for dei vil fungere negativt i marknadsføringa. Dei kan oppleve merknader frå lærarar på marknadsføringsmøte. Men dei to redaktørane som har uttalt seg, viser til at dette er eit spørsmål om vane, og at dei er opne for å leggje om når dei merkar at nye former vinn fram elles i samfunnet.

I avisa *Nordlys* finst det ingen generell redaksjonsnormal anna enn at ein skal halde seg innafor offisiell rettskriving, og korrekturlesaren som bruker å orientere journalistane, prøver å påverke dei til å bruke visse nordnorske ord der det er val (f.eks. *måse* for *måke*). Men hovudlinja er at medarbeidarane står fritt. Når det gjeld norvagiseringsvedtaka i 1996, gjekk likevel avisleiinga igjennom dei og kryssa ut dei formene ho ikkje ville skulle brukast. Dei er *fait*, *faite*, *gaid*, *konteiner*, *sjåk*, *skvåsj*, *utsider*. Ved alle dei andre ordvedtaka kan journalistane fritt velje engelsk eller norsk skrivemåte. Det gjer at f.eks. *ketsjup* stundom dukkar opp med norsk skrivemåte. Men *sørvis* har ein enno ikkje sett. Korrekturavdelinga rettar heller ikkje innsende artiklar så lenge dei held seg innafor rettskrivinga.

Gudleiv Forr i *Dagbladet* understrekar at *Dagbladet* har vore tidleg ute med fornorska skrivemåte: «I *Dagbladet* bruker vi allerede flere ord med fornorsket skrivemåte; det var for eksempel vi som begynte å skrive *rapp* med to p'er. En *pins*, en *pønker* og *ketsjup* ser også velkjent ut.» (*Aftenposten* 20.1.96.) Frå korrekturavdelinga blir det same opplyst, at ein prøver å følgje tilrådingar frå Språkrådet og er open for å sleppe til norske skrivemåtar. Praksisen kan skifte frå medarbeidar til medarbeidar, og det tillèt korrekturavdelinga. Innafor redaksjonane er det engasjerte diskusjonar om praksisen.

Den «språkrøktansvarlege» i *Romsdals Budstikke* fortel at redaksjonen er interessert i å få innarbeidd norske skrivemåtar fordi norsk språk vil vere tent med det. Derfor prøver redaksjonen å få medarbeidarane til å ta i bruk ein del av dei nye norske skrivemåtane. Det er ikkje laga noka ordliste, men forma *sørvis* har redaksjonen diskutert, og no er ho blitt fast i spaltene. Målet er å gå vidare med former som ikkje «skjer seg ut»; og former som *seif*, *sjåk*, *skvåsj* finst kanskje alt i bruk. Men forma *gaid* er tida ikkje «moden» for enno.

Dei som er faste medarbeidarar og dermed orienterte om diskusjonane, held seg stort sett til same linja – utan at det skjer retting på desken. Friare medarbeidarar følgjer ofte sine eigne språkvanar, og dei får ikkje manuskripta sine retta. Det blir heller ikkje retta i lesarinnlegga. Redaksjonen har ikkje lagt merke til nokon spesiell motstand hos lesarane på den rettskrivingslinja han følgjer.

5. Språkpolitiske syn på norvagisering

5.1. Argument

5.1.0. Innfallsvinklar til språket

Språket er ikkje berre språk. – Det vil seie at språket har også andre eigenskapar enn å vere ein struktur. Derfor kan også språket studerast med mange innfallsvinklar, f.eks. psykologiske, sosiale og politiske. Vi skal ikkje leggje vinn på å ta fram alle moglege aspekt her, men ei erkjenning av at språket fungerer som ein kulturell gjenstand i samfunnet, gjer at vi skal vere opne for at mange typar argument kan reknast som relevante også i diskusjonen om norvagisering.

Nedafor blir det sitert og referert ymse synsmåtar på spørsmålet om norvagisering. Mange av dei er henta frå diskusjonen som kom i aviser og blad etter vedtaka i Språkrådet i januar 1996, og dei skal vise breidda i argumentasjonen. Ein del av avisopplaga var ikkje meinte som drøftingar med argument for og mot, dei var ofte berre uttrykk for holdningar og standpunkt (med uttrykk som «tåpelege, barnslege, vulgære, idiotiske, banale, komiske», eller «Ketsjup forekommer meg imidlertid å være nærmest uspiselig»). Slike innlegg vil ikkje bli tekne med i framstillinga nedafor.

Dei som bruker tid på å skrive avisinnlegg, må på ein eller annan måte vere engasjerte i språkspørsmål. Derfor hører det med i heilskapsbiletet at i reportasjar der avisene spør folk på gata, finn vi òg eksempel på personar som seier at dei er likesæle med korleis vi skriv desse fremmendorda.

5.1.1. Kulturpolitiske argument

Det vide synet på språket kjem fram i nokre av paragrafane i verdserklæringa om språklege rettar som blei vedteken i Barcelona 6.6.1996:

«Artikkel 7

1. Alle språk er uttrykk for ein kollektiv identitet og ein særmerkt måte å sjå og skildre røyndomen på og må derfor ha dei vilkåra som trengst for å utvikle seg i alle funksjonar.
2. Alle språk er kollektivt konstituerte, og dei er tilgjengelege for kvar einskild i eit samfunn som reiskap for samanhengsforståing, identifikasjon, kommunikasjon og kreative uttrykk.

[...]

Artikkel 9

Alle språksamfunn har rett til å kodifisere, standardisere, konservere, utvikle og fremme språkssystemet sitt utan tilskynding eller tvang frå andre.» (Wiggen 1997.)

I vår norske samanheng gjeld ikkje spørsmålet om å sikre seg nokon råderett. Den har vi når vi vil bruke han. Men perspektivet som erklæringa legg til grunn, er den samfunnsfunksjonen språket har: Menneska har rett til å organisere seg i grupper/samfunn, og innafor gruppa er språket «reiskap for samanhengsforståing, identifikasjon, kommunikasjon og kreative uttrykk». I det perspektivet kan ein òg sjå kodifiseringa og konserveringa av språket.

Eit slikt perspektiv framhevar den synsmåten at språket også er noko anna enn berre eit instrument for effektiv informasjonsutveksling, og det perspektivet vil nødvendigvis gi språket andre verdiar. Ein slik sosial og kulturell innfallsvinkel til språket ser vi vekkjer interesse i dag innafor den disiplinen som stundom blir kalla språkøkologi. Det er trugselen mot dei småe språka i verda som har auka interessa for dette perspektivet. Den grunnleggjande premissen er at menneska og menneskeslekta vil auke overlevingsevna si med å halde på eit kulturelt og språkleg mangfald. Det vil seie at variasjonen er ein rikdom i kulturen som i naturen. Ulike erfaringar, ulike samfunn og ulike tankar vil vere fruktbare for kreativiteten, som er grunnlaget også for nyutviklingar og tilpassingar:

«the separation of the world's population into different groups speaking different languages helps the growth of cultural diversity, which in turn can lead to opportunities for the development of alternative modes of exploring possibilities for social, political and technological progress.» (Trudgill 1991: 68.)

Same perspektivet ligg til grunn for Ulf Teleman og Margareta Westman i ein artikkel om «Behöver vi en nationell språkpolitik?», der dei forklarar eit «effektivitetsargument» slik:

«Resonemanget är följande. Kulturer hålls ihop av språk. Inte minst i dagens genomkommersialiserade värld hotas kulturerna av likriktning om inte språkliga gränshinder bromsar och ger en viss tid för eftertanke. Argumentet utgår också ifrån att olika kulturer är kreativa på olika sätt och att denna pluralism är en viktig motor för utvecklingen i vår värld. (Argumentet liknar skälen för biologisk mångfald.) Vi tror att detta är en riktig tanke utan att nödvändigtvis förskriva oss till en språklig relativism, som innebär att det är språket som helt och hållet styr vår världsuppfattning. Det som ger kulturerna självkänsla och rikedom är att de språk som bär upp dem är samhälleliga språk, att de bär upp offentligheter. [...]

Men ett bevarande av de nationella språken och deras kulturer är bara hälften av effektivitetsargumentet. För maximal effektivitet och kreativitet är det nödvändigt med många och goda budbärare mellan kulturerna. Eller i klartext: lika viktigt som det är att nationalspråken fortsatt stärks, lika viktigt

är det att varje land disponerar över en hög grad av färdighet i främmande språk. Ty i sista hand är det impulserna mellan kulturerna som ger maximalt utbyte.» (Teleman & Westman 1997: 9.)

I dette perspektivet er det eit tap for verdskulturen kvar gong eit språksamfunn går under, ikkje så mye for språket sin del, men for kulturen som mistar eit instrument til gruppedanning og variasjon. Dette perspektivet kan nok dragast langt og mistolkast om ein vil. Men det representerer ein motsats til ei «teknokratisk» tilnærming, som har som logikk at det tener kommunikasjonen (og internasjonaliseringa) om språk blir meir like kvarandre, og om småe språk dør ut. Eit økologisk perspektiv kan gi støtte til både ein nasjonal og ein regional språkpolitikk, men ikkje til eit nasjonalistisk eller nasjonalromantisk språksyn.

5.1.2. Det internasjonale argumentet

«Hvad er fremmede Ord? Det er Culturens Gesandter. De have bragt, fra Land til Land, Christendommen, den gjenopvaagnende Videnskab, Konsten, Industrien. De bringe endnu uafadelig nye Opfindelser, nye Opdagelser, nye Systemer fra Land til Land.»

Det er danskane Erik Hansen og Jørn Lund i boka *Kulturens gesandter. Fremmedordene i dansk* (1994: 24) som siterer dette etter den danske språkforskaren Israel Levin (1810-83). Etter å ha illustrert korleis fremmedorda pregar visse emne i kulturen vår, konkluderer Hansen og Lund retorisk med at «[f]remmedordene har frelst det danske sprog fra undergang!» (s. 29). Med det siktar dei til at det er mangt som ville vere uråd å uttrykkje om vi ikkje hadde utvida ordforrådet med importord.

Hansen & Lund siktar her til omgrep og ord. Men argumentet om internasjonalisering er også brukt om sjølve ordformene, dvs. at det er ei vinning å ha ord som ein kjenner att frå språk til språk. For eksempel seier Finn-Erik Vinje (1996: 25) seg lei for at norsk i si tid gjekk frå skrivemåten *neutral* til *nøitral* og *nøytral*, for «den låste fast en nasjonalt isolert uttale»³⁷. Dette synet framhevar den motsette verdien av det vi såg ovafor under 5.1.1. Premissane kjem sjeldan fram, men ein kan tenkje seg tre:

- 1) Ein internasjonal skrivemåte vil effektivisere kontakten med omverda ved at vi får fleire felles ordbilete.
- 2) Einar Lundeby (1987: 53) refererer ein tankegang slik:

³⁷ Det er nok vanskeleg å finne ein internasjonal *uttale* av dette ordet: Fransk har [nø'tral], engelsk ['njæ:trəl], tysk [noy'tra:l], dansk [nøu'tbæ:l] og svensk [neü'tra:l] – sjølv om skrivemåten er med *eu* i alle desse språka.

«Hvis vi tar dem i bruk og etter hvert lærer dem og blir fortrolige med dem, får vi en del av et internasjonalt ordforråd så å si gratis. Det vil gjøre det lettere for oss å lære det språket som i dag er det internasjonale: engelsk.»

- 3) Ein internasjonal skrivemåte vil gjere oss oppmerksame på dei kulturhistoriske samanhengane ved at sjølve ortografien kan fortelje oss kvar orda stammar ifrå. Ordkunnskapen aukar.

I avisdebatten etter årsmøtet i Språkrådet i 1996 kom dette internasjonale perspektivet fram i fleire artiklar:

«Dette ser jeg på som et siste, dødfødt utspill fra en utdøende generasjon. Ungdommen av i dag går ikke på snakkbar, de chiller i cyberspace. Vi må respektere de nye ordene som det de er, nemlig en utvikling mot et langt mer internasjonalt språk. Løsningen er nok heller å bygge videre på dette.

[...] Når barna er under så sterk innflytelse av engelsk som de er nå, fra TV, data, filmer, reklame osv., bør vi ike [sic!] se på dette som noe negativt, men heller godta den utviklingen som må komme. La heller barna få dra nytte av denne påvirkningen. Jeg er bare glad for alle de nye ordene som presser på fra utlandet, det gjør meg bedre rustet til å møte en stadig kjappere og mer bevisst verden, hvor språkkunnskaper betyr alt. Teknologien venter ikke på noen ...» (Vegar Svanemyr, *Åndalsnes Avis*, 15.2.96.)

Turismen kan vi sjå som ein del av internasjonaliseringa:

«Stakkars den turist som, på ferie i utlandet, forgjeves leter etter et skilt merket 'Gaid', eller den som skriver en lapp til et bilverksted, og ber dem 'Pliz sjekk sjåken'. Nei, det er mye tryggere at 'folk' blir fortrolig med den riktige skrivemåten ettersom de nye ord tas i bruk.» (W.G.W. Patey, *Aftenposten*, 4.2.96.)

«'Pub' er et ord som passerer de fleste landegrenser, slik også langt flere turister gjør enn tidligere. Med sin engelske skrivemåte har det sin naturlige plass i norsk i en tid som er langt mer internasjonalt preget enn de fjerne år da bureauchefen forsvant uten at han ble savnet. Det samme gjelder for 'service'» (Leiar, *Aftenposten*, 20.1.96.)

Men konklusjonen på internasjonaliseringsargumentet kan òg bli ein annan:

«Internasjonaliseringen fører til at stadig flere utenlandske ord blir benyttet i Norge. Når disse ordene glir inn i språket vårt, er det riktig at de også får en norsk skrivemåte. Vi har mange ganger irritert oss over alle de utenlandske ordene som preger butikknavn og andre etablissementer både i Moss og andre byer. Vi kan gjerne diskutere de enkelte ord som Norsk Språkråd er kommet fram til. Men det er ingen grunn til å krangle om hvorvidt det er

riktig å fornorske språket. Vi kan ikke stritte i mot en naturlig utvikling.»
(Leiar, *Moss Dagblad*, 22.1.96.)

5.1.3. Det nordiske argumentet

Det nordiske argumentet kan vise til tradisjonen frå skandinavismøtet i 1869. I 1930-åra oppstod ei ny interesse for nordisk språksamarbeid, og det kom inn som del av formålet for dei nordiske språknemndene som blei skipa. Frå 1953 begynte desse nemndene å ha eit sammøte kvart år, og på møtet i Stockholm i 1955 blei det uttrykt ønske sams reglar for behandlinga av importord. For Nordisk språksekretariat, som blei oppretta i 1978, blei dette ei viktig sak, som førte til vedtaket på Marstrand-møtet i 1983.

Den nordiske språkfellesskapen har stor verdi både kulturelt, politisk og økonomisk, og Språkrådet er pålagt å ta nordiske omsyn i arbeidet sitt. I praksis er det meint dei *skandinaviske* språka, for det er berre svensk og dansk ein bruker å jamføre med. Men eit nordisk argument treng ikkje utan vidare peike eintydig i noka retning når det gjeld konklusjon.

Historisk sett var skandinavisme-tanken den at ein skulle overføre importorda til ein heimleg, dvs. nasjonal, skrivemåte, for den ville liggje uttalen nær, og den har også i mange tilfelle gitt felles nordiske skrivemåtar. Skandinavistane ønskte generelt å endre dei ortografiske mønstra i retning av det ortofone, men samtidig slik dei nasjonale mønstra ikkje skapte unødvendige forskjellar mellom skriftmåla. Dette er utgangspunktet for 'det nordiske argumentet' i språkpolitikken.

Etter at Språkrådet bad om å få godkjent nystavingane frå Marstrand-møtet med å vise til den felles-nordiske politikken, uttrykte Kulturdepartementet ein viss skepsis i eit brev frå 5.9.1984 med å seie at «hensynet til en best mulig tilpassing til norsk ofte bør gå foran ønsket om nordisk fellesnormering». Her blir 'tilpassing til norsk' eit argument mot fellesskandinaviske framlegg som vi kan rubrisere under norvagisering. Språkrådet svarte 27.2.85 med at

«Vi er enige med departementet i at hensynet til best mulig tilpasning til norsk bør gå foran ønsket om nordisk fellesnormering. Men en konflikt mellom disse to hensyna er i realiteten utenkelig. Hovedprinsippet er at fornorsking av fremmedord skal foregå slik at skrivemåten blir mer i samsvar med uttalen. Det er først når svensk og/eller dansk allerede på forhånd har nasjonalisert skrivemåten av et ord på en slik måte at den samsvarer med en eventuell fornorska skrivemåte, at det nordiske argumentet kommer inn.»

Her er altså den gamle forståinga av av det nordiske argumentet lagt til grunn: Det er nasjonaliseringa av fremmedorda som er viktigast. Det vil seie at f.eks. den nasjonaliserte skrivemåten *resurs* i svensk var eit argument for å innføre same skrivemåten også i norsk fordi han samsvarte med norsk uttale.

Ettersom dei skandinaviske landa, særleg Danmark, ikkje fører same politikken når det gjeld å nasjonalisere importorda, kan eit nordisk argument i dag også brukast imot norvagisering. Det er blitt framheva fleire gonger i den norske debatten i 1996 at norsk på denne måten vil skilje seg frå dei andre nordiske språka. I eit brev frå Det Norske

Akademi for Sprog og Litteratur (datert 29.1.96) er det argumentert imot norvagiseringa med «hensynet til andre skandinaviske språk». Her er det lagt eit anna innhald i det nordiske argumentet enn det Språkrådet viser til.

5.1.4. Sosiolingvistiske argument

Ein kulturell identifikasjon er viktig for menneska. Ein identifikasjon føreset likskap med somme og skilnad frå andre, og det vil seie at det trengst ei form for kriterium til å skilje etter. Språket kan brukast som eit slikt kriterium. Det finst ulike gradar av identifikasjon. Somme dyrkar forskjellane, somme berre markerer dei, og andre greier seg med å vite om forskjellane. Det treng ikkje vere noko negativt i slike forskjellar; dei kan nettopp uttrykkje respekt og interesse for variasjon hos andre, og dei er med og aukar variasjonen.

Men gruppedanningane vil ofte samsvare med makt og status i samfunnet, og éi språkform kan dermed òg bli knytt til sosial prestisje. Hansen & Lund (1994: 97) viser til at det i Danmark er oppstått eit sosiolingvistisk skilje mellom dei som bruker *j-* og *dj-* i framlyd i engelske importord, som i *job* etc.

Å ta i bruk lånorda er ofte ein gruppemarkør, for det kan gi prestisje («snobbeverdi»). Også etter at desse lånorda er blitt allemannseige, kan det vere eit prestisjespørsmål å greie å uttale og bokstavere dei rett. Ei vanskeleg og fremmend form på orda effektiviserer dei som gruppemarkørar, dei demonstrerer da tydeleg at brukarane meistrar eit fremmendspråk. Derfor kan det bli eit prestisjespørsmål å vite korleis ein skal stave *jogurt* eller uttale *taxi*. Ei slik holdning ser vi her:

«Det ser ut som en fireåring har lekt seg med alfabetet. Det ser helt feil ut og ødelegger skriftspråket.» (Elev til *Indre Smaalenenes Avis*, 31.1.96.)

Eit sosiolingvistisk eller språksosiologisk aspekt er appellen til det autoritative (Milroy & Milroy 1985). Det representerer ei språkleg holdning om at *noko* må vere rettare enn alt anna. Ei slik holdning kjem fram her:

«Vi har mindre sans for utviklingen i det norske språket med stadig mer utvidet tillatelse til lydskrift av utenlandske ord. 'Norvagiseringen' som det kalles 'på fint', er med på å utvanne skrivereglene slik at alt til slutt blir tillatt.» (*Nordlands Framtid*, 21.1.96.)

Det kan vere vanskeleg å kategorisere det estetiske argumentet som noko sjølvstendig. Det kan vere knytt til vanar, og det kan vere knytt til prestisje og dermed det sosiolingvistiske argumentet, som dette debattinnlegget viser ein refleksjon kring:

«Løsningen virker, om jeg må få si det, noe vulgær og uestetisk. Men dette blir selvsagt ren syensing, for det er vanskelig å gi noen god begrunnelse for at den ene skrivemåten er mer høyverdig enn den andre. Mye dreier seg om vane.» (Kjell Ivar Wålberg, *Glåmdalen* 13.12.95.)

Denne overskrifta er til ein reportasje som dreiar seg nettopp om slike språkbrukarreaksjonar:

«*Skvåsj* er kult – *matsj* ser rart ut.» (*Aftenposten*, 20.1.96.)

Dag Gundersen (1996b) kommenter:

«Ett av disse [argumentene] er at de foreslåtte skrivemåtene vil vekke komikk og bringe Språkrådet i vanry. Det skal f.eks. være komisk å si "pøbb" og skrive *pøbb*, men ikke å si "pøbb" og skrive *pub* som hittil. Det var utvilsomt like komisk de første par årene etter at *Comptoir*, *Physique* og *Chemie* fikk fornorsken skrivemåte, til dels i 1862 etter framlegg av Knud Knudsen.»

5.1.5. Demokratiske argument

Eit vanleg argument for fornorsking er at «[d]et blir vanskeligere å kommunisere med våre egne landsmenn dersom vi bruker fremmede ord som er ukjente for større eller mindre grupper av folket» (Lundeby 1987: 53). Med å setje inn norske ord eller heimleg laga ord gjer ein språket meir gjennomsiktig for større delar av folket. Men dette 'folkepedagogiske argumentet' fører Lundeby vidare også til ordforma: «Utenlandske ord med fremmed form er ikke forståelige for folk flest og blir det først etter lang tids bruk» (s. 52). Magnus Ljung (1988: 19f.) forklarar dei «demokratiske hänsyn» slik: «det är olyckligt om det finns grupper av svenskar som på grund av bristfällig utbildning undanhålls information av allmän karaktär». Vigleik Leira (1992: 51) illustrerer poenget med at det er

«heilt urimeleg å krevje at folk skal kunne halde styr på dei vekslande uttalereglane i andre språk, til dømes vite at *ch* skal uttalast *k* på italiensk (*chianti*), *sj* på fransk (*champagne*), men *tsj* eller *k* på engelsk (*cheeseburger*, *chemistry*)».

Det har vore ein tråd i norsk språkpolitikk og i dei norske rettskrivingsendingane å gjere tilgangen til skriftmålet lettast råd for alle samfunnsgrupper. Vanskelege og mønsterbrytande skriftbilete gjer skriftspråket mindre tilgjengeleg, altså vanskelegare å bruke, for dei gruppene som ikkje bruker det mye f.eks. i arbeidet sitt. Dei gruppene vil tene på norvagiserte skrivemåtar. Dette 'folkepedagogiske' perspektivet reknar vi derfor for det same som det demokratiske.

Eit demokratisk argument kan òg gjerast relevant når ein skal velje løysingar for norvagiserte skrivemåtar: Ein bør unngå å byggje på berre eitt avgrensa dialektsystem når skriftbiletet skal fastleggjast. Målet må vere så langt råd å ta omsyn til talemålssystema i heile landet, slik ein gjer elles i normeringsarbeidet.

5.1.6. Pedagogiske argument

Pedagogiske argumentet – som her blir avgrensa til skriftmålsopplæringa – kan ofte brukast både for og mot ei rettskrivingsendring. *For*-argumentet går på at ein norvagisert skrivemåte vil styrkje det prinsipielle samsvaret mellom tale og skrift, dvs. at språkbrukaren i stor grad skal kunne slutte både frå uttalen til skriftbiletet og frå skriftbiletet til uttalen, jf. punkt 1.3.1. I første lese- og skriveopplæringa blir det stundom talt om at ‘elevane knekkjer koden’, og uttrykket viser til at elevane gjennom systematisk trening dei første skoleåra skaffar seg medveten og umedveten innsikt i dette samsvaret. Når dei har knekt koden, ser ein at dei gjerne skriv nær talen også der rettskrivinga ikkje godkjenner det:

«Det som er helt sikkert er at mange av de nye ordene skrives på samme måte som vi gjorde som barn, sier Hanne Lone og Linn.
– Jeg skrev bestandig ketsjup med s og j da jeg var lita, sier Hanne Lone.»
(*Sør-Varanger Avis*, 27.1.96.)

Geirr Wiggen viser i avhandlinga si *Rettskrivingsstudier II* (1992: 139ff.) at «at least 50 % of all graphemic norm deviations are correct representations of the oral language forms and norms of the writers» (her sitert frå samandraget s. 727).

Dette argumentet blir òg utnytta slik:

«Norsk skrivemåte av disse orda kommer til å gjøre det mulig for oss å bruke dem uten at vi først må være mestre i engelsk.» (Arne Kjell Foldvik i *Østlands-Posten*, 27.12.95.)

Poenget kan illustrerast med at Grønli (1990: 23) fann 11 ulike stavemåtar av *cruisecontrol* i annonsane i *Aftenposten* på éi veke. Andre utbreidde «engelsk»-feil som «roastbeaf» viser det same.

Eit argument i same retning finn vi hos ein lærar i *Sør-Varanger*:

«– En annen ting er vanskene vi har med å bøye ord som opprinnelig er engelske. Det er lettere å bøye en tøtsj - tøtsjen, flere tøtsj / flere tøtsjer, i stedet for den mye verre touch - touchet / touchen, flere touch / flere toucher. Flere av disse ordene har vansker med å finne sin plass i den norske gramatikken [sic!]. Dette blir bedre nå, mener Hansen.» (*Sør-Varanger Avis*, 27.1.96.)

På den andre sida blir det drege fram at det kan verke forvirrande å skulle skrive eit ord på éin måte i norsk og på ein annan i engelsk, f.eks. *rush* på engelsk og *røsj* på norsk.

«Stadig flere nordmenn behersker engelsk. Vi ser det som et kulturelt fremskritt at allerede barneskolen gir innføring i det internasjonale samfunnets viktigste kommunikasjonsmiddel. Kan det da være noen

fornuftig mening i et påbud om å forvrengte engelske ord som har funnet sin naturlige plass i moderne norsk dagligtale?» (*Adresseavisen*, 20.1.96.)

«Når det nå blir tillatt å skrive enkelte engelske ord akkurat slik de uttales, kan de raskt tro at også andre ord skrives slik. De er også redd for at nye skrivemåter vil gjøre tingene vanskeligere for dyslektikere. De sliter med ch-lyder i ord og med a og o.» (Elevar til *Bergens Tidende*, 20.1.96)

I avisdebatten etter Språkråds-årsmøtet blei det ortografiske mønsteret vårt ofte kommentert. Dei mange ironiserande innlegga der ein bruker både skrivemåtane som Språkrådet vedtok, og norske skrivemåtar på andre engelske ord (jf. under pkt. 5.2.), er indirekte innlegg i spørsmålet om lyd nær skrivemåte. Somme understrekar prinsippet bak det norske ortografiske mønsteret:

«En gang i tiden sa en norsklektor at 'rettskriving skal være lettskriving'. Det er et standpunkt Lars Anders Kulbrandstad har mye sans for. – Jeg synes det skal være mest mulig samsvar mellom uttale og skrift, sier Kulbrandstad» (*Hamar Arbeiderblad*, 26.1.96.)

Det blir ikkje alltid skilt mellom det ortografiske mønsteret og ortofoni:

«Det ekstremt ulogiske ligger i den tanke at vi bør gå over til en lydriktig, eller ortofon, stavemåte når vi selv ikke skriver lydriktig. Hær i lanne jør vi nemli ikke de. Når vi skriver 'norsk' og ikke 'nåsjk', er det fordi vi ønsker å beholde bokstaveringsens signaler om ordenes opphav, også om lydbildet blir 'galt'. Hadde Språkrådet innsett dette, hadde det spilt safe. Ikke seif.» (Leiar, *Aftenposten* 20.1.96.)

«Man må ganske enkelt lære seg stavemåten, ord for ord. Slå seg til ro. Det kunne vi godt gjøre i norsk også. Så lenge det er et inkonsekvent system, er det nemlig ikke vanskeligere å lære seg én stavemåte fremfor en annen. [...] Man kan nemlig ikke skrive slik man taler! Det blir nesten alltid galt!» (Fosnes Hansen 1996: 61.)

Finn-Erik Vinje (1996: 24f.) viser til den språkvitskaplege beskrivinga at tale og skrift er ulike manifestasjonar av ein felles underliggjande kode eller ei underliggjande form. Han held fram:

«Lesere som er kommet over begynnerstadiet, leser hele ordbilder under ett og fester seg ikke særskilt ved de enkelte bokstavene. Den kompetente leser søker ikke etter grafem-fonem-samsvar, men derimot etter korrespondansen mellom det skrevne symbolet og den abstrakte leksikalske representasjon.

Det sentrale problem for ortografien er ikke om skriftens grafemer og talens fonemer svarer til hverandre i et en-til-en-forhold, men snarere om den er regulær – bl a om den er forutsigelig. En morfematisk basert rettskriving er i så måte mer funksjonell enn en fonologisk.

Det er bare i begynnerfasen at lesningen kan knyttes til det talte språket.»

Innlegga om ortofonien blir òg kommentert slik:

«Snart blir det vel lov å skrive *virru værre me* og *mæ*, mente Wigert. Nei da, slik går det nok ikke. De eksemplene han trekker fram er slanguttrykk eller i beste fall dialekt, og det er ikke det vi snakker om i denne sammenhengen.» (Leiar, *Raumnes*, 20.1.96.)

«[T]il en viss grad blir dette resultatet, men det tilsiktede poenget er et annet, nemlig å tilpasse ordene til de mønstrene vi har. At skrivemåten så er lydrett, er en bonus, men ingen selvfølge.» (Gundersen 1996: 43.)

«‘Hvorfor skrives det ikke P-I-T-S-A’ sa min lille sønn samme dag som Språkrådet traff det vedtak som har lokket Fosnes Hansen til avisspaltene. [...]

Det jeg synes Fosnes Hansen glemmer er at vi har skriftnormer som gjelder i det offentlige og derfor bl.a. i skoler. Det innebærer at en 10-åring som før språkreformen skrev «sørvis» ville få feil og kryss i margin og beskjed om å skrive «service» tyve ganger til i morgen. Jeg synes det er ganske klokt at man åpner opp for den språkutviklingen som ligger latent i det som jeg illustrerte med bilde av min sønn foran pizza-pakken.» (Sigurd-Øyvind Kambestad, *Aftenposten* 28.21.96.)

5.1.7. Strukturlingvistiske argument

Språket må vere systematisk oppbygd for å fungere. Dette er den strukturlingvistiske innsikta, og at dette har noko for seg, ser ein nettopp i det at språkbrukarane spontant gjer noko med strukturen i fremmendorda for å oppnå systemtilpassing. Å tilpasse fremmendord spontant, slik vi beskrev det under pkt. 1.3., kan vi altså sjå på som ein del av den menneskelege språkevna. Det er dermed mogleg å resonnerer slik at vi som språkrøktarar hjelper språkbrukarane dersom vi støttar opp om ein mest mogleg stabil språkstruktur. Di klårare denne strukturen er, di lettare reagerer språkbrukaren spontant på lånorda, for språkkjensla løyser da lettare dei strukturelle vala i tilpassingsprosessen. Har språkbrukaren ei eintydig kjensle for kva som passar i den norske språkstrukturen, kan vi rekne det som ein fordel.

Etter dette resonnementet vil det forvirre om ord vi opplever som stilnøytrale kvardagsord, blir skrivne i strid med det norske ortografiske mønsteret. Eit konstruert eksempel som viser noko av problemet, finn vi hos Graedler (1995: 234):

«La meg for egen regning tilføye at jeg tror tapet tapet tapet medfører, kan bli katastrofalt.»³⁸

³⁸ Les: «... at jeg tror tapet [som] teipet tapét medfører, ...»

Elles kan det strukturelle aspektet òg omfatte semantikken:

«Myking mener ord som ‘innputt’ og ‘utputt’ er fornuftige. De vil fungere langt bedre enn ‘inndata’ og ‘utdata’ som var låst til dataspråket. De nye ordene kan også brukes i andre sammenhenger og blir da mer anvendelige.» (*Bergens Tidende*, 23.1.96.)

5.1.8. Tradisjonsargumentet

Historia vår er ein kulturell resurs. Tilgangen til historia kan ein seie blir noko forvanska om det språklege brottet blir for stort. Det vil seie at all språkleg konservatisme, både i skrift og tale, har ein kulturhistorisk verdi.

Den rettskrivingspolitikken som er gjennomført for norsk, har hatt ein viss kostnad ved at eldre skrifter er blitt vanskelegare tilgjengelege fordi det originale skriftbiletet verkar fremmendt i dag. Dette gjeld nok særleg det som er skapt i den fleire hundre år gamle dansk-norske tradisjonen, men også eldre tekstar i landsmålstradisjonen er blitt noko vanskelegare tilgjengelege. Slikt kan ein bøte på med å modernisere ortografien i tekstar som skal spreia til eit større publikum.

Dette perspektivet gjeld språket generelt, og lånorda går berre inn som ein del. I tekstar bruker dei ikkje ha stor frekvens, men dei er kanskje dei orda i tekstane som skaper størst avstand. Det oppdagar ein om ein ser på ordformene i vedlegg 1.

«Det eneste vi har oppnådd med våre stadige rettskrivingsreformer er å fremmedgjøre oss fra vår egen litterære fortid. Andre, større språk, er mer konservative slik og dermed kan en fremdeles lese Swift og Defoe fra syttenhundredetallet uten problemer, ja t.o.m. Shakespeare fra et århundre tidligere har bare fått en viss patina over sitt engelsk. De som kjenner spansk finner Cervantes ‘Don Quijote’ fra femten-og-noe lett tilgjengelig, men går en til norske skriftstykker fra samme tid er det fullstendig kaudervelsk. Ja, allerede Ibsen og Hamsun begynner å fortone seg gammeldags.» (Bodvar Skutvik, *Nordlandsposten*, 25.1.96.)

5.1.9. Det kulturhistoriske argumentet

Kunnskap om orda kan gi oss mye kulturhistorisk kunnskap, og dei kan gi oss innsikt i korleis kulturen i dag er bygd opp av impulsar frå mange kantar av verda. Ordbøker over fremmendord og lånord kan vere gullgruver for den kulturhistoriske interessa. Av importorda kan vi også sjå korleis impulsane kan vandre fram og tilbake, som vi ser av den fantastiske historia om det gammalnordiske ordet *skipa* (= ‘ruste ut’), som blei lånt inn i fransk frå normannane og er komme tilbake til oss i forma (herre)*ekvipering*.

Vi kan òg leggje vekt på korleis kulturen kan utvikle seg ulikt frå stad til stad, og dermed til eit mangfald. Eit eksempel på det er det indoeuropeiske ordet *ju:sta-*, som hos oss er blitt til arveordet *ost*. Denne ordstammen er i fransk blitt til *jus* (= ‘kjøttsaft’), som er blitt lånt i norsk i forma *sjy*. Men same franske ordet er lånt til engelsk som *juice*

«Dette er en slags naskemetode, en bastardisering som jeg er sterk motstander av.» (Nils Chr. Geelmuyden til *Vårt Land*, 19.1.96.)

«— En ulempe ved å fornorske skrivemåten er at man tilslører ordets historiske røtter, som det er viktig å kjenne til for forståelsens skyld. Dessuten – ved å kle utenlandske ord i norsk bunad, gir man dem en hjemstavnsrett de ikke har.» (Hilde Sejersted, *Aftenposten*, 20.1.96.)

«Javel, så la oss ta i mot seif og røsj, faite og feide. Det er greit å skrive. Men vet den som leser hva det betyr?

Vanskelighetene dukker opp i senere ledd. Ikke bare for forståelsen av hva ordet er ment å uttrykke. Det blir også vanskeligere å gjennomskue at dette faktisk er et ord vi har importert, og hvor vi har importert det fra. I neste instans blir det vanskeligere for oss å skrive korrekt engelsk.» (*Stavanger Aftenblad*, leiar, 20.1.96.)

«En rekke sammensatte engelske ord er selvforklarende i den forstand at de enkelte ordleddene forklarer ordene. Det gjelder f.eks. ordet 'sightseeing'. Å skrive dette ordet ortofont på norsk vil ikke bare virke komisk: 'saitsiing'. Det vil også hemme forståelsen av ordet. Et norsk ord for det engelske er da å foretrekke. At det er mulig å nå fram med gode norske ord for engelske, er 'whiplash' et utmerket eksempel på. Norsk språkråd utlyste en konkurranse om et norsk avløserord, og forslaget 'nakkesleng' gikk til topps.» (Egil Eikseth, *Dagbladet*, 8.2.96.)

«Det hender imidlertid ofte at man foretrekker å beholde den fremmede skrivemåte (eller elementer av den) for å kjennetegne ordets opphav og eventuelle kulturelle fremmedhet [...] Fremmed skrivemåte bibeholdes også ofte som uttrykk for at ordet hører hjemme i en alment kjent internasjonal kultur- og/eller profesjonssammenheng.» (Askedal 1996: 83.)

«At en fornorsket skrivemåte er egnet til å tilsløre ordenes opprinnelse slik enkelte har gitt uttrykk for, kan vi ta helt med ro. Det kan lede oss skikkelig ut på jordet. Nok å nevne dashboardet som kommer fra det engelske dashboard, og egentlig er skvettskjermen foran på et kjøretøy.»³⁹ (Odd Johnsrud, *Arbeiderbladet*, 25.1.96.)

5.1.10. Fornorsking eller norvagisering?

Ein gjengangar i kritikken av Språkrådet er at det i staden for å foreslå norvagisert skrivemåte burde konsentrere seg om å demme opp for det utalandske presset med å lage heimlege avløysarord og å ta vare på dei tradisjonelle orda. Det er få unntak frå denne svært positive holdninga til norske ord, og mange nemner islandsk, færøysk, finsk og fransk språkrøkt som føredøme, f.eks.:

³⁹ Engelsk har begge tydingane av *dashboard*.

«På Island og Færøyene har man med hell klart å lage naturlige ord ut av opprinnelig utenlandske ord. For eksempel heter bank ‘pengestove’ på Færøyene.⁴⁰ Det høres komisk ut, men saken er at dette virker langt mer kreativt og gjennomtenkt enn det den norske språkmyndighet nå har foretatt seg.» (Ulf Tannæs-Fjeld, *Fredriksstad Blad*, 13.3.96.)

Det blir òg hevda at norvagiseringa er ein måte å opne for anglifiseringa:

«Skulle det mot formodning gå slik at gaid, keitering, skvåsj m.m. vinner innpass, vil vel Språkrådet gå vidare på samme vei. I så fall legges forholdene til rette for øket innsig av engelske ord i norsk. Også det blir det vanskelig å forklare folk, som sikkert vil huske kampanjen mot anglonorsk og undres på om man nå har slått helt om.» (Vernegg, m.a. i *Finnmark Dagblad* 14.2.96.)

«Norge har ikkje stor nok språkleg sjølvkjensle til å kunne halde unna for dei utanlanske [sic!] orda (les: engelske) som pressar seg på gjennom innføring av ny teknologi [...] Så når Norsk Språkråd går til det skrittet å lansere noko dei mest sannsynleg vil kalle ein ‘streit sørvis-gaid for å ajourføre det norske språket’, da er vi å finne mellom dei mest skuffa i landet.» (*Ytre*, 26.1.96)

«– Norge er sterkt amerikanisert, og er det landet i Norden som lettest adopterer utenlandske ord, i stedet for å være kreative og skape egne norske ord. Åse Kleveland, kulturminister, som har sagt nei takk til en tredel av de ‘engelske’ ordene som Norsk Språkråd anbefalte godkjent [...]» (*Nytt i uka*, 5.6.96.)

«Og hvis man absolutt ikke vil ha engelske eller anglofisererte ord, er det ikke da mulig å finne norske erstatningsord i stedet? Jeg har aldeles ikke tenkt å bruke ‘kløtsjen’ neste gang jeg er på biltur. Man har da ‘koplingspedal’.» (Lars Olve Hesjedal, *Bergensavisen*, 4.2.96.)

«Man kunne tenke seg å foreslå overfor Rådet at det velger en annen vei å gå (dersom det anser det absolutt nødvendig å tukle med den organisme som det norske språk er) nemlig å velge en fransk eller islandsk løsning, ved å pønske ut heilnorske ord til erstatning for de utenlandske. ‘Heade’ kunne da bli erstattet av det allerede velkjente ‘nikke’, snackbar av ‘ilskifte’. Og så vidare i det uendelige. ‘Det tar ikke så lang tid, så venner folk seg til det.’» (Harald Lund, *Dagbladet* 3.3.96.)

Men andre synsmåtar finst også:

⁴⁰ Dette eksempelet er gale; på færøysk heiter bank *banki*! Framstillinga er også unyansert når det gjeld både færøysk og islandsk, jf. kap. 6.

«Disse ordene er allerede i bruk, så det nytter ikke å finne norske avløserord for dem. Slik som islendingene gjør.» (Eva Braathen Dahr, *Journalisten* nr. 2-96.)

Vigleik Leira i Språkrådet orienterer i *Tønsbergs Blad* slik:

«–Er det ikke bedre å finne norske synonymmer enn å fornorske skrivemåten til et engelsk ord?

– Vi arbeider langs to fronter. Noen ganger finner vi norske uttrykk som fungerer. Idédugnad er et glimrende eksempel, som totalt har overtatt for brainstorming. Andre ganger tilpasser vi skrivemåten norske regler.

– Det høres ut som et dårlig alternativ å kalle båten jåt i stedet for å bruke et norsk uttrykk?»

– I mange tilfeller er fornorsking et dårlig alternativ. Image og offshore er eksempler på ord som vanskelig lar seg skrive på norsk, men for andre ord fungerer denne teknikken. Mobbe og byrå er eksempler på dette.»
(*Tønsbergs Blad*, 16.1.96.)

Somme framhevar at vi har bruk for lånord:

«En sjømann nektet i en farskapssak: ‘Jeg har ikke tøtsja 'a engang!’

Av dette eksempelet kan vi bl.a. lære at det egentlig ikke eksisterer synonymmer, dvs. ord med helt lik betydning. Tøtsje vil aldri erstatte (be)røre, fordi det har et annet innhold: Det er mer sjargongpreget, mer teknisk. Han følte seg tøtsja i sinnet er det bare moromennene som kan finne på å skrive.»
(Willy Dahl, *Bergensavisen* 14.2.96.)

Har vi bruk for orda, kan vi i skrivemåten vise at dei er godtekne som norske. Dag Gundersen (1996b) refererer motstandarane av norvagisering litt ironisk: «Språkets fremmedarbeidere er her fordi det er bruk for dem, men noen borgerrett skal de aldri få.»

I andre samanhengar ser ein ofte heilt andre synsmåtar på fornorska ord enn dei vi såg ovafor. Graedler siterer dette:

«‘Knask’ og ‘godter’ smaker minst like godt som ‘snacks’, men ‘snøggmat’ er ikke mer apettittvekkende en [sic!] ‘fast food’. Vi skal gjerne skrive at fjernsynet sender scener fra en ‘grøsser i sakte kino i beste sendetid’ i stedet for scener fra en ‘thriller i slow motion i prime time’. Men vi tviler på at en rutinert journalist vil gi slipp på et ‘scoop’ p.g.a. fremskutt ‘deadline’, til fordel for et ‘varp’ med utsatt ‘dødstrek’. Og få seriøse musikere vil vel spille ‘direkte’ på ‘tangentfjøl’ i stedet for ‘live’ på ‘keyboard’?» (Edel Bakkemoen, *Aftenposten* 8.3.90, her etter Graedler 1995: 227.)

Ein annan strategisk innfallsvinkel er at norvagisert skrivemåte av importorda kan auke interessa for fornorska ord:

«Jeg tror vi blir vant med dette også, og at det uten problemer glir inn i språket. Jeg tror også at når vi tvinger folk til å skrive ordene på norsk, så har vi også lettere for å lete etter norske alternativer. Nå får vi lettere for å skrive markedsføring i stedet for ‘public relations’ eller ‘promotion’. Vi leder oppmerksomheten mot gangbare norske ord. Og det må vel være bra, spør norsklæreren.» (*Sør-Varanger Avis*, 27.1.96.)

«Og det skulle slett ikkje undra oss om leiaren i Stord Mållag, Kjell Lønning, har rett i at det kan koma uventa reaksjonar på dei nye orda, at folk får augo opp for at det er litt slurvete å ty til bruk av engelske ord i norsk språk.» (*Sunnhordland*, leiar, 24.1.96.)

5.1.11. Konsekvens

I ein del innlegg blir det reagert mot at vedtaka i Språkrådet verkar inkonsekvente, både i dei ortografiske løysingane og ved at det er tilfeldig kva ord som blir norvagiserte. Det første blir eksemplifisert med at *tøtsj* og *pønkn* skal skrivast med *ø*, mens *rush* skal ha *u*. Somme saknar klårare prinsipp for vedtaka, og det kjem òg nokre etterlysingar av grunngiving frå Språkrådet.

Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur framhevar dette i brev datert 26.1.96 til Kulturdepartementet: «Utvalget av ord virker vilkårlig, og mange av de foreslåtte fornorskningene er i dårlig samsvar med vanlige regler for norsk skrivemåte av lånord.» Andre held fram det same:

«Vi kan imidlertid et stykke på veg følge kritikerne av de nye skrivemåtene når de hevder at det kan skape forvirring når bare noen ord skal fornorskes mens andre fortsatt skal ha utenlandsk skrivemåte.» (Leiar, *Raumes*, 20.1.96.)

«Det er ikke engang et snev av logikk i beslutningen om å tillate skrivemåten 'tøtsj' for *touch* og samtidig si nei til «røsj» for *rush* og nei til 'pøbb' for *pub*.» (Leiar, *Aftenposten*, 20.1.96.)

5.1.12. Skal Språkrådet gå føre?

Dei aller fleste av innlegga som legg vekt på drøfting meir enn på ironi og harselas, er prinsipielt opne for at språket skal tilpasse ein del av lånorda slik det alt er lang tradisjon for å gjere i norsk. Det somme er opptekne av, er om ein i denne konkrete samanhengen har gått for raskt fram. Tydelegast er dette formulert av Erik Fosnes-Hansen:

«For ganske riktig kan det hende at et ord forandrer skrivemåte – eksempelet *bureauchef* er blitt nevnt – men det pussige er at skrivemåten ganske ofte forandrer seg på egen hånd, helt uten hjelp fra noe språkråd.

Som saksofonen og pønken.

Kanskje trenger vi ikke noe språkråd til å hjelpe oss med sånt?» (Fosnes Hansen i *Aftenposten* 23.1.96.)

«Det er meningsløst at en komité skal ha slik makt over språket.» (Fosnes Hansen, sitert i *Arbeiderbladet* 11.3.96.)

Men Språkrådet har lita makt:

«Vi har makt over lærebokspråket. [...] Det ville ikke falle noen i Norsk språkråd inn å skulle gi skjønnlitterære forfattere råd. De står selvsagt fritt til å ivareta sine nyanser ved å skrive *cognac* eller *konjakk*, etter som hvordan det måtte passe.» (Dag Gundersen til *Arbeiderbladet* 18.3.96.)

«Derimot har Språkrådet ikke noe med å ligge i *forkant* av den ortografiske utviklingen, det burde vår bitre språkhistoriske erfaring tilsi [...]» (Fosnes Hansen 1996: 60.)

«Tvert imot, presiserer Guttu; men det er utviklingen selv som skal bestemme farten, ikke tilfeldigheter i avstemningsrunder i Norsk språkråd.» (*Aftenposten* 1.2.96.)

«Språket er en anarkistisk organisme, det nekter å underkaste seg lover og regler. Språket lever sitt geriljaliv under skribentens penn.» (Fredrik Wandrup, *Dagbladet* 20.1.96.)

«Vi trur at i staden for aktivt å foreslå ord til fornorsking, så bør Språkrådet passivt overvake den naturlege språkutviklinga. Mange av låneorda blir nemleg elegant fornorska av norske språkbrukarar sjølve. Ord som *Internett* eller *japp* er glimrande eksempel på det.»⁴¹ (*Firdaposten*, 28.12.95.)

Dette er òg synsmåten som går att i innlegget åt Vernegg og leiarartikkelen skriven av Norpress:

«Rettskrivningsvedtak bør ikke vekke oppsikt; de bør tvert imot være slik at de stadfester en utvikling eller forandring som har funnet sted. Dermed går det nye inn i normen uten friksjon.» (Vernegg, f.eks. i *Finnmark Dagblad* 14.2.96.)

«Å fornorske engelske lånord er et område som ikke innbyr til språklig 'radikalisme', men til å observere hva som i tidens løp har livets rett.

At det i sin tid kostet både strid og latter å få endret stavemåten på 'bureauche' og 'chokolade', er slik sett intet argument for noe som helst – bare to tilfeldige eksempler på en naturlig fornorskning.

Vår største innvending mot denne hangen til tillempet lydskrift, er imidlertid av mer prinsipiell art. Det er simpelthen ingen tradisjon for at vi skal 'skrive sånn som vi snakker' her i landet. Vi skriver fortsatt norsk, og ikke 'nåsjk', for å sitere en av helgens mange kommentarer til språkrådsvedtaket.

Skriftspråket har sin forankring i ordenes betydning og opprinnelse, og slik bør det fortsatt være.» (Norpress-leiar, f.eks. i *Nordlandsposten* 22.1.96.)

⁴¹ Skrivemåten *Internett* blei tilrådd av Språkrådet i 1995 med tanke på å påverke språkutviklinga.

«Jeg er sterkt i mot enkelte av skrivemåtene. Norsk språkråd skal ikke bestemme, men bare formalisere skrivemåten når en ny skriveform er blitt tatt i jevnlig [sic!] bruk av journalister, forfattere, tekstere av fjernsynsprogrammer og lærere. For å nevne noen av de gruppene som går i bresjen for en naturlig innføring av nye ord.» (Hans Olaf Nøklestad til *Demokraten*, 20.1.96.)

Men det finst òg nokre som hevdar at Språkrådet er for seint ute. No er det nyttelaust for folk er blitt vane med den engelske skrivemåten, dette skulle ha vore gjennomført for 10-15 år sia da orda var heilt nye:

«Men er ikke språkrådet [sic!] litt sent ute? Hadde forslagene kommet for ti-femten år siden, før man begynte å bruke ord som fancy og puck, ville en fornorsking kanskje vært forståelig. Nå skal vi slutte å skrive touch – tøtsj skal det hete.» (Magnus Vollset, *Eidsvold Blad*, 25.1.96.)

«Det er tull, mener jeg, å forandre skrivemåten på ord som har så dype røtter i norsk språk, sier Martin Lindblad.

Og Sunniva Archer er helt enig:

– Språkrådet er altfor sent på banen. Skal man forandre på skrivemåten av ord med utenlandsk opprinnelse, bør det skje med én gang et nytt ord dukker opp. Det nytter ikke å vente til det er klistret fast i folks språkbevissthet.» (*Moss Avis*, 23.1.96.)

5.1.13. Språkvanen

Ein del innlegg viser til at skrivemåten er ei vanesak, og at desse nye vedtaka vil om nokre år vere like sjølvsgade som bokstaveringa *sjåfør* for *chauffeur* er blitt i dag.

«Hvis du nå synes det er dumt å skulle skrive lånord etter norsk talemåte, så kan du trøste deg med at norvagisering av lånord slett ikke er noe nytt fenomen. NTB gjør meg oppmerksom på at hadde vi ikke hatt norvagiseringen av lånord i 1862 hadde vi kanskje forsatt spist chocolate, skrevet ut checker til chefen og studert philosophie mens vi ventet på å bli qualificert til å spille violin.

Kanskje ikke så dumt med litt norvagisering i ny og ne likevel ...?» (Anne M. Grenersen, *Nordlands framtid*, 20.1.96.)

«Mye merkelige ord som du aldri kommer til å venne deg til, synes du kanskje? Det trodde jeg også – helt til jeg så en lang liste over hvordan norsken sannsynligvis hadde sett ut dersom vi ikke hadde begynt med norvagisering av lånord i 1862.

Hør bare her: Affaire, bureau, certificat, karakter, charme, check, compagnon, crucifix, discussion, facon, interview, jaloux, orthographie, schach, saison. Og dette er bare noen få.

Siden vi nå en gang ikke er så dyktige som islendingene – som umiddelbart når det dukker opp nye utenlandske ord, lager et nytt tilsvarende

islandsk ord – må vi vel bare fortsette å norvagisere. Så går det nok ikke lange tida før det ikke bare er seif, men også streit å skrive sjarter.» (Arnild Holstad, *Namdals-avisa*, 20.1.96.)

«Om det stritter aldri så mye i oss, er dette høyst sannsynlig slik våre barnebarn eller barnebarnsbarn vil skrive.» (Stein B. Hauglid, politisk redaktør, *Dagens Næringsliv*.)

«Mykje av det Språkrådet har godteke, ser sjølvstakt komisk ut på trykk nå i ein overgangsfase, men etter kvart glir det nok inn. Det gjer også språket lettare fordi skriftbiletet samsvarar betre med uttalen.» (*Sunnmørsposten*, sitert etter *Bergens Tidende* 22.1.96.)

«Kanskje går det derfor ikke så lenge før vi ser på hverandre, rister på hodet og sier: Husker du den gangen *ketsjup* ble skrevet *ketchup*?» (Leiar, *Larvik Morgenavis*, 20.1.96.)

5.2. Den språkpolitiske debatten

Før og etter årsmøtet i Norsk språkråd i januar 1996 blei det ei svært stor medieinteresse for saka om norvagisering. Det har knapt vore så omfattande dekning av eit årsmøte i Språkrådet før, endatil radiostasjonar frå andre nordiske land, Nederland og Canada hadde innslag derifrå. I avisene kom det ei mengd oppslag og debattinnlegg i tida etter. Dermed fekk vi den største språkdebatten på lang tid i norsk kulturliv. Ein må òg rekne med at noko av denne debatten gjekk vidare i samtalar og i skoletimar og dermed skapte både interesse for og refleksjon kring språket.

For å få eit inntrykk av denne debatten er utklippa frå Presseklipp A.S om denne saka gjennomgått.⁴² Det er tale om i alt 497 oppslag, av dei 15 frå nyheitssendingar i radio og fjernsyn. Avisoppslaga fordeler seg slik på typar:

Leiarartiklar	38
Reportasjar	86
Referat og pressemeldingar (NTB, NPK)	161
Debattinnlegg	181
Sitat frå oppslag i andre aviser	14
Ymse	<u>8</u>
I alt	<u>488</u>

Dei ymse oppslagstypane har sine særpreg. Debattinnlegga er kanskje mest sprikande; blant dei finn ein kronikkar og saklege utgreiingar med standpunkt både for

⁴² Her er brukt det som er samla i utklipparkivet åt Norsk språkråd. Det kan vere at ikkje absolutt alle oppslaga er komne med, anten pga. av galen sortering eller av at dei er oversedde. Men ein ev. mangel kan ikkje vere så stor at han skiplar inntrykket.

og mot, men det aller meste er petitkommentarar og mindre avisinnlegg. Det dominerande i biletet er dei kritiske og noko harselerande innlegga. Mange av petitartiklane manglar klåre standpunkt og har neppe som mål å leggje fram argument i ein debatt. Ei mengd tekstar er laga for å vise dei aktuelle orda i bruk, og ein del går vidare enn Språkråds-vedtaka med å skrive engelsk etter norsk ortografi. Desse tekstane tek ofte form av ein språkleg leik som både skribent og lesar kan ha glede av:

(Namdals-avisa 20.1.96.)

Willy Dahl går andre vegen med sin rettskrivingsleik:

«Bureauchefens indtægter var ikke store nok til at han kunde holde privatchauffeur. Men han hadde ikke ret til at strike for høiere gage.

[...]

Ja, han maatte altsaa være chauffeur selv da han om eftermiddagen først skulde paa footballmatch og dernæst paa revue. Men da han kom ut i garagen og satte sig ind i automobilen, stoppet maskinen straks fordi han hadde glemt at løsne handbrake'n. Han hadde en jack i kuffertrummet, og da han hadde faat automobilen op, saa han at clutchwiren var røket. Ærgerlig

gik han ind igjen, fylgte i et stort glas cognac, tømte det paa engang – og creperste.» (Willy Dahl, *Bergensavisen* 14.2.96.)

Reportasjane er prega av intervju med personar som arbeider med språk, ofte lærarar og skoleelevar. Det som går igjen her, er krasse utfall frå elevane, og noko meir avbalanserte merknader frå lærarane. Ein del er òg positive til norvageriseringsvedtaka. *Drammens Tidende* hadde 7.2.96 eit oppslag om kultursjefen i Krødsherad, som var begynt å skrive *sørvis!* Ytte sørvis, gjorde han visst allereie.

Leiarartiklane er jamt over meir nøkterne, men den kåserande stilen tek likevel stundom over for den drøftande. Dei fleste leiarartiklane er negative, men her er og nokre positive. Dei mange referata fortel nøkternt om framlegg, vedtak og prosedyre i behandlinga.

I denne mengda av oppslag er det ein del gjengangarar. Norsk Telegrambyrå laga 4 meldingar, og dei er brukte heilt eller delvis i 109 oppslag. Nynorsk pressekontor hadde 2 meldingar, som blei brukte 9⁴³ gonger. Norpress Norsk Pressebyrå laga ei melding som blei trykt 8 gonger. Flest oppslag på same artikkelen hadde Trond Vernegg, formann i Riksmålsforbundet. Eine artikkelen hans blei trykt i 45 aviser (i *Dagningen* to gonger), og dermed stod den fleire gonger på trykk enn noka av NTB-meldingane. Fire andre innsendarar fekk også artiklane sine prenta to og tre stader.

Ein kan òg ta med at 13 av dei 30 usignerte leiarartiklane i aviser landet over er heilt identiske.⁴⁴ Leiaren har oftast overskrifta «Språkrot». Dessutan byggjer leiarartiklane i *Laagendalsposten* og *Haugesunds Avis* (22.1.96) òg tydeleg på same leisten. Denne leiarartikkelen er send ut av Norpress Norsk Pressebyrå, som sender ut slikt stoff til ca. 40 liberal-konservative aviser.

Dersom vi skulle bruke desse presseoppslaga for å måle anten engasjementet i spørsmålet eller ev. breidda i kritikken imot vedtaka, kunne det vere interessant å sjå på den geografiske fordelinga av dei produserte oppslaga. Det er da rettast å halde utafor gjengangarane frå pressekontor og debattantar, og oppslag med sitat frå andre aviser. Resultatet blir slik fordelt på fylka:

Finmark 2 oppslag/3 aviser representerte i utklippssamlinga (1 av avisene hadde desse oppslaga)⁴⁵,
Troms 4/5(3),
Nordland 6/10(2),
Nord-Trøndelag 2/2(1),
Sør-Trøndelag 1/2(1),
Møre og Romsdal 9/10(5),

⁴³ Tre av desse avisene kombinerer NPK-meldinga med ei NTB-melding.

⁴⁴ Desse avisene er: *Nordlandsposten*, *Ofotens Tidende*, *Lofotposten*, *Fylket*, *Grimstad Adressetidende*, *Farsunds Avis*, *Drangedal blad*, *Kragerø blad*, *Telen*, *Varden*, *Gjengangeren*, *Drammens Tidende*, *Gudbrandsdølen* & *Lillehammer Tilskuer*.

⁴⁵ Dette vil da seie at dei andre avisene hadde berre oppslag av den typen vi held utafor i dette oversynet.

Sogn og Fjordane 3/5(3),
 Hordaland 20/12(9),
 Rogaland 11/5(4),
 Vest-Agder 4/3(2),
 Aust-Agder 2/3(1),
 Telemark 11/8(5),
 Vestfold 12/6(6),
 Buskerud 13/6(6),
 Oppland 4/5(4),
 Hedmark 10/5(5),
 Akershus 8/6(6),
 Østfold 27/9(8),
 Oslo 101/19(19), bransjeblad (truleg også i Oslo) 9/9(9), radio og fjernsyn (Oslo) 8/4(4).

På topp ligg *Aftenposten* med 35 oppslag, *Dagbladet* med 20 og *Arbeiderbladet* med 8.

Dette er sjølvstendige pålitelege målestav på interesse og holdningar. Her burde ein også teke omsyn til dei avisene som ikkje hadde noko oppslag, og dermed ikkje kom med i materialet, og ein kunne dra inn storleiken på avisene både i sidetal og lesarar/abonnentar, og at nokre av Oslo-avisene har lesarar utanom hovudstaden. Men trass i dei veikskapane at desse omsyna ikkje er med, viser tala eit tydeleg geografisk mønster for engasjementet i denne offentlege debatten: Han er først og fremst hovudstadsprega. Nord-Noreg og Trøndelag har 15 sjølvstendige oppslag, Oslo 118 (dvs. 101 + 9 + 8). I Nord-Noreg aleine hadde dei fire NTB-meldingane 27 oppslag, og artikkelen å Vernegg var trykt 15 gonger. Dei sjølvstendige oppslaga var 12 i talet.

Dette geografiske mønsteret kan ein ikkje sjå bort frå når ein skal tolke representativiteten i debatten i det såkalla offentlege rommet, same kva perspektiv ein ønskjer å bruke. At det var geografiske skilnader, blir òg understreka av at dei store landsdelsavisene – som er dei avisene som lettast kan samanliknast med dei store Oslo-avisene – heller ikkje hadde mange sjølvstendige oppslag: *Nordlys* 1, *Adresseavisen* 1, *Sunnmørsposten* 0, *Bergens Tidende* 7, *Stavanger Aftenblad* 7, *Fædrelandsvennen* 2. Desse avisene har elles ein god del kulturstoff, òg om språkspørsmål.

6. Praksis i andre språksamfunn

6.1. Dansk

Dansk følgde opp vedtaket frå Stockholms-møtet i 1869 med å endre $x > ks$ i 1889. Med vedtak det året og i 1892 blei ei mengd franske og engelske importord danifiserte (*fjæs, klub*). Eit prinsipp formulert i kunngjeringa frå 1892 lyder:

«Fremmede Ord, der ere fuldt optagne og indgaaede i Sproget og i Udtalen have tabt de fremmede Lyde, skrives efter Sprogets almindelige Regler: Ansjos, Kaptajn, Kontor, Løjtnant, nervøs, Tempel, Ur, Trone.»

Men unntaka frå prinsippet er mange, og etter den tid har mønsteret i praksis vore at ein tek inn importorda med engelsk skrivemåte. Likevel har ein fått f.eks. *gæng, handikap/handicap, takle/tackle* og *tjekke/checke* (Vinje 1996: 16). I dette perspektivet er dansk det mest konservative av dei nordiske språka, «det vil sige det sprog, som sidst drister sig til et forsøg på en hjemliggørelse» (Skautrup 1968: 77). Også i talemålet er tendensen svakare til å nasjonalisere, for *j-* i framlyd blir av mange uttalt som *dj-*. Mange engelske importord får også *-s* i fleirtal.

På lista frå Marstrand-møtet i 1983 var det 120 ord som kravde endring i dansk. 55 blei det vedteke å endre, men ikkje f.eks. *kåseri, byråkrati* og *intervju*, som framleis skal skrivast *causerie, bureaukrati* og *interview*. Desse endringane skapte stor debatt i Danmark, ein debatt som er blitt omtalt som «majonæse-krigen» (Hansen & Lund 1994: 107f.). Fråsegner frå Dansk Sprognævn går eintydig ut på at det ikkje er på tale å leggje om den tilbakehaldne linja når det gjeld danifisert skrivemåte.

6.2. Svensk

I Sverige var ein tidleg ute med eit prinsipp om svesisering. Svenska Akademien stilte alt i 1801 opp prinsipp for stavemåten av importord: «[I] de utländska ord, hvilka nu mera icke kunna från vårt språk afsöndras, den främmande stafningen både kan och bör ombytas till enlighet med våra egna stafningslagar.» Eit unntak frå den ortografiske tilpassinga er gjord for ord med skiftande uttale.

Lista frå Marstrand-møtet omfatta 40 ord som skulle endrast i svensk. Det blei vedteke å endre 18 av dei. Det er ikkje gjennomført like systematisk nasjonalisering av engelske importord som av dei franske importorda i svensk. I nokre tilfelle har ein dei

siste åra også gått tilbake på svesiseringar; det gjeld f.eks. *tejp*, *vinersnitsel*, som no skal skrivast berre som *tape* og *wienerschnitzel*.⁴⁶

Av dei debatterte orda her i Noreg er desse alt med i SAOL: *gajd/guide*, *kampa/campa*, *skripta/scripta*, *skop/scoop*, *sprej/spray*, *tajming/timing*, *fädning/fading*, *boka*, *fajt/fajta*, *tajma*. Ei nokså ny svesisering er *rejev* for *rave*, og *Språkvård 2-97* fører opp *hajp*, *nørd* og *sajt* for *hype*, *nerd* og *site*.

Når det gjeld uttalen, er nasjonaliseringa på eit par punkt meir konsekvent enn i norsk: Engelsk *a* og *u* [ʌ, u] får uttale med svensk *a* og *u*, dvs. som i *match* og *lunch*. Engelsk *oo* blir i svensk [ø] og dermed lett til *o* i skrift, jf. *boka* og *skop*. Elles finst det ein del tilfelle av at forsvenskingar har sigra der norsk har importordet: *nicka*, *kassaskåp*, *tändare* for *hedde*, *seif*, *lighter*.

6.3. Islandsk

Den islandske purismen har tradisjon heilt tilbake til humanismen på 1500-talet, og den har spela ei viktig politisk rolle. Oppslutninga om den offisielle språkpolitikken er òg derfor større enn i dei fleste andre land. Hovudretningslinja er at alle nye omgrep skal få ei islandsk nemning, og da prøver ein å bruke mest mogleg or tradisjonelt ordtilfang ved

- 1) å lage beskrivande omsetjingar, som ofte blir samansette ord (f.eks. *dráttarvél* for ‘traktor’),
- 2) å ta i bruk ord som elles er gått or bruk (f.eks. *sími* for ‘telefon’), og
- 3) å utnytte dei morfologiske mønstra for ordlaging (f.eks. *þota* for ‘jetfly’, laga til partisipp-avlydssteget av verbet *þjóta*).

Heller ikkje i islandsk får alle framlegg om heimlege avløyсарord gjennomslag i talemålet. Normalordet i talemålet for f.eks. *dráttarvél* er *traktor*. Også i den offisielle språknorma tek ein ofte inn den utalandske ordstammen og føyer den etter den islandske språkstrukturen, f.eks. *jeppi*, *banki*, *sjoppa*, *teip*, *gæi*, *sígaretta*, *bíll*, *plakat* (= ‘jeep, bank, shop, teip, fyr/«guy», sigarett, bil, plakat’).

6.4. Færøysk

Også den færøyske offisielle språkpolitikken følgjer ei puristisk linje. Men i den faktiske språkbruken – særleg den munnlege – er mengda av lånord større enn i islandsk. Når desse lånorda blir tekne i bruk i skrift, følgjer dei ofte dansk skriftmønster, ettersom den tradisjonelle og autoritative ordboka (Jacobsen & Matras: *Føroysk-donsk orðabók*) inneheld heller få moderne lånord. Men nokre importord har fått innpass i all færøysk, som *bilur* og *kekki* (= ‘bil, sjekk’).

⁴⁶ Svensk bytte ikkje ut *x*-en med *ks*, slik skandinavismøtet i Stockholm i 1869 tilrådde. Det vil seie at *x*-en er blitt verande ein del av det svenske ortografiske mønsteret og høyrer såleis heime i svesiserte ord, jf. *taxi* med *x*, likeins som *växa* med *x*.

I 1995 gav Føroya Fróðskaparfelag ut ei ny utgåve av *Donsk-føroysk orðabók* (med Hjalmar Petersen som redaktør), og denne ordboka følgjer den linja at ord som er i vanleg bruk i færøysk, og som lett kan føyast inn i færøysk språkstruktur, blir tekne med jamsides tradisjonelt korrekte færøyske ord. Her står f.eks. berre *adressa* under oppslagsordet *adresse*, og under *choke* finn vi «hvøkkur, skelkur, sjokk», og under *chips* «kips». Denne ordboka skapte sterk debatt i færøyske messemedium pga. brottet med den språkpolitiske tradisjonen.

Hausten 1997 kjem det ut ei ny morsmålsordbok, finansiert av statlege midlar. Den vil etter det redaktøren Jóhan Hendrik Winter Poulsen opplyser, følgje ein mellomveg.

6.5. Tysk

For tysk blei det innført ei revidert rettskriving i 1996. Eitt av måla med den er

«å videreføre til fremmedord bruken av de grunnregler som gjelder for det hjemlige ordforrådet. I denne forstand tar enkeltforslagene sikte på en fortyskning av reglene for lyd-bokstav-korrespondanse.» (Askedal 1996: 81ff.)

Det har som følgje at nokre importord frå engelsk får ny skrivemåte, f.eks. blir kvantiteten markert i *Tip > Tipp*, *Step > Stepp*, *Karamel > Karamell*. *Ph* blir endra til *f* som i *Mikrofon > Mikrofon*, stumme *h*-ar fjerna i *Katarrh > Katarr* og *Panther > Panter*, tysk stavemåte sett inn i *Ketchup > Ketschup*, og bøyinga skal følgje tysk mønster, som i *Babies > Babys*. Ein del av rettskrivingsendringane er valfrie (Askedal 1996: 86.)

6.6. Engelsk

Det engelske språket er særprega av at det svært lett importerer ord. Lån som er noko eldre, har fått sin særengelske skrivemåte. Såleis viser dei franske importorda *juice* og *picnic* ingen merke på opphavet sitt. Det gjeld òg ofte ord frå fjerne språk – mange har komme frå dei engelske koloniane. Moderne importord frå nærstående språk kjem ofte inn utan endringar i skriftbiletet, som *kindergarten* frå tysk, og *ombudsman* frå svensk. (Ettersom det siste ordet blir bøygd med *-men* i fleirtal, kan ein seie at sisteleddet er engelsk, og såleis er ordet eit såkalla hybridord.) Det norske *slalåm* har av forståelege grunnar fått endra *å*-en til *o*. Det svenske *smörgårdsbord* har fått ei teknisk enkel løysing med *smorgardsbord*.

Det engelske skriftspråket er prega av eit lite absolutt rettskrivingssystem. Ofte må ein rekne med berre tendensar til samsvar mellom skrift og tale. Det gjer at det er få restriksjonar på kva som kan finnast av skriftbiletet i engelsk, og ingen av dei orda som er nemnde ovafor, bryt med noko system.

Når det gjeld uttalen, kan ein derimot seie at det er ei svært sterk nasjonalisering, dvs. at eit ord som f.eks. *ombudsman* blir uttalt i samsvar med engelsk fonologi. Men det er ein tendens til at franske importord kan ha ein uttalevariant som er franskprega.

6.7. Italiensk

Italiensk tek inn ein del engelske ord, men lèt skrivemåten vere uendra, f.eks. *il pull-over* (bestemt form eintal), *week-end*, *bar*, *leader*, *sandwich*. Ettersom italienske substantiv har bøyning med vokalbyte frå eintal til fleirtal (jf. *libro - libri*, *porta - porte*), kan ikkje desse med utgang på konsonant gå inn i noko tradisjonelt heimleg mønster, og dei får inga fleirtalsending: *i leader* (= 'leiarane'). Heller ikkje lån frå fransk blir nasjonaliserte, som f.eks. *garage*.

6.8. Spansk

I spansk er det færre engelske importord, og dei som kjem inn, blir «spanifiserte», slik at *leader* blir skriva *líder* og heiter *los líderes* i fleirtal. Som verb føyer dette ordet seg òg inn i mønsteret: *líderar* i infinitiv.

6.9. Fransk

Franske språkrøktarar og styresmakter har lenge drive ein nokså fast politikk mot engelsk påverknad. Det er endatil vedtekne lover som skal hindre bruk av engelsk innafor f.eks. reklame. I 1996 blei det f.eks. vedteken ei lov som pålegg radiostasjonar å la minst 40 % av dei spela popsongane vere på fransk. Men ein del engelske gloser har likevel glidd inn i fransk kvardagsspråk, slik at ein har fått det som er blitt kalla «franglais»: *leader*, *weekend*, *shampoo*, *fast food* osv. Slike ord er ikkje blitt nasjonaliserte i skrivemåten, men tanken om å skriva *le lideur* osv. har vore lansert (jf. Selmer 1996); skrivemåten *ouisky* er også litt brukt for *whisky*. Derimot kan fransk gå nokså langt i nasjonaliseringa av uttalen, f.eks. av *joint venture*, som blir uttalt etter franske lesereglar.

Skrivemåten av engelske importord føyer seg på denne måten inn i den svært konservative skrifttradisjonen som pregar fransk elles, der omsynet til eit samsvar mellom skrift og tale ikkje spelar same rolla som hos oss. I undervisninga i skolen blir det derfor òg brukt mye tid på rettskrivingsøving.

Lån frå andre språk enn engelsk kan derimot få fransk skrivemåte, som det tyrkiske *yogurt*, som i fransk er blitt til *yaourt*.

6.10. Russisk

Russisk språk har ingen sterk puristisk tradisjon, og derfor har det komme inn ei mengd moderne importord frå engelsk. Dei blir uttalte etter russisk fonologi og får ein skrivemåte som avspeglar det. Eksempel nemnde i Gundersen (1996a: 49) er – med

latinske bokstavar: *andergraund* < *underground*, *autsáider* < *outsider*, *bamper* < *bumper*, *bebi* < *baby*, *displéi* < *display*, *dsjentlmén* < *gentleman*, *golkiper* < *goalkeeper*, *kompjuter* < *computer*, *lokaut* < *lockout*, *nou-hau* < *knowhow*, *pikap* < *pickup*, *seif* < *safe*, *sleng* < *slang*.

Ettersom russisk er skriva med det kyrilliske alfabetet, må sjølvstund skriftbiletet endrast frå engelsk, og det kan gjere det lettare å ta steget fullt ut til ein nasjonalisert skrivemåte.

6.11. Polsk

Eit slavisk språk som er skriva med latinske bokstavar, er polsk. Ole Michael Selberg (1993:114) skriv om det at

«Skrivemåten av fremmedord tilpasser gjennomgående polske skrivevaner: *dzinsy* (jeans); *biznesmen* (businessman); *kontener* (container); *komputer* (computer). Polsk forenkling av opprinnelig dobbeltkonsonant i fremmedord avspeiles stort sett i skriftbiletet: *profesor*, *milenium*, *paralelizm* (men: *immunitet*, *immatrykulacja*).»

6.12. Merknader

Det kunne vore nemnde fleire eksempel; dei ovafor viser praksisen frå nokre europeiske språk. Det viktige er å sjå at det finst ulike praksisar i dei ymse landa. Men om vi skal jamføre med vår eigen situasjon, må vi samtidig ta omsyn til språksituasjonen i kvart land. Derfor er f.eks. situasjonen for russisk ikkje heilt parallell med den norske ettersom engelsk og russisk er skrivne med ulike alfabet. På same måten er heller ikkje fransk og engelsk gode parallellar ettersom dei språka ikkje har ein normeringstradisjon som har lagt vekt på at ortografien skal vise gjensidig systemsamsvar mellom tale og skrift og dessutan verke samlande for dialektane.

7. Tilpassing i rettskrivinga – drøfting og prinsipp

7.0. Innleiing

Dette kapittelet er gjennomdiskutert i referansegruppa. Men ettersom det her blir lagde fram synsmåtar og dregne konklusjonar som det er noko usemje om, skal det gjerast klart at det er utgreiaren som heilt ut er ansvarleg for formuleringar, synsmåtar og framlegg. Ingvar Engen tek som representant for departementet av prinsipielle grunnar ikkje stilling til nokon av synspunkta eller framlegga i utgreiinga.

Det er prinsipiell semje i referansegruppa om det som blir lagt fram i dette kapittelet. Men Tor Guttu tek atterhald når det gjeld konklusjonane og framlegga i pkt. 7.2., 7.4., 7.5., 7.7. og 7.8., det vil seie dei som gjeld omfang, tidspunkt og framgangsmåte for norvagiseringa. Under punkt 7.6. – dvs. det som gjeld sjølv prinsippa for ortografiske løysingar i dei orda ein vil norvagisere – er heile referansegruppa einig om alle punkta unnateke V1, som gjeld prinsippet om skrivemåten av importord som har uttalen [æ], men skrivemåten *a* på engelsk.

Sjølv framlegga til normeringsprinsipp er markerte i teksten med symbolet • fremst i avsnittet. Dei reint ortografisk-tekniske framlegga under pkt. 7.6. er nummererte.

7.1. Kan ein styre ordimporten?

Ikkje noko normeringsorgan kan styre kva omgrep som skal komme inn. Det er heller ikkje noko politisk ønske eller mål. Vi reknar det som ønskjeleg at det norske samfunnet tek del i den internasjonale informasjonsutvekslinga og idéutviklinga. Internasjonal vitskapleg kontakt, kulturutveksling og teknologiske nyvinningar krev nye omgrep. Det er i brytninga med dei vi kan utvikle vårt eige samfunn. På omgrepsnivået er det internasjonale argumentet viktig.

7.2. Norsk eller utalandsk ordform?

Det viktigaste politiske målet for den offisiell språkpolitikken har vore at han skal tene ei demokratisk utvikling, det som òg er blitt kalla ei folkepedagogisk målsetjing, dvs. at språket skal vere lett å bruke, og at flest mogleg skal kunne kjenne det att som sitt. Ein skal unngå at språket skaper sosial (eller sosiolingvistisk) avstand. Derfor er det mest tenleg å gi nemningane på dei nye omgrepa ei norsk form (avløysarord eller norvagisert form) som gjer dei lette både å forstå og å bruke for flest mogleg. I det kulturpolitiske perspektivet kan ein hevde at det er ved å sameine internasjonale impulsar med vårt eige vi kan bidra til den samla kulturvariasjonen i verda.

Dersom ein har sympati med ei slik kulturfilosofisk tilnærming, må ein rekne som positivt at språk blir haldne oppe, og at språksamfunn «konserverer» språket sitt ved å halde på ein fast og særmerkt struktur som samfunnsmedlemmene identifiserer seg med. Både fornorsking og norvagisering kan sjåast i det perspektivet.

Utfordringa blir altså å kombinere påverknad og inspirasjon utifrå – det ein ofte siktar til med omgrepet ‘internasjonalisering’ – med det å tilpasse impulsane til eins eige. Det ville vere sjølvmotseiande om isolasjon blei konsekvensen av ei dyrking av variasjon, for nettopp variasjon skaper ny variasjon. At språkleg konservatisme ikkje treng føre til isolasjon, er Island eit eksempel på. Få land fører ein så gjennomført puristisk språkpolitikk, men landet ligg langt framme i det som blir kalla internasjonalisering. Frå heimleg grunn kan vi illustrere poenget med at ordet *datamaskin* fortel like mye om ei teknologisk nyvinning som *computer*. Begge orda formidlar dei internasjonale nyvinningane.

- Dersom nye ord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i det norske ortografiske mønsteret, skal ein gi det norsk ordform (ved anten fornorsking eller norvagisering)

Den politiske oppslutninga om fornorsking er stor, som vi såg under pkt. 5.1.10. Norvagiseringa har derimot reist større debatt. Kulturdepartementet har i brevet (datert 23.5.96) til Språkrådet kommentert «at nordmenn får stadig større språkkunnskaper i engelsk, og at det derfor må vurderes om det er hensiktsmessig at velkjente engelske ord har ulik skrivemåte i engelsk og norsk.»

Vi kan her ta utgangspunkt i korleis forholdet alt er mellom dei nærskyldte språka engelsk og norsk når det gjeld likskapar og forskjellar som vi må lære å meistre:

- 1) Same orda kan ha same skrivemåte, men ulik uttale, som i *land* uttalt /lænd/ og /lan/. (Jamfør òg *abort*, *absurd*, *album*, *all*, *analyse*, *arm* – for å nemne nokre frå første bokstaven i ordboka.)
- 2) Same orda har same eller nesten identisk uttale, men ulik skrivemåte, som i /ʃɔk/, skrive *shock* på engelsk og *sjokk* på norsk. (Jamfør òg *rough/røff*, *tough/tøff*, *frilance/frilans*, *cooly/kuli*.)

Når vi har lært ein del av språket, har vi gjennomskoda ein del av systematikken, slik at vi f.eks. intuitivt veit at engelsk ikkje har skrivemåtar med *kk*, norsk ikkje med *ck*, og engelsk vil svært sannsynleg uttale *a* som /æ/ framom *nd*, osv., osv. At vi da tek steget over frå å skrive *gear* til å skrive *gir*, frå *service* til *sørvis* osv., vil berre seie at vi føyer desse orda inn i det store mønsteret av ord som er dei same i dei to språka, men uttalte eller skrivne litt ulikt. Ein kan altså hevde som eit pedagogisk argument at vi heller blir støare i å skilje mellom norsk og engelsk om vi held oss til konsekvent ‘norsk bokstavering’ i norsk og ‘engelsk bokstavering’ i engelsk. Når – som vi såg under pkt. 3.6. – importorda også ofte får nytt innhald når dei er blitt absorberte i norsk (jf. *kjeks* og

bag), vil det vere forvirrande både for norskundervisninga og engelskundervisninga at ord med «norsk innhald» skal skrivast på engelsk.

Ei blanding av norsk og engelsk skrivemåte kan skape mange skriftbilete som er forvirrande for lesaren, jf. eksempelet med *tapet* under pkt. 5.1.7. Ein skrivemåte som f.eks. *squashhall* kan gjere ein usikker på korleis sisteleddet skal lesast – på «engelsk» eller på «norsk»? Både semantiske skilnader og ein prinsipiell forskjell i ortografiske mønster gjer altså at det må vere pedagogisk uheldig å halde på engelsk skrivemåte på ord importerte frå engelsk.

7.3. Norvagisering eller fornorsking?

Departementet refererer i brevet frå 23.5.96 til Språkråds-diskusjonen i 1987 der det gjekk fram at

«Det må først vurderes om det fremmede ordet kan få en norsk erstatning, eller om det bør godtas i sin fremmede form. Et norsk avløserord er å foretrekke så sant det kan finnes.»

Avløysarord lagar ein på to måtar:

- a) Ein omset importordet ledd for ledd, som i *face-lifting* > *ansiktslyfting*.
- b) Ein finn eit nytt ord som seier noko om omgrepet, men som ikkje svarer nøyaktig til det det heiter på det fremmede språket, som i tilfellet med *disc-jockey* > *platepratar*. (Eksempla frå Lundeby 1987.)

Det vil neppe vere stor usemje om dette prinsippet:

- Ein skal prioritere arbeidet med å finne norske avløysarord for heilt nye engelske fremmendord.

Det er altså i mange tilfelle ein fordel om ein kan få gjennomslag for tradisjonelle ord eller omsetjingar av dei engelske orda (og ordledda) før ein prøver med norvagisert skrivemåte. Det gjeld f.eks. *ulempe* for *drawback*. Derfor bør ein òg prøve med ordformer som f.eks. *bøke*, *innsidar* og *utsidar* før ein foreslår ei norvagisert form på desse importorda.

I Noreg har ein mange gode erfaringar med at norske ord sigrar når ein har gode alternativ. Ei av dei mest vellykka fornorskingane var ordet *utblåsing*, som blei teke i bruk i nyheitene alt dagen etter Bravo-ulykka i 1977, og det engelske ordet *blow-out* (som var blitt brukt alt i 1974) har hatt liten plass seinare i allmennspråket. Men det kan ta tid før det blir utvikla eit fornorska ord, og enda lenger kan det gå før det blir det sjølvsgdde ordet. Det ville vere ønskjeleg om Språkrådet og terminologiske institusjonar kunne få høve til å styrkje arbeidet med å utvikle avløysarord, og dessutan til å styrkje ei allmenn interesse for å skape nyord. Ein database for idéar til avløysarord kan vere

med å utvikle denne interessa. Det har alt vore eit samarbeid med NRK Radio, og liknande tiltak i fjernsyn og aviser ville òg ha styrkt interessa. Konkurransar kan òg vere tenlege.

Det er ikkje alltid lett å vinne allmenn aksept for eit avløyserord. Det fornorska ordet må ofte slite i ein prestisjekamp med det engelske ordet, som vi såg ovafor under pkt. 5.1.4. Dessutan er ein vanleg kritikk at det norske ordet ikkje er presist nok. Dette er ein myte, for på engelsk er orda ofte like fleirtydige som dei norske avløyserorda ettersom fagorda gjerne er henta frå allmennspråket. Men trass i slike faglege innsikter fører den allmenne holdninga til at det ofte er vanskeleg å få gjennomslag for norske avløyserord. Fagleg kan ein støtte synsmåten åt Lundebj frå 1987: «Det bør være et gyldig prinsipp for arbeidet med å finne avløserord at en må være tilfreds med norske ord som dekker hovedbetydningen og det vesentligste bruksområdet til det fremmede.»

I avisdiskusjonane er det ofte framheva, m.a. i fleire leiarartiklar, at Språkrådet i staden for å norvagisere burde finne fram til norske avløyserord for dei engelske importorda. Men same avisene bruker sjølve *guide* – og ikkje *omvisar* eller *reiseleiar*, som i dei fleste høva ville vere dekkjande for innhaldet. Såleis er det ikkje Språkrådet som avgjer språkutviklinga. Språkrådet har avgrensa høve til å styre, men det kan truleg påverke utviklinga. For å kunne påverke mest mogleg effektivt må det vurdere kvar det skal konsentrere innsatsen, og korleis. Dag Gundersen (1997) har formulert dette argumentet slik:

«Hvis vi kan gjennomføre norvagiseringen så langt det går an, eller så langt vi for tiden kan bli enige om, så står vi igjen med et forhåpentlig håndterlig antall anglisismer som trenger fornorsking, f.eks. *deadline*, *layout*. Kanskje dette blir mer overkommelig når det ikke er så mange av disse ordene lenger.»

Når ein ser at eit utalandsk ord har vunne innpass, kan det vere spilte krefter å motarbeide det. Da bør ein heller arbeide for å gi det ei norsk form, for, som det blei argumentert for i pkt. 5.1.5., vil ei norsk form både gjere bruken lettare for folk – dvs. at argumentasjonen for norvagiserte former er den same som for fornorsking – og ho vil styrkje kjensla for den norske språkstrukturen (jf. pkt. 5.1.7.). Departementet refererer (23.5.96) prinsippet etter debatten i 1987 slik: «Når det dreier seg om navn på nye konkrete ting eller begreper som det ikke lykkes å finne noe norsk ord for, må det fremmede ordet godtas.» Det prinsipielle ønsket om fornorsking skal altså ikkje hindre oss i å ta inn importord.

Språkstrukturelt treng ikkje importord vere til nokon skade. Det er ei viktig språkvitenskapleg innsikt at det er heilt naturleg for eit språk å låne ord.

«Gjennom norvagisering og fornorsking har språket vårt svelgjet unna bølge etter bølge av lånord i all tid og framstår stadig som norsk. Kan man forestille seg hvordan det eller ville sett ut?» (Gundersen 1996b.)

Så mange uoversiktlege faktorar verkar inn på kva som sigrar i utviklinga, at det neppe kan reknast som strategisk uheldig om det i ein del tilfelle finst framlegg både til avløyssarord og til norvagisert form. Det kan òg hende at både semantiske og stilistiske utviklingar gjer at det er bruk for begge delar. Såleis kan det vere tenleg at ein har både *teiknrute* og *displei*, eller både *kjempe* og *faite*.

Det finst eksempel på at ein har normert og norvagisert ord som samfunnsutviklinga og språkutviklinga har gått forbi, jf. pkt. 3.3. og 1938-vedtak som *sujett*, *såsis*, *sjevrå*, *sjetong*, som er lite aktuelle i allmennspråket no. Orda *galloway*, *fastback* og *hotpants*, som blei normerte i 1970, 1982 og 1984, har ikkje fått plass i f.eks. *Nynorskordboka*, det første og siste heller ikkje i *Bokmålsordboka*. I 1996 prøvde Språkrådet å norvagisere *snackbar*, men fenomenet ordet refererer til, skal alt vere på veg ut.

Men slike eksempel kan ikkje brukast i nokon kritikk mot språkrøktinnsatsen. Kritikken om at ein er for sein til å gjere noko, er alvorlegare. Det gjer òg at vi ikkje legg vekt på argumentet om at norvagiserte ordformer svekkjer arbeidet mot anglisismar. Det kan heller vere – som det blei hevda i avisdiskusjonen i 1996 – at den norvagiserte forma verkar inn på brukarholdningane slik at eit norsk avløyssarord får «ein ny sjanse». Kanskje kan ein norsk skrivemåte også ta bort prestisjeverdien åt lånorda, og da kan heimlege avløyssarord stå sterkare i tevlinga.

Ein slik språkrøktstrategi med å kombinere fornorskning og norvagisering har lang tradisjon i språkhistoria vår, og vi bør halde fram med den, same kvar importorda kjem frå.

- Det er ei oppgåve for Språkrådet å «overvake» språksituasjonen slik at det kan finne ut i kva høve ein bør satse på eit avløyssarord, og i kva høve det skal arbeide for ei norvagisert ordform.

7.4. Kva ord bør norvagiserast – og kva ikkje?

I innleiinga til diskusjonen i Språkrådet i 1987 gjekk Lundeby inn for at importordet må godtakast «når det dreier seg om navn på nye konkrete ting eller begreper som det ikke lykkes å finne noe norsk ord for». Det er vanskeleg å sjå noka grunngeving for å avgrense norvagiseringa til namn på det som er konkret. Målsetjinga bør omfatte alle orda i allmennspråket.

Innafor fagspråket gjeld ikkje det folkepedagogiske argumentet på same måten, slik at vurderingane av skrivemåten innafor fagspråket må gjerast på anna grunnlag. Vi har sett ovafor i pkt. 3.5. at importord i allmennspråket kan få «sitt eige liv» og få tydingsnyansar og tydingsendringar det ikkje hadde i opphavsspråket. I ein fagterminologi kan det nettopp vere eit poeng at innhaldsdefinisjonane er eins over språkgrensene. Fagord og allmennord lever såleis til dels på ulike premissar.

Det er dermed grunn til å avgrense drøftinga her til allmennspråket. Men det vil ikkje seie at vurderingane av allmennspråket ikkje gjeld fagspråket. Det kan f.eks. vere eit poeng at det ikkje bør vere for stor avstand mellom fagspråk og allmennspråk (jf.

Skadberg 1987: 208). Innafor f.eks. oljeterminologien er det gjort eit svært stort arbeid for å overføre terminologien til norsk, men der er største vekta lagd på fornorsking. Det er samla mye erfaring frå det fornorskingsarbeidet, og premissane for det er grundig presenterte av f.eks. Johan Myking (1991 og 1996). Ved Norsk termbank (Universitetet i Bergen) arbeider ein for tida med eit prosjekt om verknadene av den tidlegare terminologi-verksemnda. Eit spørsmål som vil dukke opp, gjeld dei tilfella der dei fornorska fagtermene ikkje vinn fram. Bør ein norvagisere? Spørsmålet om kva fagord som skal norvagiserast, bør vere eit fagterminologisk spørsmål som må utgreiast av fagterminologar.

- Ein bør arbeide for at flest mogleg av importorda som går inn i allmennspråket, blir norvagiserte.

Å la norvagiseringa vere avgrensa først og fremst velkjende og utbreidde ord går tilbake til rettskrivingsendingane før hundreårsskiftet, og det blei støtta av Språkrådet så seint som i 1987. Askedal (1996) viser òg til at same premissen går inn i tysk rettskrivingspolitikk. Men denne prinsipielle avgrensinga som det er tradisjon for, er litt underleg når ein ser at ikkje reint få normeringsvedtak som blir gjorde i Språkrådet, nettopp gjeld skrivemåten av fagord. Det er såleis ei mengd medisinske termar som har fått norvagisert skrivemåte den siste tida: *ichtyol* > *iktyol* (1984), *cholesterol* > *kolesterol* (1984), *chlamydia* > *klamydia* (1985), *glycin* > *glysin* (1986), *suksinat* (1987).

- Ord som det er fagterminologisk grunn for å norvagisere, skal ein følgje same prinsippa som allmennspråklege ord.

Somme importord inneheld lydar som ein ikkje kan rekne til norsk språkstruktur. Dette siste er til dels ei vurderingssak, som vi såg i pkt. 1.3., men semja er nok stor om at f.eks. *knowhow* inneheld to problematiske diftongar. Ser ein at *fagkunnskap* (eller *ekspertise*) kan komme i bruk, bør ein ikkje prøve å norvagisere det engelske ordet.

- Når det gjeld importord som er vanskelege å tilpasse norsk lydstruktur, bør ein prioritere arbeidet for eit norsk avløyarsord.

Vi støttar dette standpunktet frå innleiinga åt Lundeby i 1987:

- «Det bør vises tilbakeholdenhet med forandring av termer som er i internasjonal bruk, for eksempel målenheter, særlig når ordet er avledet av et navn. Eksempler: *becquerel*, *pasteurisere*.»

Fornorskingar kan sjå ut til å gli lettast der det engelske ordet er bygd opp av ledd som kvar for seg kan omsetjast til eit parallelt norsk ord, som ovafor. Fornorskinga har

mindre gjennomslagskraft når det er tale om ugjennomsiktige ordstammar som blir lånte, f.eks. *bag*, *hipp*, *kikk*, *image*. Når slike ord får gjennomslag, kan ein leggje vekt på det positive i å få fleire «byggjeklossar» i ordforrådet. I slike tilfelle bør ein vere tidleg ute med ein norvagisert skrivemåte, som f.eks. *bagg*, *hipp*, *kikk*, *immitsj*.

Norvagiserte skrivemåtar av samansetningar som *vikend*, *evergrin* og *blovvaut* har den ulempa at mange språkbrukarar har ei forståing av den semantiske oppbyggnaden, dvs. ledda i samansetninga, gjennom engelsk. Slike ord kjem i ein annan kategori enn usamansette og ugjennomsiktige ordstammar som *faiete* og *gaid*, som ein ikkje kan 'forstå' på same måten; ordstammar kan ein berre *vete* tydinga til. Ved engelske samansetningar blir det nok oftare utvikla spontant – dvs. utafør ideologiske språkrøktorgan – gjennomsiktige norske avløyssarar. Også Sørland (1993) har komme til at samansetningar viser mindre tendens til norvagisering enn usamansette importord.

Dette er inga prinsipiell innvending mot ei norvagisert form, men det er ei taktisk vurdering som byggjer på at eit avløyssarord har betre sjansar i slike tilfelle (jf. *vekeslutt* og *utblåsing*).

- Eit engelsk ord som er bygd opp slik at det er gjennomsiktig også for nordmenn som kan engelsk, bør ein vere meir tilbakehalden med å norvagisere, og først satse på å få innarbeidd eit omsetjings- eller avløyssarord for. Ved engelske ordstammar derimot må ein oftare vurdere å innføre norvagisert skrivemåte, ev. i tillegg til eit framlegg om avløyssarord.

Ei gruppe ord som blir omtalte som *eksotika*, refererer til utalandske fenomen. I slike ord kan nettopp utalandsk skrivemåte ha ein funksjon ved å markere det fjerne. Eksempel frå engelsk er *lady*, *tory*, *whig*, *cowboy*, frå ungarsk har vi *puszta*.

- Ord som refererer berre eller nesten berre til saksforhold i engelsktalande land, bør halde på den engelske skrivemåten. Det same må i ein viss grad òg gjelde for ord frå språk som færre nordmenn kan.

Situasjonen er at det ikkje er like stor interesse for ein nasjonalisert skrivemåte i dansk og svensk. Det vil seie at sjølve den prinsipielle linja om norvagisering må vere eit norsk språkpolitisk val. Men dersom det i grannespråka er komne gode framlegg til avløyssarord, bør ein vurdere å bruke eit tilsvarande ord på norsk. Det kan vere ein strategisk styrke å ha slike ord felles. I praksis er det oftare svensk enn dansk som utviklar avløyssarord. Ordet *målvakt*, som langt på veg har avløyst *keeper*, er eit svensk avløyssarord, og ordet *lysark* for *transparent* kjem visst frå dansk og spreier seg i norsk i dag.

- Når ein skal avgjere om ein bør satse på norvagisering eller avløyssarord, bør ein jamføre med situasjonen i dei skandinaviske grannelanda.

Kulturdepartementet har spurt Språkrådet i brevet frå 23.5.96 om norvagiseringa kan svekkje den felles nordiske språkforståinga. Ettersom det her er mest tale om ortografien, kan vi halde oss til skriftmålsforståinga. Det kan bli fleire skrivemåtar som skil dansk, svensk og norsk skriftmål når vi nasjonaliserer skrivemåtane våre, som da svensk innførte *tejp*, norsk *teip* og dansk heldt på *tape*. Men når forskjellen kjem av at dei ortografiske prinsippa er ulike, er orda gjennomsiktige og forståelege likevel. Det vil eigentleg seie at ein oppnår større likskap – rettnok ikkje på bokstavplanet, men på eit systemplan ved at ein følgjer dei nasjonale ortografiske mønstra, jf. svensk *tejp* og norsk *teip*. Desse ortografiske forskjellane er altså ikkje større enn dei vi har frå før ved at ein i svensk skriv *kväll* for *kveld*, og i dansk *fjeld* for *fjell*.

Ein annan type forskjell oppstår der ikkje alle nasjonaliserer orda. Men vi bør kanskje ikkje overdrive dette momentet. Når ein nordmann les dansk, forstyrrar det litt at *interview* er bokstavert på engelsk, men vi forstår ordet fordi vi kan ein del engelsk. Ein danske kan på si side bli forvirra av den norske skrivemåten *intervju*, men han skal kunne gjette seg til tydinga ettersom skrivemåten svarer så godt til hans eigen uttale av same ordet.

Ein må òg peike på at det er ein tankekross om det er engelske ord og skrivemåtar som skal halde oppe 'den nordiske fellesskapen'.

Forståingsfellesskapen mellom dei skandinaviske landa bør vi sjå på som noko positivt. Men forståingsproblema mellom dei skandinaviske språka ligg meir på andre språkdrag enn desse orda. Det er uttalen i dansk som skaper største avstanden, den avvikande ortografien mindre. I forhold til svensk er det motsett, for der skaper det avvikande skriftbiletet og skilnaden i ortografisk prinsipp større avstand, ikkje minst med bokstavane *ä* og *ö* og konsonantsambandet *ck*. Med litt øving overvinn ein desse vanskane, og da kan forskjellane takast med som ein del av den kulturelle variasjonen vi i andre samanhengar set pris på. Da er ikkje likskapen viktigast, men kontakten.

Vurderinga som departementet gav uttrykk for i 1984, går på at det kan vere uheldig om nordisk fellesnormering skulle hindre eit konsekvent norsk skriftmønster. (Jamfør drøftinga under pkt. 5.1.3.) Det nordiske argumentet blir dermed ikkje det primære, men det kan brukast når andre argument ikkje gir ein eintydig konklusjon, som f.eks. i det vanskelege spørsmålet om norvagisert form på ord med engelsk kort [æ] og [ʌ]. Svensk held seg konsekvent til bokstavrett uttale: [matʃ, lunʃ] (= *match, lunch*). Det nordiske argumentet kunne her støtte den eine av dei tre moglege norvagiseringsløyisingane som blir nemnde under pkt. 7.6.

Vi tek òg her med at Kulturdepartementet stilte i brevet til Språkrådet 5.9.84 opp nokre punkt om norvagisering som det bad om synsmåtar på, jf. vedlegg 7. Dei har Lundeby (1987) svart på, og styret og fagnemnda har støtta synsmåtane i brev 27.2.85. Vi stiller opp punkta frå departementet og svar frå Språkrådet nedafør:

- Frå departementet: «- skrivemåten faller sammen med andre norske ord med annen betydning, f.eks. *spreie, pese*.» Svar: «Det er homografer denne retningslinjen vil forebygge. Men det fins mange homografer i norsk før, og de volder svært sjelden

misforståelse. Konteksten sikrer som oftest riktig lesning. Likevel spiller denne regelen en rolle i enkelte tilfeller: Vi har beholdt *sex* med *x*!»

- Frå departementet: «- ordet ikke lenger kan identifiseres som fremmedord, f.eks. *fainte*, *pese* og *spreie*.» Svar: «Jeg for min del kan vanskelig se at dette er et prinsipp av noen verdi. Vi har mengdevis av lånord som er blitt innforlivet i norsk i den grad at en bare ved hjelp av en etymologisk ordbok kan vite at de er av fremmed opphav. Hva gjør det?»
- Frå departementet: «- bare deler av ord eller uttrykk blir fornorsket, f.eks. *kabin-cruiser* og *kommandoraid*.» Svar: «Til dette er å si at en slik form kanskje kan gjøre et uskjønt inntrykk – det er visst i slekt med det gamle synspunktet at reinrasethet er bedre enn blandingsformer, hybrider. Noe praktisk formål kan ikke en slik regel tjene.»
- Frå departementet: «- nyanser i betydningen blir borte, f.eks. *kommando* / *commando*». Dette gjeld eit ord der stavemåten med *c* har vore brukt om *commando-styrker*. Svar: «Synspunktet har en viss vekt, men en må her prioritere mellom enkelhet i stavningen og det å kunne skjelne i skrift mellom to ord eller betydninger som faller sammen i talen.»

7.5. Kva tid bør ein norvagisere?

Det er viktig å markere prinsippet om norske ord. Derfor er det taktisk viktigare å vere tidleg ute med framlegg til fornorsking eller norvagisering enn å vente og sjå om ordet er berre ei døgnfluge. Har ein både klare prinsipp for norvagiseringa og ein etablert praksis, vil dessutan både Språkrådet og språkbrukaren sjølv raskt løyse spørsmålet om forma på ordet. Ein konsekvent politikk kan òg påverke holdningane hos språkbrukarane. Jamfør årsmeldinga for Språkrådet for 1993 (s. 42): «Ved å få klarere prinsipper for fornorsking [her: norvagisering] kan Språkrådet raskere fastsette skrivemåten av nye innlånte ord, og dermed få større påvirkningsmulighet.»

I debatten etter Språkråds-årsmøtet i 1996 blei det reist kritikk mot at norvagiserte former blei tillatne innafor norma før dei var etablerte og hadde slått igjennom i praktisert norsk skriftmål. Spørsmålet er altså: Skal Språkrådet gå føre i utviklinga?

Motargumentet går på at språkendingar skjer ved ein 'naturleg prosess' der språkbrukarane sjølve finn ut kva som fell dei naturleg, og så tek det i bruk og set det på trykk. Deretter skal normeringsorgana gjere vedtak (etter 'usus-prinsippet'). På den måten skal den skriftlege norvagiseringa skje spontant i språksamfunnet.

Rundspørjinga i avis- og forlagsredaksjonane stadfestar at denne naturlege prosessen knapt finst. Mange av redaksjonane fortel om forståing og velvilje for målet med å norvagisere, og dei vil gjerne følgje med i utviklinga over til ein norvagisert skrivemåte når han er blitt vanleg. Men dei vil ikkje sjølve gå føre for å endre vanane. Ut ifrå den

retningslinja styrer redaksjonane meir eller mindre skrivemåtane både hos journalistane og i lesarinnlegga.

Dei som styrer mest språkvanane, er dei store tekstprodusentane. I presseverda står *NTB* og *Aftenposten* sterkt, og redaksjonane der kontrollerer språkforma strengare enn nokon annan redaksjon. Styringa i *Aftenposten* er ideologisk bestemt, og ho går meir imot norvagisering enn hos nokon annan skriftspråksprodusent. Den konkrete normeringspolitikken i avisa er utforma av ein intern språkkomité, og avisnorma føyer seg prinsipielt ikkje etter den offisielle norma og har heller ingen valfrie former når det gjeld engelsk eller norvagisert skrivemåte. Dermed er den 'naturlege, spontane norvagiseringa' i praksis effektivt stoppa i denne avisa. I avisdebatten blei det spurt retorisk om det var rett å overlata språkstyringa til ein komité. Det er meir relevant å spørje retorisk om *kva for ein komité* styringa av det norske skriftmålet skal overlatast til. Språkforma blir styrt dei aller fleste stadene, og med moderne datateknikk kan styringa gjerast meir effektiv enn nokon gong før.

Einaste staden vi har funne at det er ei medveten styring i motsett retning, er i *Romsdals Budstikke*, der ein oppmodar medarbeidarane om litt etter litt å ta i bruk norsk skrivemåte, og på den måten å gå varsamt føre i utviklinga. Men alt skal liggje innafør offisiell rettskriving.

Største fridommen for skribentane til å praktisere sine individuelle normer og formval er i *Nordlys* og *Dagbladet*. Her er inga fast styring i den eine eller andre leia. Journalistane kan velje sjølve, og avisinnlegg blir heller ikkje retta. Det er berre eitt krav: at ein ikkje går utanom valfridommen som offisiell rettskriving gir (med nokre få unntak, som vi såg i pkt. 4.2.6.). Det vil seie at heller ikkje her vil norvagiserte former slippe igjennom utan at Språkrådet og offisiell rettskriving først har tillate dei.

Dermed kan ikkje konklusjonen bli nokon annan enn at dersom ein ser på norvagisering som eit ønskjeleg prinsipp for importorda i allmennspråket, må Språkrådet og offisiell rettskriving gå føre ved i alle fall å opne for valfrie norvagiserte former. Skal Språkrådet gi råd om den ønskjelege utviklinga av skriftmålet, sviktar det si oppgåve om det ikkje gjer noko. Oppgåva må vere å hjelpe til med å styre den kollektive språkvanen og såleis gjere språkbrukarane språkleg sikrare.

For opplæringa i skoleverket er dette resonnementet enda viktigare, for der er ein pålagt å følgje norsk offisiell rettskriving, og lærarane må markere som feil spontant norvagiserte skrivemåtar som ikkje er innafør norma. Det vil seie at *ketsjup* og *streit* skulle rettast inntil i 1996. I drøftinga av om offisiell rettskriving skal gå føre i utviklinga, er det mest fruktbart å formulere spørsmålet slik: Kva former skal ein hindre slepp til i skriftmålet? Situasjonen no er at norvagiserte skrivemåtar av importord er galne inntil Språkrådet har vedteke noko anna. Engelske skrivemåtar på nye importorda er korrekte utan noko vedtak. Denne situasjonen gjer det viktig å vere tidleg ute med norvagiseringsvedtak.

- Straks ein kan sjå at importorda går inn i allmennspråket, bør Språkrådet vurdere om det skal foreslå eit avløyсарord eller vedta ei norvagisert ordform – eller gjere begge delar.

I 1987 blei det prinsippet formulert at ein bør vente med ei norvagisering til ordet har «fått en fast eller iallfall dominerende uttale». Premissen for dette resonnementet er at det er nær tilfeldig korleis uttalen vil bli:

«Uttalen av fremmede ord i norsk har hittil fått festne seg nærmest tilfeldig. er det tale om flere varianter – for eksempel en lydrett etter skriften og en med etterligning av det fremmede språkets uttale – kan det bli vakling en tid, men i regelen stabiliserer uttalen seg til slutt.» (Jf. vedlegg 10.)

I dag kan vi sjå ein del mønster for korleis engelske importord tilpassar seg norsk språk. Dermed kan vi berekne nokså bra for mange ord korleis uttalen blir. I tillegg vil det språkstrukturelle aspektet tilseie at ein bør arbeide aktivt for å styrkje dei etablerte tilpassingsmønstra, jf. pkt. 5.1.7.

Å argumentere med det mønsterstyrkjande er ikkje ukjent i skriftnormeringa. Fører vi det vidare, kan vi seie at ein norvagisert skrivemåte kan vere til rettleiing for språkbrukaren i ein vaklande tilpassingsfase, jf. pkt. 4.1.3. At det finst ein slik ustø fase hos språkbrukarane, kjenner ein frå talemålsgranskninga. Derfor kan ein ikkje her bruke argumentet om respekt for talemålet å folk slik ein gjer når det gjeld det tradisjonelle ordforrådet, for i tilpassingsfasen er det ikkje knytt nokon regional identitet til uttalen av importorda.

Ved «å gå litt føre» kan dermed Språkrådet styrkje strukturen i norsk språk og vere betre i stand til å gi råd. Vi såg i kapittel 2 korleis det før og etter hundreårsskiftet blei utvikla mønster for tilpassinga av franske importord. Det tok tid og skjedde gjennom fleire rettskrivingsendringar. Stene (1945) peiker fleire gonger på at det enno ikkje er utvikla ein «technique of transferring words» frå engelsk til norsk (jf. s. 116). Framlegga under pkt. 7.6. er meinte som freistnader på å utvikle denne teknikken.

Dette resonnementet fører til at

- ein skal norvagisere nye importord etter det dominerande mønsteret for tilpassing til norsk uttale.

7.6. Korleis skal ein norvagisere?

Nedafor skal vi drøfte ein del detaljspørsmål i dei ortografiske løysingane som er eller blir aktuelle når ein skal norvagisere fremmendorda. Desse punkta gir neppe løysinga på alle spørsmåla som dukkar opp, men drøftinga kan tene som mønster for korleis ein kan arbeide også med andre detaljar. Det er ikkje så mange aktuelle ord under alle punkta nedafor, slik at desse prinsippa er ikkje meinte som ei opplisting av *påtrengjande* problem. Prinsippa under pkt. 7.2.-7.5. om 'vanleg i allmennspråket' osv. er sjølv sagt

overordna. Under pkt. 7.8. vil det òg komme fram korleis ein skal prioritere arbeidet med dei ymse stavingsprinsippa under 7.6.

Nesten alle punkta nedafor gjeld importord frå engelsk, ettersom det er dei som dominerer i dag. Ord som kjem frå fransk, italiensk, tysk og andre språk, kan ein norvagisere etter prinsipp som alt er etablerte gjennom rettskrivingsendringane som er beskrivne i kapittel 2, som f.eks. ved å innføre skrivemåten *pitsa* (frå italiensk). Prinsippa nedafor er ein freistnad på å føre den tradisjonelle normeringslinja vidare til dei orda som i dag er «språkets fremmedarbeidere [...] fordi det er bruk for dem», slik at dei skal få sin «borgerrett» – for å tilpasse ei formulering frå Gundersen (1996b).

I drøftinga vil det bli lagt vekt på desse argumenta:

- 1) orda skal vere tilpassa det norske ortografiske mønsteret,
- 2) ein skal byggje på den mest utbreidde uttalen,
- 3) ein tek omsyn til kva løysing som er vald i dei andre skandinaviske landa dersom ordet der har fått ein nasjonalisert uttale, og
- 4) ein tek omsyn til skrivemåten i engelsk.

Dei to siste argumenta kjem inn når dei to første ikkje gir nokon eintydig konklusjon.

Prinsippet om samformer i dei to målformene blei først slått fast i 1911, og det blei òg teke opp att i 1987. Ingen har reist innvendingar mot det.

- Norvagiserte ordformer skal ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk.⁴⁷

a. Kvantitet

Det er eit svært uheldig brott på det norske stavingsprinsippet om ein får ord som blir skrivne med éin konsonant etter vokal som blir uttalt kort, dvs. ord som *bag*, *hot*, *hit* osv. Det er nok ein reaksjon på dette som gjer at ein i skriftpraksisen ser spontane løysingar som *bag'en*, *bag-en* eller *baggen* i motsetning til det normerte *bagen*. Det vil seie at når ein får særnorske bøyingar knytte til ordet, «toler» vi ikkje at stammen bryt det norske systemet. Anten endrar ein til dobbel konsonant, eller så markerer ein brottet mellom stamme og norsk morfem med apostrof eller bindestrek, jf. pkt. 4.2.4.

Her bør ein unngå kompliserande brott på grunnprinsippa i ortografien. Prinsippet om å skifte mellom enkel og dobbel konsonant, som i *bag* - *baggen*, hører ikkje heime hos oss. (Det høver derimot godt inn i dansk fonologi.) Å setje inn apostrof eller bindestrek er å markere noko utilpassa i norsk. Dersom vi vil vise at ordet er tilpassa, bør vi fjerne desse markeringane. Dermed er einaste rimelege løysinga å gjennomføre dobbel konsonant: *bagg*, *baggen*. Frå før er kvantiteten markert etter det norske prinsippet i ei mengd ord, f.eks. *biff*, *grogg*, *jobb(e)*, *jogg(e)*, *brigg*, *bulldogg*, *flippover*, *klubb*, *mobbe*, *pledd*, *slippover*, *slipp*, *snobb*, *stripp*, *tonn*, *trimme*.

⁴⁷ NB: Bokmål har som dobbelformer *kjoks* - *chuck*, nynorsk ikkje.

K1. Etter kort (trykktung) vokal skal det komme anten konsonantgruppe eller dobbel konsonant.

Ved nokre nyleg norvagiserte ord er ikkje dette prinsippet følgt opp, f.eks. *finisj* og *polisj* frå 1996, som er uttalte med kort vokal (*i* og *å*). Dette er ei «bastard»-løysing, som kanskje er basert på eit taktisk ønske om ei mellomløysing. Eit pedagogisk omsyn talar nok for meir konsekvens, slik at ein her bør gå heilt over til det norske kvantitetssystemet. Desse normeringsvedtaka bør dermed reviderast: *bag*, *finisj*, *gag*, *polisj*, *fan*, *hit*, *jet*, *hotpants*⁴⁸, dvs. til *bagg*, *finnisj*, *gagg*, *pollisj*, *fann*, *hitt*, *jett*, *hottpants*. Ein bør òg la dette prinsippet gjelde ved *v*, slik at *show* blir norvagisert til *sjovv*.

Vi har i norsk eit sterkt mønster for at det kan liggje eit trykk (hovudtrykk eller bitrykk) på annakvar staving, jf. f.eks. [vlaste,bi:l, vpi:le,grɪ:m]. Ofte er det tale om at tredje stavinga er eit samansetningsledd, men slik er det ikkje alltid. Det gjer at eit ord som *handikap* kan bli oppfatta slik at det har bitrykk på tredjestavinga, og dermed er kvantiteten relevant i vokalen der. Verbet *handikappe* (og adjektivet *handikappa*) er alt normerte med to *p*-ar. Dobbelt *p* bør derfor òg innførast i substantivet *handikapp*, slik skrivemåten alt er i svensk. Dette siste vil òg tilfredsstille det morfologiske prinsippet under pkt. 1.3.1.a.

I trykksvake stavingar har vi inga lengdemotsetning i norsk, og derfor kan vi der bruke enkel konsonant etter vokalen. Dermed kan eit ord som *gimmick* norvagiserast til *gimmik*. Det har tidlegare skjedd med *derrick* (frå *derrick*).

b. Konsonantar

K2. *c, ch* [k] > *k*

Her er desse alt normerte: *klinsj*, *konteinar*, *piknik*, *skript*, *skup*, *tako*-. *K* kunne også innførast i f.eks. *kampe*, *kamping* og *karavan*. Svensk har alt *kampa* som valfri form.

Ordet *quickstep* kunne endrast til *kvikkstepp*; ettersom ein før har både *kvikk* og *stepp*, kan dette reknast som ei omsetjing.

K3. *c* [s] > *s*

Her finn vi alt normert: *sørvis*, *sikspens*. Prinsippet kunne òg brukast på f.eks. *celle* og *cisterne*.

K4. *sh, ch* [ʃ] > *sj*

⁴⁸ Fonologisk føreset *tp* ei tolking der konsonantane høyrer til i ulike ledd av eit fonologisk samansett ord. (Elles kan ikkje *tp* kombinerast fonologisk.) Dermed må ein la regelen om dobbelskriving av konsonanten gjelde førsteleddet *hott*-

I norma finn vi alt: *finisj, polisj, klinsj, skvåsj*.

K5. *ch* [T] > *sj*- i framlyd

Alt normert slik er: *sjåk* og *sjekk*. *Chips* bør endrast til *sjips*.

K6. *ch, tch* [T] > *tsj* i slutten og inne i ord

Desse er normerte slik: *tøtsj, ketsjup, sketsj*. Ordet *match* kunne det vere aktuelt å endre etter dette prinsippet.

K7. *g* [D] > *tsj*

Her kunne ein tenkje seg: *immitsj*. Ei løysing med *dsj* ville òg fungere, for ein plosiv framom *sj* vil ved full tilpassing bli ustemt på norsk, jf. mønster som *dag - dags, trygg - trygt*. Språket har inga motsetning *tsj - dsj*. I 1938 blei det prøvd med skrivemåten *bridsj*, og her var *d*-en kanskje brukt på grunn av skrivemåten *bridge* i engelsk.⁴⁹ Ettersom ikkje alle engelske ord med denne lyden har skrivemåte med *d*, jf. f.eks. *image*, bør ein neppe satse på hybride skrivemåtar med *dsj*.

K8. *ck* [k] > *kk*

Alt normert er: *kikk*

Eit ord som kunne komme på tale å endre, er *slapstick*⁵⁰

K9. *gne* > *nje*

Her er det helst tale om lånord frå andre språk enn engelsk. Alt normerte er *kampanje, kompanjong* og *sjampanje*, som kjem frå fransk. Det moderne ordet *lasagne* kjem frå italiensk. På italiensk er *e*-en i slutten av ordet uttalt. Mange nordmenn uttaler det nok utan *e* til slutt, dvs. etter eit fransk uttalemønster.⁵¹ Ovafor i pkt. 1.3.2.d. blei det distribusjonelle problemet med ordutgang på *-nj* i norsk omtalt. Det er klart at uttalen og skrivemåten *lasanje* er den som høver best inn i norsk, og den ville føye seg inn i ein tradisjon for ordopptak og normering. Ettersom den uttalen også finst i bruk i norsk, bør skrivemåten *lasanje* blir teken inn i norma. (Det kan òg nemnast at dansk og svensk har uttalen [la'sanje].

⁴⁹ Berulfsen (1969) fører opp uttale med [dʃ], men Vanvik (1985) med [tʃ]. Ein meir engelsk *dsj*-uttale kan kanskje halde seg lenger i somme miljø.

⁵⁰ Dette ordet kan neppe reknast som ei samansetning som er lett gjennomsiktig for nordmenn.

⁵¹ Frå før har vi berre *eau-de-cologne* med slik *nj*-utgang; også det ordet er brukt med uttalen *-nje*. Det er nok tvilsamt om ein kan rekne denne lydstrukturen som akseptert i norsk.

K10. $gh [f] > ff$

Normert slik er: *tøff, røff*.

K11. $q(u) [k] > kv$

Normert slik er: *skvær, skvise, skvåsj*

K12. $x > ks$

Normert slik er: *boks, miksmaster, sikspens*. Ordet *taxi* bør endrast til *taksi*.

K13. $j [D] > j$

Her finst ein del ord som alt har fått norsk *j*-uttale i framlyden, og normeringa er dermed uproblematisk: *jass, jus, jekk*. Her kunne ein vurdere å endre både *jeep* og *jeans* til *jip* og *jins*.

K14. Stum *r* i engelsk skal skrivast som *r* i den norvagiserte forma.

Dette har vore ein heilt sjølvsgd tradisjon, jf. *lord*.

K15. $th > t$

Her kunne det vere aktuelt å endre skrivemåten av *thriller*.

K16. $w > v$

Dette er alt følgt i *tvist*, og ein kunne òg ha norvagisert til *bovle, svitsje* og *tvid* etter same prinsippet.

K17. $-ent, -ant [aŋ] > ang$

Norsk har nokre lånord frå fransk som enno ikkje er norvagiserte i skrivemåten av den «franske utgangen» på *-ent* og *-ant*, f.eks. *restaurant, interessant, departement*. Av denne typen er berre to norvagiserte hittil: *volang* og *presang*. Ord med andre franske nasalvokalar er norvagiserte: *ballong, fasong, terreng*. I 1996 blei desse norvagiserte: *bulleteng, gobeleng, madreng*.

I talemålet er desse orda med *-ent* og *-ant* heilt tilpassa. I dialektar som palataliserer velarar framom ending, følgjer da f.eks. *restaurant* same mønsteret som *tang*, f.eks. i bestemt form eintal: [restu'rapen, 'tapen].

Den franske skrivemåten gjer at ein i adjektivet *interessant* ikkje får markert ortografisk den inkjekjønnsendinga som norsk talemål har. For ord som *restaurant* ville det nordiske argumentet òg kunne telje for ei norvagisering, for svensk har *restaurang* osv.

Eit motargument blir aktuelt for *departement*, nemleg at det står i eit ordavleiingsforhold til adjektivet *departemental*, og ortografien her viser den indre samanhengen mellom semantisk svært nærståande ord. Det gjer at dette ordet ikkje bør endrast. Men for dei orda der ein ikkje kan vise til eit slikt morfologisk forhold, kan ein gå over til norvagisert skrivemåte.

c. Vokalar

A

V1. Engelsk kort *a* [æ] skal norvagiserast til norsk *a*.

Frå før har vi denne skrivemåten i *bakke opp, daggert, faks, jass, gangster, kapseise, kidnappe, krasje, takle, krakk(e), fan, fans, krasj(e), skannar, transe, handikap, handikappe, handikappa, hotpants, gag, facts, kabinkryssar, skanne, frilans, panty, pantry, raglan, rally, sjanti, tank*.

Andre som kunne komme på tale, er *fansy, kampe, kampus, karavan, matsj, ransj, sjabby, snakkbær, snaks, taksi*

Som vi har sett under pkt. 4.1., er det geografiske mønsteret her klart når det gjeld dei nyare låna, og det er særprega av ein dialektforskjell i tilpassingsmønsteret.

I Oslo-området blir dei aktuelle lånorda uttalte med [æ], sjølv om denne lyden ikkje finst anna enn framom *r* og retroflekse konsonantar i tradisjonelle ord, jf. *verken, vert, fæl, ferdig*: [værken, væɾ, fæɾ, fæɾi]. Fonema /e/ og /æ/ står tradisjonelt ikkje i opposisjon i kort posisjon i denne dialekten, og vi kan seie at samanfallet («arkifonemet») er uttalt som [æ] framom *r* og retrofleksar, elles som [ɛ], som i *hest, temme* [hɛst, tɛme] osv. Dette vil da seie at med desse engelske lånorda får [æ] utvida distribusjonen sin, og det blir det ein opposisjon mellom /e/ og /æ/ også når vokalen er kort. Ordet *bag* [bæg] rimar altså ikkje på *vegg* [vɛg]. Dialekten får «fylt ut eit hol i systemet», jf. Torp (1996). For denne dialekten ville ein skrivemåte med *æ* vere ei fonemisk god løysing.

Dialektane i landet elles får ein vokal som svarer til uttalen av kort *e*. Dette siste mønsteret er altså geografisk sett dominerande i landet. Retningslinja som er diskutert ovafor, og som byggjer på Lundeby (1987), jf. kap. 2, bruker nettopp ordet *dominerande*, og taler da for ei norm med *e*. Dei normeringsprinsippa som nynorskseksjonen i Språkrådet har vedteke, seier òg at ein skal ta utgangspunkt i den.⁵² I norma no står *jekke, jekkpott, pledd*⁵³ og *penteri* med *e*.

⁵² Dette blei prøvd også i *metsj* i 1938, men norvagiseringa blei omgjord i 1959.

⁵³ På engelsk retnok bokstavert *plaid*.

Ortografisk er *æ*-en lite frekvent i norsk skrift, og aller oftast finst han framom *r*. Rettskrivingshistoria vår viser ei slik dreining frå *e* til *æ* framom *r* (jf. nynorsk *her* til *hær*) og frå *æ* til *e* elles (jf. nynorsk *skræme* til *skremme*). Skrivemåtar med *æ* i dei aktuelle orda ville dermed støyte mot det tradisjonelle skriftbiletet.

Frå før har vi ein tendens til at lånord skrivne med *a* med tida får *a*-uttale etter skriftbiletet. Slik har det gått med *jass*. Det moderne ordet *faks* fekk *a*-uttale direkte, og ein del av dei moderne lånorda som *taksi* o.fl. skiftar mellom det vi kan kalla *a*-, *e*-, og *æ*-uttale. Med ein skiftande situasjon i dialektane kan det vere tenleg å satse på å styrkje tradisjonen med bokstavrett uttale. Språkhistoria viser at skriftbiletet har ein viss påverknad i lånorda, og det kan henge saman med den labile situasjonen desse orda ofte er i. At uttalen gjerne er labil, merkar ein når ein undersøker talemålet åt folk: Dei blir ofte både usikre og kan gi fleire alternative svar. Skriv ein ordet gjennomført på norsk, kan ein styrkje den norske bokstavrette uttalen, dvs. at skriv ein *taksi* og *matsj*, er sjansen større for at folk vel ein *a*-uttale enn om ein lèt dei bli skrivne med fremmend ortografi.

Argumenta for ein skrivemåte med *a* i denne ordtypen er:

- 1) Det er ein god del eksempel på at slike importord etter ei tid får uttale med *a*, jf. *jass*, *kidnappe*, *krakk(e)*, *takle*, *kabinkryssar*, *karavan* osv., jf. lista ovafor. Nyare ord ein kunne rekne til same gruppa, får også *a* alt tidleg: *maksi*, *faks*, *transe*, *taksameter*, *frilans*.
- 2) Det finst dialektar med tendens til *a*-uttale i desse orda, jf. pkt. 4.1.
- 3) Svensk har *a*-uttale i denne ordtypen.
- 4) Skriftbiletet kan på lengre sikt styrkje ein *a*-uttale i alle dialektane, og han vil verke samlande. Denne skriftnære uttalen kan truleg bli støtta av ein norsk skrivemåte i konsonantismen, dvs. at skrivemåten *matsj* kan støtte ein norsk *a*-uttale meir enn den engelske skrivemåten gjer.

Ei anna løysing enn det som er foreslått i V1, kunne vere å gå over til skrivemåtar med *æ* i dei orda som ikkje alt har fått innarbeidd *a*, dvs. at ein skulle skrive *bægg*, *tæksi*, *ræppe* og *kræsje*. Det ville vere ei løysing basert på språkssystemet i Oslo-området, og er såleis ikkje i samsvar med tradisjonell språkpolitikk.

Ei mellomløysing kunne vere å velje *æ* i ord som er prega av slang og sjargong, og ha *a* i dei andre. Denne løysinga kunne gi resultatet *bagg*, *taksi*, men *ræppe* og *kræsje*. Ei slik løysing står truleg strategisk sterkt ved at Oslo-området har stor påverknadskraft i språkbruk som er knytt til slang og sjargong. Men ei slik løysing ville ikkje gi ein aksept til det generelle talemålssystemet i Oslo-området. Derimot ville det vere å innføre ei stilistisk stempling av dialekten: Det systemet ville vere akseptert berre som markør av den uhøgtidlege stilen. I tillegg ville ei slik mellomløysing vere svært vanskeleg å praktisere normeringspolitisk, for skiljet mellom allmennspråk på eine sida og slang og sjargong på den andre er ofte uklårt, og det er stadig i endring.

V2. Trykklett *-er* [ə] > *-ar* (nn.)/*-er* (bm.) i substantiv som er hankjønn.

Det ser ut til å vere eit svært utbreidd mønster i norsk at denne trykklette stavinga får same uttalen som det gamle nomen agentis-suffikset, dvs. *-ar* eller *-er*. Prinsippet er alt følgt i desse normeringane: *enterteinar/er*, *konteinar/er*, *innsidar/er*, *utsidar/er*.

(I verb blir den engelske ordutgangen *-er* til *-re*: *bunker* > *bunkre*.)

E

V3. *ea* [ɛ] > *e*

Desse orda har alt følgt dette prinsippet: *hedde*, *overhedd*.

Jamfør òg V2 med *-er* for bokmål.

I

V4. *i*, *ie*, *ee*, *ea*, *u*, *e*, *a*, *ey*, *y* [i(:), iə] > *i*

Slik er det alt i: *biff*, *brife*, *frilans*, *gir*, *gris*, *frik*, *sjanti*.

Prinsippet kunne òg brukast på *immitsj*, *bissniss*, *hitt*, *tik*, *jip*, *medli*, *beibi*, *spidometer*, *tvid*. Jamfør også nedafor om *-y*.

O

V5. *au* [ɔ:] > *o* [ʊ]

Vi har her alt den normerte skrivemåten *eksos*.

V6. *o*, *oa* [əʊ] > *o*

Når det i slike ord kjem ein kort vokal på norsk, blir han tradisjonelt normert til *o*: *loff* (rettnok uttalt med *ʊ*), *kloss*, *smoking*. Ein kunne kunne vurdere å norvagisere desse orda: *bovle*, *rostbiff*, *døffelkott*, *trensjkott*⁵⁴.

Norsk har importert nokre slike ord utan at dei har fått tilpassa uttalen til det norske lydssystemet overalt. *Dyffelcoat* blir ofte uttalt med «skoleengelsk» [ɔʊ], og same diftongen er ein del brukt i *smoking*. Men både her og i f.eks. *toastmaster*, *goal*, *trenchcoat* og *topcoat* finst ein norsk uttale [ˈdøfelkɔt, ˈsmøkiŋ, ˈtrenʃkɔt, ˈtɔpkɔt].

I talemålsgranskinga gjekk det fram at denne uttalen [ɔ] ikkje var dominerande i *duffelcoat*, slik at norvagiseringa her måtte òg gjerast med det målet å styrkje tilpassinga til norsk fonologi. Ei endring til *rostbiff* ville ha støtte i det nordiske argumentet, for svensk har denne skrivemåten.

V7. *o*, *ou* [aʊ] > *o* der vokalen er kort på norsk.

⁵⁴ I tostavingsord er det neppe tale om noko fast bitrykk og dermed fonologisk kort vokal. Men her er det parallellen i *døffelkott* som talar for dobbel *tt*.

Dette prinsippet er fulgt i *klovn* og *kontre*.

V8. Kort *o* [ɒ] > *o*

Frå før har vi i norma: *jobb(e)*, *mobb(e)*, *snoobb(e)*, *robbe*

O er kanskje den bokstaven som har det mest kompliserte forholdet til talemålssystema i norsk. I mange ord går han tilbake på norrøne lange *o*-ar (jf. *sótt*), og blir da uttalt anten som trong *o* eller som diftong. Desse kan vi sjå bort frå her. I andre tilfelle går han tilbake på norrøn kort *o*, som har hatt ulike utviklingar. Somme dialektar skil den moderne refleksen ut som eige fonem, f.eks. som [ʌ], andre lèt han falle saman med *å*, og atter andre med *ø*. Når vi såleis skriv eitt ord som *vott* (substantiv) og eit anna som *vått* (adjektiv i inkjekjønn), viser det korleis det norske ortografiske mønsteret nettopp kan sameine fleire talemålssystem.

Det vanlegaste for moderne importord med kort *o* [ɒ] på engelsk, er nok at han får uttalen [ɔ] også på norsk. I det største geografiske området vil denne lyden falle saman med den lyden som alt er eit samanfall mellom *o* og *å*. I eit anna området, f.eks. Hallingdal, vil lyden falle saman med *å* som i *vått*, til skilnad frå [vøt] *vott*. I området Hardanger-Voss-Sogn vil han falle saman med *o* som i *vott*, til skilnad frå [vaut] *vått*.

Så langt er det altså gode argument for to løysingar. Men vi går likevel inn for normering med *o* i denne gruppa, for somme av dei alt innarbeidde lånorda i gruppa har også ein utbreidd uttale med trong *o* på Vestlandet. Den kan fangast opp av denne skrivemåten. I tillegg må ein i slike høve når talemålssystema og det ortografiske mønsteret ikkje gir noko klårt svar, også leggje vekt på den engelske skrivemåten, særleg når han kan gi så godt tilsvar i norsk uttale.

V9. Trykklett *o* [ə] > *o*

Slik er alt desse normerte: ord med *kon-*, *nylon*.

U

V10. *oo*, *ui* [u] > *u*

Her er det alt normert slik i: *skup*, *skuter*, *bumerang*, *jus*. (Unntak er *sjampo*.)

V11. *u* [ʊ] > *u*

Her har vi tradisjonelle importord som *putte*, *pullover*, *innputt*, *utputt*, *pusher*

V12. *u* [ju:] > *ju*

Her har vi alt normerte eksempel som *humor* og *musikal*. Men orda *producer* og *tune* blir nok uttalte [prø'djʉ:rsar, vtjʉ:ne] på norsk, og dersom ein kan rekne dei som ein del av allmennspråket, bør dei normerast til *prodjusar* og *tjune*. I ein del dialektar er ikkje konsonantsambandet *tj-* fremmendt. Det ville ikkje vere usannsynleg om dei dialektane som manglar *tj-*, vil bruke ein *kj*-uttale, og da fell det også inn i eit tradisjonelt system, dvs. med *kj*-uttale i både *tune* og *tjukk*.

Det vil seie at *humor* og *musikal* må reknast som unntak, for *musikal* er nok årsaka forholdet til det norske ordet *musikk*. I *humor* blei i si tid den bokstavrette uttalen brukt.

V13. Trykksvak *u* [ə] > *u*

Slik er det alt normert i *jogurt*, *supporter*. Her skiftar nok uttalen litt i norsk (mellom [ʉ] og [e] og mellom [ʉ] og [ø]).

Y

V14. Det engelske adjektivsuffikset *-y* blir halde som *y*.

Dette er ikkje noka opplagd løysing, for uttalen er ofte *-i* på norsk. Frå før har vi desse importorda som er normerte med *-y*: *hobby*, *cocktailparty*, *royalty*, *jury*, *sherry*, *tory*, *hickory*, *dory*, *groggy*, *bandy*, *teddy*, *lobby*. Til *-i* er berre desse normerte: *sjanti*, *toddi*, *sjoddi*, *karri*.

Som Askedal (1996: 84) gjer oppmerksom på, har desse orda det felles særdraget at dei får tonem 1, og adjektiv av denne typen får inga nøytrumsending, men dei får *-e* i fleirtal og i bestemt form.: *sjabbye menneske*. Her kunne ein kanskje skilje adjektiv med tonem 1 klårare frå andre adjektiv med det tradisjonelle *ig*-suffikset, som har tonem 2, dersom ein heldt på *-y*. Dét er eit lite argument for at utgangen her bør vere *-y*. (I substantiva gjeld ikkje det argumentet.)

Eit viktigare argument er det at uttalen er litt skiftande i denne trykklette stavinga. Mange uttaler slike ord med *y*, og det gjeld for både substantiv og adjektiv. I slike «labile» tilfelle bør ein la den engelske vokalen stå. Han bryt ikkje med noko norsk ortografisk system. Det er også ein sterk skriftradisjon for *y*-normeringa.

Ord som bør drøftast under denne gruppa, er f.eks. *fansy*, *snaksy*, *sjabby*, *køntry*.

Æ

V15. *air*, *are* [ɛə] > *er* eller *ær*

Her er det vel berre eitt ord som alt er normert: *skvær* (av *square*).

I nyare ord som alt er ein del brukt i norsk, er ein uttale med [ɛ:] svært vanleg: *airbag*, *fair* [ˈɛ:rbɛg, fe:r]. Her bør ein ikkje gå inn for noka løysing før ein har undersøkt utbreiinga i talemålet.

Ø

V16. *ir, er, ur* [ɜ:] > ø

Tidlegare normerte ord er: *flørte, sørvis*. Unntak frå dette mønsteret er dei eldre låna *sjirting* og *genser* (< eng. *shirting* og *guernsey*). (I 1917 blei skrivemåten *servise* innført, men i 1959 blei han endra att til *service* i tydinga ‘teneste’, men ikkje i tydinga ‘dekkjetøy’.) Importordet *purser* kan norvagiserast til *pørsar/-er*.

V17. Engelsk kort *u, ou, o* [ʌ] skal norvagiserast til norsk ø.

Det er sterk tradisjon i normeringa for å velje ei slik løysing: *trøbbel, bløff, bøffel, tøtsj, dønn* (< *done*), *røff, tøff, kløtsj, pønkk, pønkar*,

Uttalen med ø har svært vid dekning i dialektane når det gjeld alt etablerte importord. Det er ikkje noko klårt geografisk mønster for dei tilfella som finst med *u* der engelsk har skrivemåte med *u*. Eit moment som kan forklare den relativt store geografiske einskapen, er at ø finst som fonem i alle norske dialektar.

Desse importorda bør ein vurdere å bruke ø i: *røsj, pøbb, køntri* (ev. *køntry*)⁵⁵.

Desse orda er normerte med *u*: *buffert, slum, lunsj, punsj*⁵⁶. Det ville kanskje ikkje vere store voner her om at uttalen med tida ville rette seg etter skriftbiletet. *Lunsj* har vore tillaten skrivemåte sia 1924, men *u*-uttalen har ikkje fått stor utbreiing. (Ordet er rettnok komme i allmenn bruk mye seinare.) Ordet *trøbbel* blei i 1981 først normert til *trubbel*, men i 1983 blei vokalen endra til ø. Det understrekar nok kor sterkt dette opptaksmønsteret med ø står i moderne norsk talemål.

Å

V18. *o, a, aw* [ɔ:] > å

Frå før har vi denne normeringa i: *kråle, skåre, trål, ålreit*. Etter dette mønsteret kunne ein òg norvagisere *hall* [hɔ:l] til *håll*.

V19. *ou* [əʊ] > å når vokalen er lang på norsk

Slik er *sjåk* alt normert.

V20. Kort *a* [ɒ] > å

Frå før har vi *skvåsj*.

⁵⁵ Fagnemnda hadde i 1996 satsa på at ø-uttalen dominerte i talemålet, og ho hadde opphavleg gjort framlegg om ø-skrivemåte i både *pøbb, pøkk, pønkk, pønkar* og *røsj*. Årsmøtet støtta berre *pønkk* og *pønkar*, og argumentet om tendensen til bokstavrett uttale gav nok mange grunn til å støtte framlegget om *rusj*.

⁵⁶ Vokalen ø er brukt for termen i boksing, vokalen *u* er vanleg i tydinga ‘drikk’

Eit alternativ her ville vere ein skrivemåte med *o*, som i *jobb* osv., jf. drøftinga ovafor under O. Vi vil ikkje gå inn for den pga. at det her er ukjent med ein uttale med trong *o*, og fordi ein her ikkje har støtte for ei slik bokstavering i den engelske skrivemåten. (Dette var dei to argumenta som var utslagsgivande for valet under V8.) Her kan ein kanskje heller seie at den engelske bokstaven *a* lettare kan assosierast til *å*.

AI

V21. *igh, i, ui* [ai] > *ai*

Diftongen *ai* blei første gongen normert i eit engelske importord i ordet *haike* i 1959. Seinare har vi fått: *taime, fait, gaid*, men *ålreit*. (Eldre lån med *ei* er *streike, teite, kapseise*; gjennom moderne slang har vi fått *teit* og *streit*.) Også svensk har godteke denne nyare diftongen, slik at ein i svensk kan skrive f.eks. *gajd* og *fajta*, og *tajma* er obligatorisk.

AU

V22. *ou* [au] > *au* der vokalen er diftongisk og lang på norsk

Dette prinsippet er brukt i ordet *staut*.

I nokre ord finn ein ofte brukt den engelske diftongen [au], f.eks. *lockout, knockout, layout*. Men det finst nok også ein uttale med norsk *au*, som i mange dialektar blir uttalt [øʊ]. Stene (1945: 110) reknar med at den vanlege uttalen er [lɔkøʊt] osv. Kor sterkt dei alternative uttalane står, er ikkje blitt undersøkt. Men ved ei eventuell norvagisering av *knockout, layout* og *lockout*, må det vere dette prinsippet som blir brukt. Når eit så gammalt importord som *lockout* enno ikkje er heilt assimilert, kan kanskje sjølve skrivemåten ha seinka opptaksprosessen.

EI

V23. *ai, aigh, a* [ei] > *ei*

Etter dette prinsippet er desse orda alt normerte: *konteinar, enterteinar, teip, feide, keitering, seif(e)* og *streit*. Derimot er *e* brukt i det normerte *bleser*.

Skrivemåten med *ei* svarer til det som er den aller vanlegaste uttalen av dei nyare importorda. Ein *ai*-uttale (for engelsk *ai*) finst i det noko eldre importordet *konteinar*, men omsynet til å behandle orda i grupper, bør vere utslagsgivande for dette ordet så lenge det er god dekning for *ei*-uttalen.

Det same omsynet bør òg gjelde for ordet *baby* og *pace*, der både ein *e*- og ein *ei*-uttale finst, dvs. at dei bør norvagiserast til *beiby* og *peis*.⁵⁷ Det er uklårt om det er

⁵⁷ Engelske ord skrivne med *a* og uttalte på engelsk med [ei] får nok i dag jamnast *ei*-uttale på norsk: *baby, bacon, blazer*. Men desse tre orda kan òg ha ein eldre uttale med monoftongen *e* i Oslo, som avspeglar ein tidlegare innlånfase. (Uttale med *e* er mest vanleg i *blazer*, minst i *bacon*.) Uttalen *bebi* finst somstad elles i landet òg, f.eks. i Rogaland.

talemålsgrunnlag for diftong i orda *race* og *racer*. Dersom det ikkje er det, bør desse to orda bli normerte til *e*, slik det noko eldre importordet *bleser* er blitt det.

V24. *ay* [ei] > *ei*

Ettersom talemålet har både *ei*- og *ai*-uttale i ord med engelsk *ay* (jf. pkt. 4.1.), blei ikkje framlegga frå Språkrådet til norvagensert skrivemåte av *spray* og *display* (frå 1996) godkjende av Kulturdepartementet. Utbreiinga i talemålet av *ei* og *ai* er noko ulik for dei to orda, men *ei* dominerer i dei nyaste importorda. Lik behandling innafor ei gruppe taler for at begge orda får same behandlinga så lenge det er talemålsgrunnlag for begge. Også *essay* burde komme med her. Svensk har alt *spreja* som valfri form.

OI

V25. *oi* [ɔi] > *oy*

Vi må nok i dag rekne diftongen *oi* som ein del av det norske fonologiske systemet. Den fanst kanskje først i interjeksjonen *hiv og hoi* og *ship o hoy*. Etter kvart har vi fått nokså mange ord med denne diftongen, og han blir oftast normert til *oi*. Fonetisk kan siste elementet godt reknast som runda slik at uttalen best kan atgjevast som [ɔy]. (I ein del dialektar fell denne diftongen saman med den som er utvikla av norrønt *ey*, dvs. der ordet *høy* blir uttalt [hɔy].)

Diftongen *oi* blei innført i normert norsk skriftmål med ordet *boikotta* i 1912, enda om det kjem av etternamnet åt godsforvaltaren Charles Boycott. Fonetisk sett ville det har vore betre med ein skrivemåte som *oy*. Ordet *soia* fekk skrivemåten *oi* i 1917, men blei endra til *soya* i 1959.

Fonologisk har det lite å seie kva skrivemåte ein vel, for norsk har inga motsetning mellom *oi* og *oy*. (Også dei tradisjonelle diftongane er fonetisk upresise, slik at det fonetiske argumentet er ikkje sterkt.) Frå før har vi *oi* i *boikott*, *halloi*, *koie* og *spoiler*. *Oy* skal skrivast i *boysenbær*, *soya*. Det ville vere ein fordel om ein brukte same skrivemåten for same diftongen i alle desse orda.

Framlegga ovafor til korleis ein skal norvagensere, kan alfabetiserast slik etter det engelske utgangspunktet:

Framlegget frå Språkrådet i 1996 om *pes* for engelsk *pace* veik derfor av frå dette mønsteret, kanskje fordi monoftongen står noko sterkare i dette ordet. Men diftonguttalen er òg utbreidd i norsk i dette ordet. (Både *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* fører opp uttalen *pe(i)s*. Også Berulfsen 1969 har diftong.) Dette framlegget blei derfor avvist av Kulturdepartementet. (I samansetninga *pacemaker* er nok uttalen med diftong vanlegast. Det same gjeld i uttrykket «peise på»; derimot er monoftong det vanlege i sportsspråket: «få pes» = 'ligge bak ein annan løpar'.) Dette ordet var òg med blant dei som Språkrådet vedtok i 1984 og 1985, men som departementet ikkje godkjende da.

- a* [æ] skal norvagiserast til norsk *a*. = V1
a [ei] > *ei* = V23
a [ɒ] > *å* = V20
a [ɔ:] > *å* = V18
ai [ei] > *ei* = V23
aigh [ei] > *ei* = V23
air, are [ɛə] > *er* eller *ær* = V15
au [ɔ:] > *o* = V5
aw [ɔ:] > *å* = V18
ay [ei] > *ei* = V24
c [s] > *s* = K3
c [k] > *k* = K2
ch- [ʧ] > *sj-* i framlyd = K5
ch [ʃ] > *sj* = K4
ch[ʧ] > *tsj* i slutten og inne i ord = K6
ck [k] > *kk* = K8
ck [k] > *k* = K2
e [i(:), iə] > *i* = V4
ea [ɛ] > *e* = V3
ea [i(:), iə] > *i* = V4
ee [i(:), iə] > *i* = V4
-er [ə] (trykklett) > *-ar* (nn.)/*-er* (bm.) i substantiv som er hankjønn. = V2
er [ɜ:] > *ø* = V16
ey [i(:), iə] > *i* = V4
g [ɔ] > *tsj* = K7
gh [f] > *ff* = K10
gne > *nje* = K9
i [i(:), iə] > *i* = V4
i [ai] > *ai* = V21
ie [i(:), iə] > *i* = V4
igh [ai] > *ai* = V21
ir [ɜ:] > *ø* = V16
j [ɔ] > *j* = K13
nt etter *e* og *a* [aŋ] > *ang* = K17
o [ə] (trykklett) > *o* = V9
o [ɒ] > *o* = V8
o [ʌ] skal norvagiserast til norsk *ø*. = V17
o [ɔ:] > *å* = V18
o [əʊ] > *o* = V6
o [aʊ] > *o* der vokalen er kort på norsk. = V7
oa [əʊ] > *o* = V6
oi [ɔi] > *oy* = V25

oo [u] > u = V10
 ou [au] > au der vokalen er diftongisk og lang på norsk = V22
 ou [aʊ] > o der vokalen er kort på norsk. = V7
 ou [əʊ] > å når vokalen er lang = V19
 ou [ʌ] skal norvagerast til norsk ø. = V17
 q(u) [k] > kv = K11
 r som er stum i engelsk, skal skrivast i den norvageraste forma. = K14
 sh [ʃ] > sj = K4
 tch [tʃ] > tsj i slutten og inne i ord = K6
 th > t = K15
 u [ə] (trykksvak) > u = V13
 u [ju:] > ju = V12
 u [ʊ] > u = V11
 u [i(:), iə] > i = V4
 u [ʌ] skal norvagerast til norsk ø. = V17
 ui [ai] > ai = V21
 ui [u] > u = V10
 ur [ɜ:] > ø = V16
 w > v = K16
 x > ks = K12
 y [i(:), iə] > i = V4
 -y (suffiks) blir halde som y. = V14

d. Morfologi

- Norvageraste substantiv, verb og adjektiv ord skal setjast inn i norske bøyingsklassar slik at dei får tradisjonelle norske bøyingsendingar.
- Adjektiv i nøytrum får konsonantforenkling framom t-en: *røff* - *røft*.

Ein har sett litt vingling i skriftleg praksis her, men dette prinsippet bør òg følgjast i lånorda, slik det er vedteke for f.eks. *tøff* - *tøft*.

7.7. Valfridom?

Hovudregelen ved norvageringa etter krigen har vore at ein har innført valfridom, dvs. at ein har tillate norvagerast skrivemåte ved sida av den utalandske skrivemåten. Ved normeringa i 1996 ville Kulturdepartementet ha valfri engelsk skrivemåte også i dei orda der Språkrådet hadde gått inn for berre norvagerast, fordi det ikkje var kommen noka grunngeving for at det skulle vere unntak for visse ord, og fordi «[d]epartementet ser dette [dvs. valfridom] som en hensiktsmessig ordning» og (jf. brevet frå 23.5.96, vedlegg 11). Kulturdepartementet skreiv også i eit brev datert 5.9.1984 (vedlegg 7):

«Når det blir gjort endringer i en innarbeidet skrivemåte av et fremmedord, vil det ofte være rimelig at den opprinnelige skrivemåten blir beholdt som valgfri form.»

Finn-Erik Vinje har i *Dagbladet* 10.12.95 uttrykt skepsis: «Jeg er heller ikke glad for de valgfrie formene – at man skal kunne velge mellom den engelske formen og en ny, fornorsket form. Mener man dette alvorlig, bør det være en obligatorisk form, sier Vinje.»

